



VITENSKAPELIG
HØYSKOLE
Norwegian School of
Theology, Religion and Society

Kor er Torgama?

Ein resepsjonshistorisk analyse av Genesis 10

Eirik Baug Barsnes

Rettleiar

Førsteamanuensis i Fororientens språk og litteratur Matthew Phillip Monger

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn,

AVH5065: Masteroppgåve i teologi (30 ECTS), Vår 2023

Tal på ord: 28058



Forord

Eg vil takka rettleiaren min Matthew Phillip Monger, på det sterkaste, for ein god oppfølging. Denne oppgåva har hatt sine utfordringar men du har vore kjapp å komme med grundige og gjennomgatte svar, og har generelt møtt meg med optimisme og entusiasme. Om ikkje det var for at du har vore tilgjengeleg på seine kveldar, tidelege morgonar og helger, hadde eg truleg ikkje kome i mål.

Eg vil òg takke mine kollegaer som har vore veldig støttande og vist stor forståing, og teke tid til rådføring og korrekturhjelp.

Til slutt vil eg takke kona mi som har vore uvurderleg i denne prosessen. Takk for all den omfattande hjelpa med korrekturlesing, og ikkje minst for all støtta og kjærleiken. Eg hadde ikkje klart det utan.

Samandrag

Målet for avhandlinga er å utføre ein resepsjonshistorisk analyse av nokre tidlege resepsjonar av Genesis 10, altso Noa sine søner sin *tolledot*. I oppgåva lener eg meg på eit vidt utval av moderne kommentarlitteratur, samt eit utval resepsjonar. I avhandlinga ser eg på Gen 10 i Septuaginta, Josefus sitt verk "*Jewish Antiquities*", Targum Neofiti og Targum Pseudo-Jonatan.

For analysen nyttar eg Brennan Breed sin metode for resepsjonshistorisk analyse, som han gjer greie for i boka "*Nomadic Text, a theory of biblical reception history*." Breed opnar ein romslegare og meir dynamisk oppfatning av ein bibelsk tekst, samt av resepsjonshistorie som eit fagfelt. Avhandlinga ynskjer å vere eit døme på ei analyse etter denne metoden, samt å understreke nokre problem med ein meir tradisjonell historisk-kritisk tilnærming.

I avhandlinga gjer eg greie for dei ulike resepsjonane sitt vesen og kontekst, samt kva som pregar deira attgjeving av Gen 10. Eg brukar dette saman med det eg finn frå moderne kommentarlitteratur, til å teikne opp eit avgrensa forslag til teksten sin virtuelle kapasitet eller meiningspotensial, og for å sjå kva som går att i lesinga av denne teksten, og kva som skil dei forskjellige resepsjonane.

På bakgrunn av arbeidet mitt legg eg fram eit forslag til teksten sin kapasitet. Dette viser ein mangslungen måte å forstå og tolke teksten. Eg slår òg fast at det som er sentralt i forståinga av teksten er forståinga av at namna er eponym som viser til stader og folkeslag. Soleis viser eg til ein lang tradisjon med å tolke desse namna og forklare dei i si eiga tid og kontekst, og at det som hovudsakeleg skil resepsjonane er nettopp deira kontekst.

Forkortingar

Ant- Jewish Antiquities, av Flavius Josefus

BHS- Biblia hebraica stuttgartensia

Gen- Genesis/1. Mosebok

GT- Det gamle testamentet

LXX- Septuaginta

mg- margnoter av Neofiti

MT- Masoret-teksten

N- Targum Neofiti

PJ- Targum Pseudo-Jonatan

W&W- Wenham og Westermann

Innholdsliste

1	Innleiing og metode.....	1
1.1	Innleiing.....	1
1.2	Metode.....	3
1.2.1	Resepsjonshistorie.....	3
1.2.2	Breed og original tekst.....	3
1.2.2.1	Kritikk av klassisk tanke om original tekst.....	3
1.2.2.2	Eigne tankar om original tekst og tekstkritikkens mål.....	4
1.2.3	Breed og original kontekst.....	6
1.2.4	Metode for nomadisk resepsjonshistorie.....	8
1.2.4.1	Introduksjon av metode.....	8
1.2.4.2	Døme på nomadisk resepsjonshistorie.....	11
1.2.5	Min bruk av nomadisk resepsjonshistorie.....	12
1.3	Oppgåva sitt oppsett.....	14
2	Diskusjon av historisk-kritiske analyser av Gen 10.....	15
2.1	Datering og kilder.....	15
2.1.1	Datering.....	15
2.1.2	Intensjon.....	19
2.2	Litterær kontekst og struktur.....	21
2.2.1	Kontekst.....	21
2.2.2	Struktur.....	23
2.3	Tolkingar av Folk og Folkeslag i Gen 10.....	23
2.3.1	1.....	24
2.3.2	2-5 Jafets søner.....	24
2.3.3	6-20 Hams søner.....	25

2.3.4	21-31 Sems søner	29
2.4	Konklusjon for analyse	35
3	Resepsjonshistorie	37
3.1	Septuaginta	37
3.1.1	Kort om Septuaginta.....	37
3.1.2	Septuaginta sin attgjeving av Gen 10	39
3.1.2.1	Kva kjem forskjellane av?.....	42
3.1.3	Konklusjon	44
3.2	Josefus	44
3.2.1	Kort om Josefus.....	44
3.2.2	Josefus sin attgjeving av Gen 10	46
3.2.2.1	Kva pregar Josefus sin forståing/lesing av teksten?.....	54
3.2.2.2	Mogeleg intensjon/forståing	57
3.2.3	Konklusjon om Josefus	59
4	Targumane.....	61
4.1	Kort om targumar	61
4.1.1	Targum Neofiti	63
4.1.1.1	Kort om Neofiti.....	63
4.1.1.2	Gen 10 i Neofiti	63
4.1.2	Targum Pseudo-Jonathan	67
4.1.2.1	Kort om Pseudo-Jonathan	67
4.1.2.2	Gen 10 i Pseudo-Jonathan.....	68
4.2	Konklusjon om targumane.....	76
5	Konklusjon	78
5.1	Virtuell kapasitet.....	78
5.2	Gen 10 i dei forskjellige resepsjonane	79
5.3	Oppsummering	81

6	Litteratur.....	82
6.1	Primærkjelder	82
6.2	Andre kjelder	82

1 Innleiing og metode

1.1 Innleiing

I Genesis 10 (Gen 10) møter ein ættelista til Noah sine søner (Heb תולדת בני־נח). Når ein samanliknar teksten i ulike omsetjingar og adaptasjonar frå antikken, kjem det fram mange ulike variantar. Til dømes når ein les den arameiske Targum Neofiti sin attgjeving av Gen 10, so merkar ein at mykje er annleis enn slik det står i Masoret-teksten (MT). Ein kan sjå at somme av namna er forskjellige, til dømes skriv Targum Neofiti קפודקייא (kappadokiarane) medan MT talar om כפתרים (kaftorarane) (Gen 10:14 BHS). Det er òg somme forteljingar som verkar forskjellige. Om ein les den arameiske Targum Pseudo-Jonathan sin attgjeving av Gen 10, får ein høyre om korleis Almodad målte jorda med leidningar og korleis Sjelef vidarekopla vatnet frå elvane, medan dei i MT berre er kjapt nemnt som Joktan sine søner (Gen 10:26 BHS). Desse andre namna og små informasjons tilleggga er små skilnader som ein finn fleire av i desse targumane, men den største skilnaden mellom MT og targumane er truleg at targumane nemnar *landa* som er knytt til dei forskjellige etterkomarane. Medan MT berre nemnar namna på etterkommarane, kjem targumane med forslag til land og folkeslag som er knytt til somme av etterkommarane. Me ser òg hjå Josefus, i hans attgjeving av denne teksten, at det er fokus på å vise dei stadane og folkeslaga som desse etterkommarane var til knyta.¹

Det er ikkje berre desse antikke kjeldene som har eit slikt fokus på landa som er knytt til desse namna. Dette er òg eit fokus for moderne kommentarlitteratur, og det er generelt konsensus om at namna i Gen 10 er eponym som visar til land og folkeslag.² Men sjølv om det er konsensus om at desse namna visar til land og folkeslag, so er det ikkje konsensus om kva land og folkeslag dei vissar til. Targum Neofiti og Targum Pseudo-Jonathan er ikkje 100% samde om kva land som er knytt til dei forskjellige namna, og dei er igjen mindre samde med Josefus sin attgjeving. Som igjen òg er usamde i mykje med moderne kommentarlitteratur.

¹ Josefus Ant. 1:120–139

² Sjå kapittel 2.1.2.

Den moderne kommentarlitteraturen vert skriven for sitt samtidige publikum, av folk som trur dei har komme fram til kva forfattaren har vist til når teksten vart skriven til sitt publikum, som truleg tok forgjeve det å forstå kva forfattaren meina. Slik er det òg med desse antikke kjeldene. Dei òg er skrivne av nokon og til nokon. Dei er skrivne av nokon som kanskje òg, lik våre eksegetar, tenkar at dei veit kvar det er teksten refererer til. Eller kanskje dei har andre motivasjonar, kanskje det er andre grunnar til at dei ynskjer å seie kvar det er teksten refererer til. Uansett har dei hatt noko som dei har ynskja å dele med andre. Truleg er dette deira oppfatningar som, lik teksten som dei kommenterer, står i og er forma av sin eigen kontekst.

Det er då lett å tenke at å lese slike eldre resepsjonar er vekk kasta, grunna at nyare forskning har motbevisa dei. Eller at om ein skulle gjere ei analyse av denne teksten og seier at vi må forstå dette namnet som ein referanse til dette folkeslaget, grunna at Josefus, av ein eller annan grunn gjer det, hadde vore dårleg kjeldekritikk. Men eg meiner at desse tekstane framleis er av interesse. Som eg skreiv tidelegare, so er desse tekstane skrivne av ein grunn, og i ein kontekst. Med å sjå på korleis desse resepsjonane tolkar eldre tekstar, kan vi lære om deira kontekst. Ein kan òg forstå desse resepsjonane som eit steg i ein tekst si utvikling, slik som Brennan W. Breed skisserer i boka si "*Nomadic Text, a theory of biblical reception history*."³ Breed sin forståing av det aktuelle og den virtuelle tolkinga av teksten opnar òg for at slike resepsjonar som somme i dag, etter visse kriterium, vil kalle feil, framleis har den same verdien som andre tekstar.

Det er dette eg ynskjer å sjå på. Eg ynskjer med denne oppgåva å utføre ein resepsjonshistorisk analyse av Genesis 10, for å sjå på korleis denne teksten er brukt og forstått i enkelte kontekstar i antikken. Eg kjem då til å sjå på eit utval av tekstresepsjonar. Med tanke på at det finnast relativt lite resepsjonshistorisk materiale på norsk, reknar eg denne oppgåva for å vere med å fylle det tomrommet av resepsjonshistorisk materiale og arbeid på norsk. Han er òg med å stille spørsmål ved søken etter den sanne forståinga av ein tekst, og det å blindt referere til antikke kjelder, som Josefus, i ein slik søken.

³ Sjå kapittel 1.2.

1.2 Metode

1.2.1 Resepsjonshistorie

Som sagt ynskjer eg å utføre ein resepsjonshistorisk analyse. Det er skrivi ein del om resepsjonshistorie innanfor bibelfag dei siste åra.⁴ Ein av dei mest heilskaplege presentasjonane av metoden finner ein i Brenan Breed sin skildring av "Nomadiske tekster" og resepsjonshistorie i boka "*Nomadic Text, a theory of biblical reception history*." I boka forklarar Breed at han såg behov for å utforme sin metode av to grunnar. Han opplevde den klassiske eksegetiske tredelinga, basert på Paul Ricoeur sin tanke om avskilte verder, der ein reknar tekstkritikk for å vere bak teksten, litterærkritikk for å vere i teksten og resepsjonshistorie for å liggje framfor, som problematisk.⁵ Han visar til fleire grunner for det, men sentralt ligg at dette ikkje anerkjenner bibeltekstane sin kompleksitet, ei heller den historiske realiteten rundt dei. Han ynskja då å finne ein ny måte å forstå resepsjonshistorie på. Den andre grunnen var mangelen på ein tydeleg metode eller teori for resepsjonshistorisk analyse, som Breed opplevde som eit fundamentalt problem innan disiplinen, og hjå dei som praktiserer han. Han visar til Hans-Georg Gadamer og Hans-Robert Jauss, som han ser som opphavsmenn for disiplinen.⁶ Han poengterer at dei ikkje heller visar til noko klår metode eller teori, og at det som dei kjem med er prega av paradoks. Her i det følgjande kapitelet (1.2.2-1.2.4) presenterer eg Breed sin kritikk og metode meir detaljert og konkluderer (1.2.5) ved å gjere greie for min bruk av hans metode i denne oppgåva.

1.2.2 Breed og original tekst

1.2.2.1 Kritikk av klassisk tanke om original tekst

Breed er kritisk til oppfatningar om ein slags original tekst, urtekst eller ein meir autoritativ tekst som skulle vere målet for forskning. Han er òg kritisk til tanken om ein autoritativ periode, der alt i perioden vert å rekne for redaksjon, medan alt etter vert tillegg og korrupsjonar som øydelegg teksten.⁷ Som dette sitatet frå hans kritikk av tekstkritikkar Emanuel Tov visar:

⁴ Lyons & England (2015)

⁵ Breed (2014), S5-7

⁶ Breed (2014), S8

⁷ Breed (2014), S15-51

In order to argue that the Proto-MT is objectively the original text, Tov constructs a paradoxical object of textual criticism, the "final/original" text, that exist only briefly in the moment at which redactors transform into copyists, additions metamorphose in to corruptions, and all previous versions become something less than the true text.⁸

Han argumenterer at slike idear dårleg representerer ein tekst sin komplekse tilbliing, samt den historiske realiteten rundt ein tekst sin bruk.⁹ Han visar til at det aldri har vore berre eit miljø som har haldt ein tekst for autoritativ, men at det alltid har vore forskjellige miljø som nyttar forskjellige tekstar.¹⁰ Han meiner òg at når ein er klar over ein tekst sin tilbliing, korleis han er eit produkt av forskjellige forfattarar og tider, vert det snevert å sette eit punkt der alt før og etter er dårlegare.¹¹ Eller at tekstutviklinga stoppa etter eit tidspunkt:

Of course, the quantity of textual developments decreased in the years after 132CE. Yet Goshen-Gottstein, Talmon, Tov, Dominique Barthèlemy, James Sanders, and many other scholars use this historical development to subtly assume the natural priority of the MT, and moreover of the Tiberian MT, after the divide. At the same time, these scholars seem conveniently to forget that other communities were still using the same text forms found at Qumran.¹²

Breed møter òg påstanden om at ein favorisering av tekstar er nødvendig grunna at alternativet er relativisme. Dette gjer han med å vise at relativisme ikkje er noko problem i seg sjølv, ved å vise at målet er å sjå korleis kvar likeverdige tekst er spesiell i seg sjølv,

Fox's response seems much like that of the proverbial parent who is upset that every child is called special, because that means no child is special at all. What this parent does not imagine is this: children can each be special, yet in very different ways.¹³

1.2.2.2 Eigne tankar om original tekst og tekstkritikkens mål

Breed sjølv meiner at tanken om ein originaltekst eigentleg er ein illusjon som ved spørsmål tydeleg er ulogisk.¹⁴ Han tenkar at heller enn å rangere tekstar etter kva som er nærast ein ikkje-eksisterande urtekst, og å ha ein føretrekt tekst på basis av ein slik rangering, skal ein kategorisere tekstar etter kva som er særlege for dei. Ein skal framleis studere tekstane og deira

⁸ Breed (2014), S22

⁹ Breed (2014), S21

¹⁰ Breed (2014), S44

¹¹ Breed (2014), S42-43

¹² Breed (2014), S44

¹³ Breed (2014), S36

¹⁴ Breed (2014), S12

historie so langt det let seg gjere, men for å identifisere kva som er særeige med den spesifikke teksten, heller enn for å finne verdien av han.¹⁵

Without the concept of a hierarchy of manuscripts, answers to the question "What is the text?" would either be ad hoc (i.e., "Here`s a version of this text, lets read this one"), local (i.e., "Our community reads this version"), or made by means of a specific limited criteria (i.e., "Here is the most literarily coherent, or theologically profound, og aesthetically pleasing version to me").¹⁶

Han etablerer òg eit nyt mål for tekstkritikk, som motsvar til tanken om at tekstkritikken sitt mål på ein eller annan måte handlar om å søkje opphavet:

Textual criticism deals with all forms of a text and analyzes the various representations of the changing biblical text. The text critic would look closely at the extant forms of a given text and still describe relationships of dependence, still date texts, and still attempt to discern where and when particular manuscripts were written. What would disappear is the evaluation of texts in terms of universal worth.¹⁷

Breed understrekar at, sjølv om ein skal sjå tekstane for seg sjølv og ikkje måle dei opp mot andre tekstar, skal ein ikkje sjå tekstane heilt for seg sjølv, som heilt avskilte tekstar. Ei utgåve av Gen 10 må ikkje berre analyserast i lys av seg sjølv og for seg sjølv, då mistar ein jo det at det er ein relasjon mellom desse tekstane, at det er alle desse utgåvene som utgjer Gen 10.¹⁸ Her lenar han seg på historikaren Bernard Cerquiglini og tanken om sokalla "Signs"¹⁹ som Breed hentar frå tekstkritikkar Hans Zeller for.²⁰ Cerquiglini viser til Rolandskvadet,²¹ som er eit mellomalder dikt som vart utvikla over tid gjennom gjentatt munnleg framsyning og som eksisterer i mangfaldige tekst former. Ein må halde desse forskjellige tekstformane for å vere av den same forteljinga, og soleis er forskjellane ein del av identiteten til desse verka. Breed oppsummerar: "*They exist in pluriformity, and to represent them otherwise is to misrepresent them.*"²² Her ifrå tek Breed ideen om tekstar som ein prosess, og soleis konstaterer han at den samaritanske Pentateuken, LXX, Vulgata, Peshitta, Targumane, dei so kalla dotterversjonane,

¹⁵ Breed (2014), S56

¹⁶ Breed (2014), S56

¹⁷ Breed (2014), S55

¹⁸ Breed (2014), S64-65

¹⁹ Eg vil vidare referere til desse som teikn.

²⁰ Breed (2014), S65, 68

²¹ Song of Roland, på engelsk

²² Breed (2014), S66

dei ikkje-justerte tekstane frå Qumran, i tillegg til variantar innan og rund desse gruppene er heilt legitime uttrykk for ein prosess av tekstutvikling.²³

Breed konstaterer vidare at det som bestemmer om noko er eit uttrykk for ein spesifikk tekst, til dømes Gen 10, sidan ein kvar tekst ikkje kan vere rekna for å utgjere Gen 10, er so kalla "Teikn"²⁴. Dette definerer han berre som det som utgjer ein tekst. Desse teikna kan brukast igjen og igjen i forskjellige kontekstar, av forskjellige folk, men er framleis atkjennelege.²⁵ Han understrekar det vidare ved å vise til ordet "hund", på engelsk "dog." Dette ordet kan seiast på mange måtar, med aksentar, på dialekter, men er framleis same ordet, og kan kjennast att som det, so lenge det skiljar seg frå andre ord, og slik er det òg med bibeltekster.

*..... the word "dog" can be thought and recognized despite variations, so long as it is distinct from other words. The text of the book of Proverbs can also be thought and recognized despite variations so long as it is distinct from other texts.*²⁶

1.2.3 Breed og original kontekst

Breed er òg kritisk til den klassiske tanken om ein original kontekst, forfattern sin intensjon og lesar. Han liknar forståinga om original kontekst til eit anker som forankrar teksten slik at ein kan forstå den rett.²⁷ Sjølv føretrekk han å sjå kontekst som ein svikkel i ein katedral som kan vere bygd med eit formål, men gjennom tida kan ein finne nye formål til den.²⁸ Breed har allereie slått fast at han ser bibelske tekster som prosesser, og soleis meiner han at tekster, lik ein svikkel, har potensial til å ha andre meiningar/funksjonar i andre kontekster.

Breed kritiserer den klassiske måten å tenke kontekst på, mykje likt som han kritisera tanken om originalt tekst. Han visar, som sagt, til tekster som ein prosess, at bibelske tekster er komplekse og strekker seg over forskjellige tider, og det at eit tideleg verk har vorte vidarearbeida av andre som igjen har vert i ein anna kontekst, og truleg har forstått verke i sin eigen kontekst og forma det vidare med ein forståing prega, ikkje av verket sin kontekst, men sin eigen kontekst.²⁹ At sjølv i sin opprinelege kontekst vart tekstar forstått behandla på

²³ Breed (2014), S68

²⁴ Breed brukar begrepet "Signs".

²⁵ Breed (2014), S68-69

²⁶ Breed (2014), S71

²⁷ Breed (2014), S75-76

²⁸ Breed (2014), S76-78

²⁹ Breed (2014), S82

forskjellege måtar, nokon brukte ein salme som religiøs praksis medan andre på same tida såg ho som eit studie objekt.³⁰ Og til slutt at det er so og seie umogeleg å finne ein nøyaktig historisk kontekst, og han viser til James Barr som erkjenner dette og seier at ein må innstille seg på å slå fast ein større historisk periode "*Back there and then*" heller enn ein innsnevra spesifikk kontekst.³¹ Dette fører til same problemet som tanken om skisma mellom original tekst og korrupsjon, sidan nokon før dette skiljet då har ein betre tolking enn dei etter, sidan dei før oppheld seg i denne bibelske perioden. Sjølv om me veit at det er mykje materiale før, til dømes, øydelegginga av tempelet, som strir meir med anna bibelsk materiale enn mykje som kom etter.³²

*Barr calls the time of textual "finalization" a "biblical time." Following Ulrich, Tov, and Talmon, this period of "finalization" lasted between 70 CE and 132 CE. How is it that Irenaeus is so clearly something other, more "here and now" than "back there and then," though he himself was born in 130 CE?... Most late Second Temple-era Jews were closer in reading practices and theological presuppositions to Irenaeus than to the much more ancient author(s) of Daniel 2, let alone P or J.*³³

Breed kritiserer tanken om forfattern sin intensjon, blant anna med argumenta over, ved å vise til det historiske faktum at det er fleire forfattarar som står bak ein tekst, men òg at det ikkje var ein kultur for namngjevne autoritære forfattarar bak religiøse skrifter, men heller anonyme forfattarar.³⁴ Han brukar òg meir hermeneutiske argument, med å vise til at ein ikkje har kontroll over eit utsegn og ofte seier ting som ein ikkje er klar over sjølv, og slik er det òg med ein tekst, ein ser ikkje alltid sjølv kva ein seier. Han argumenterer òg for at meining er noko som oppstår gjennom lesing, og at det soleis ikkje er noko ibuande meining i ein tekst og at ein soleis ikkje kan skilje ein forståing over ein annan.³⁵

Til tanken om at opphavelig adressant eller lesar styrer tydinga av ein tekst, kritiserer han ved å vise til at det ikkje er slik at dei originale lesarane, i den same konteksten, hadde den same

³⁰ Breed (2014), S87

³¹ Breed (2014), S90

³² Breed (2014), S91-92

³³ Breed (2014), S90-91

³⁴ Breed (2014), S104

³⁵ Breed (2014), S108

oppfatninga av teksta. Samt at desse lesingane finn stad etter teksten sitt opphav, so kvar skal ein då trekke skiljet mellom opphaveleg og seinare lesing?³⁶

Breed ser det som nødvendig å halde på ei forståing av kontekst som tek høgde for ein tekst si produksjonshistorie, og ein tekst som ein prosess. I lys av hans kritikk må ein slik forståing gå imot tanken om ein opphaveleg tyding av teksten som berre er å finna i teksten sin opprinelege kontekst.

Som følgje av hans behandling av tankane om original tekst og kontekst konstaterer han at det ikkje er legitimt å tala om noko opphaveleg eller primært. Og at det soleis ikkje er legitimt å ha eit skilje mellom kva som høyrer resepsjonshistorie til og kva som høyrer dei andre tekstkritiske disiplinane til:

With respect to methodology, I conclude that reception history is nothing if reception history is understood as studying that which comes after the original.... In the first place, there was the secondary. But everything is reception history if reception history is understood as studying how unoriginal audiences take unoriginal texts and give them unoriginal meanings.³⁷

1.2.4 Metode for nomadisk resepsjonshistorie

1.2.4.1 Introduksjon av metode

Med det som er presentert i kapitel 1.2.1- 1.2.3 i bakgrunn, går Breed til verks med å teikne opp metoden sin for resepsjonshistorie. Han byrjar dette med å seie litt meir om kva ein tekst er, for å få fram kva som er ein resepsjonshistorikar sitt mål. Her lenar han seg mykje på Gilles Deleuze. Det første han hentar frå Deleuze er å ikkje sjå tekstar som objekt men heller objektiler,³⁸ ikkje noko statisk, men noko som er i rørsle og inneheld variasjon.³⁹ Han teiknar so opp tekstar som noko som er definert, ikkje av kva dei er, men av kva dei kan gjere, og slår so fast at tekstar har ein veksande kapasitet, for dei forskjellige måtane dei kan står fram, altso kva dei kan gjere: *“Likewise, particular interpretive meanings are contingent productions of*

³⁶Breed (2014), S110-111

³⁷Breed (2014), S115

³⁸ Engelsk: Object+projectile, norsk: Objekt +projektil

³⁹ Breed (2014), S116

texts, contexts and readers. Texts may reveal suprising capacities when read in particular circumstances.”⁴⁰

Deretter tek han føre seg tre idear henta frå Deleuze. Forskjellen mellom det virtuelle og det faktiske, forholdet mellom problem og løysingar, og topologisk tilnærming til struktur. Med *virtuell* viser han til forskjellige meiningar ein tekst kan ha, medan aktuell er den meininga han i ein situasjon får i det han vert lesen.⁴¹ Det er desse virtuelle meiningane som utgjer kapasiteten. Forskjellige virtuelle meinginar vert aktuelle i forskjellige situasjonar prega av forskjellige faktorar. Breed føreslår det å kartlegge ein tekst sin virtuelle kapasitet som oppgåva for resepsjonshistorisk analyse.⁴²

Tanken om forholdet mellom problem og løysing, tek eit oppgjer med den klassiske tekstkritiske tanken der problemet var: kva er den mest "originale" teksta,⁴³ og løysinga då eit forsøk på å møte dette. Med hjelp av Deleuze har Breed ein forståinga som byggjar på det tidelegare om skilnaden mellom det virtuelle og det aktuelle. Han tenker eit problem som eit felt for undersøking eller eksperimentering.⁴⁴ Han held då fram at dei problema i verkelegheita ofte har fleire løysingar. Problemet i seg sjølv legg føringar for løysingane, men det finst som regel mange løysingar, både som ein kan tenke seg, og slike som ein ikkje klarar å tenke seg.⁴⁵ Her tenkar ein bibelteksten som problemet og lesingar som løysingar til det, sidan problemet endrar seg og løysingane kjem frå nye kontekstar, er det eit uendeleg potensial for løysingar. Breed føreslår igjen det å kartlegge dei forskjellige løysingane til ein tekst som objekt for resepsjonshistorisk analyse.⁴⁶

Det er her tanken som topologisk tilnærming til tekst kjem, for å verne denne tanken frå kritikk om nihilisme. Dette går ut på ideen om at ein kan vri og vende på noko utan at det sluttar å vere seg sjølv.⁴⁷ Om ein endrar nokk på det vert det øydelagt, men det kan strekkjast og formast ein del utan å verte øydelagt. Heller enn å spørje om ein kommentator har forstått teksten rett, kan

⁴⁰ Breed (2014), S117-118

⁴¹ Breed (2014), S199-123

⁴² Breed (2014), S140-141

⁴³ For meir om Breed sitt syn på "original tekst" sjå kapitel 1.2.2.

⁴⁴ Breed (2014), S125

⁴⁵ Breed (2014), S126-127

⁴⁶ Breed (2014), S126-127

⁴⁷ Breed (2014), S127-128

ein spørje korleis ein kan strekke og folde teksta for å lese ho på ein annan måte utan å øydelegge forma. Og med kontekst kan ein, heller enn å spørje kva den korrekte konteksta å lese teksta i er, kan ein spørje korleis ein spesifikk kontekst omformar teksta.⁴⁸

Med desse ideane på plass tek han føre seg metoden for resepsjonshistorisk analyse. Her legger han fram ein firedelt prosess. Tekst, lesing, transmutasjonar og innflytelse.⁴⁹ Tekst går ut på, som Breed har gjennom mykje av argumentasjonen hans, vist til at resepsjonshistorie burde følgje produksjonen og utviklinga av bibelteksten, gjennom bruk av tekstkritikk. Lesing går på at han burde følgje produksjonen og utviklinga av lesing og anna bruk av den bibelske teksten.⁵⁰ Han peikar ut at omsetjingar har ein mellomposisjon mellom tekst og lesing, sidan dei frå teksten sitt standpunkt er ein lesing, men frå lesaren sit standpunkt kan ein omsetjing representere kjeldeteksten.⁵¹ Breed grunnfestar òg viktigheita ved å sjå på produksjon og utvikling av ein tekst i det at særtekkja ved dei forskjellige manuskripta er med styre den virtuelle kapasiteten. Ved å sjå på dei forskjellige manuskripta og deira utforming, kan ein lettare sjå korleis tekstar har produsert dei forskjellige lesingane.⁵²

Ideen om transmutasjon hentar Breed frå Roman Jakobsen sin inndeling av omsetjingar inn i tre kategoriar. Den første er å gje att ein tekst på det same språket som teksten, dette vil vere ein lesing eller ein kommentar. Den andre kategorien går på å forstå ein tekst på eit språk med å overføre han til eit anna. Dette er frå eit teiknsystem til eit anna i same klasse. Den tredje kategorien er intersemantisk transmutasjon,⁵³ som går på at ein tekst vert forstått eller omsett til eit anna medium enn språk. Til dømes musikk eller kunst basert på ein bibeltekst. Breed er tydeleg på at det ikkje er noko forskjell i prioritet mellom desse, trass i at lesingar er meir tekstnære enn transmutasjonar. Han argumenterer òg for at begge er relevante og interessante for resepsjonshistorie.⁵⁴

I den siste delen av den firedelte prosessen talar Breed lite om innflytelse i seg sjølv. Men han visar for så vidt til interessa for den påverking bibeltekstar har på andre områder når han

⁴⁸ Breed (2014), S130

⁴⁹ Breed (2014), S132

⁵⁰ Breed (2014), S137

⁵¹ Breed (2014), S134

⁵² Breed (2014), S137

⁵³ Engelsk "intersemiotic transmutation"

⁵⁴ Breed (2014), S133-135

diskuterer transmutasjonar. Han fokuserer heller på ikkje-semantisk innflytelse. Dette omfattar den verdi eller betydning som ein fysisk tekst, eller bibel har for folk.⁵⁵ Breed understrekar at denne innflytelsen òg er reel og interessant, og ein del av ein tekst sin virtuelle kapasitet.

Soleis definerer Breed oppgåva til resepsjonshistorie å kartlegge ein tekst sin kapasitet, ved å sjå på kva tendensar som går att i lesingane:

*My particular construction of reception history focuses on the development of the text and its productive capacities. The task of the reception historian is thus to produce a history of this development.*⁵⁶

1.2.4.2 Døme på nomadisk resepsjonshistorie

Til slutt understrekar han viktigheita av ikkje å kategorisere tekstar/lesingar basert på kva dei er, altså ikkje seie at sidan dette er ein semittisk mellomalder lesing, so setter eg han med andre slike lesingar. Men heller analysere han og sjå kva som faktisk er særlege for denne lesinga, kva virtuell meining han aktualiserer, og so sette han med andre lesingar eller tekstar som gjer det same eller noko liknande.⁵⁷

Soleis vert Breed sin "enkle" bestilling:

*In short, the biblical reception historian asks what a text can do. Here is the mandate: demonstrate the diversity of capacities, organize them according to the immanent potentialities actualized by various individuals and communities over time, and rewrite our understanding of the biblical text.*⁵⁸

Etter å ha slått fast målet for resepsjonshistorisk analyse, avsluttar Breed boka si med sjølv å analysere Job 19:25-27, som døme på ein nomadisk resepsjonshistorisk analyse. Han byrjar analysen med å slå fast teksten sin første kontekst.⁵⁹ Breed har tidelegare vert særskild kritisk mot tanken om ein første tekst eller kontekst som då har noko privilegert stilling over andre tekstar og kontekstar. Han understrekar her at han ikkje gjer dette for å finne noko "betre" lesing av teksta, men av den grunn at han skal kartlegge teksten sin meiningshistorie, og at det då gjev meining å byrje på starten.⁶⁰ Han forsøker so og tidfeste teksta, for so å sjå på måtar å lese

⁵⁵ Breed (2014), S136

⁵⁶ Breed (2014), S140

⁵⁷ Breed (2014), S141

⁵⁸ Breed (2014), S141

⁵⁹ Breed (2014), S144-148

⁶⁰ Breed (2014), S144

teksten i sin kontekst. Breed peiker ut at han ikkje har tilgang på nokre kjelder frå den første konteksten, og må derfor lene seg på forskarar som forsøkar å lese teksta i den første konteksten.⁶¹ Han understrekar at dette ikkje er ideelt, sidan dette ikkje er antikke lesingar, men i realiteten er moderne lesingar som latar som dei er antikke, at dei er arkaistiske, ikkje arkaiske. Men at det er det beste vi har. Han deler desse lesingane inn i tre semantiske noder, som representerer teksten sin kapasitet i sin første kontekst. Desse vert viktige i å styre teksten sitt vidare potensiale:

*"In other words, i have analyzed some of the text`s structural potentials that allow for the production of different, yet equally justifiable readings."*⁶²

Vidare utforskar han desse tre nodane ved å sjå på forskjellige resepsjonar som finn stad innan for dei. Døme på resepsjonar er omsetjingar, liturgi, brev, diskusjonar, bøker, fysiske monument og gravsteinar osv. Han ser òg på resepsjonar frå fleire forskjellige religiøse og teologiske ståstadar.⁶³

1.2.5 Min bruk av nomadisk resepsjonshistorie

Som sagt er det denne metoden som Breed teiknar opp og nytta som eg sjølv tenkar å nytte, men mi analyse kjem til å verte gjort noko annleis. Grunna oppgåva sitt omfang kjem eg ikkje til å gjere ei so fullstendig analyse av Gen 10 at eg kan til ein slik grad kategorisere teksta sin fullstendige meiningskapasitet. Eg kjem ikkje til å gjere meg so fortruleg med dei forskjellige formane av teksta at eg med noko grad av sikkerheit vil utale meg om dei om meiningspotensialet. Eg har gjort, slik som eg introduserte tidelegare, eit utval av tekstutgåver som eg kjem til å analysere. Heller enn å gå rett til kategoriseringa av Gen 10 sin kapasitet, vil kvar einskild utgåve av Gen 10 utgjere ein større del av oppgåva enn det dei gjer hjå Breed, som snakkar meir om dei semantiske nodane basert på eit større omfang lesingar enn det eg presenterer.

Eg innleiar òg oppgåva med ein form for historisk-kritisk analyse slik som Breed gjer. Men eg kjem ikkje til å komme med noko forsøk på sjølv å tidfesta teksta, ei heller eit personleg forslag på teksten sitt opphav. Eg ynskjer heller å late eksegetane brukt i den historiske kritiske

⁶¹ Breed (2014), S144-145

⁶² Breed (2014), S162

⁶³ Breed (2014), S164-200

analysen, til ein viss grad stå som ein "arkeistisk" lesing slik som Breed gjer, men òg som ein resepsjon i seg sjølv, ein eller fleire moderne resepsjonar som kan samanliknast med dei eldre, som likeverdige utgåver av Gen 10. Eg tenker òg at det å stille dei forskjellige "moderne" eksegetiske lesingane fram, ikkje for sjølv å trekkje noko slutningar basert på dei, men for å stille dei fram som dømer på lesing, kan få fram at vi ikkje veit noko sikkert i dag heller. Trass i at dei siste hundre åra har brakt ein enorm framgang innan bibelfageleg arbeid, so er ikkje desse eksegetane einige, dei er samde om mykje, men ikkje alt. Det kjem framleis ut nye kommentarar som prøvar å seie kva som verkeleg ligg bak Gen 10. Og soleis må me innsjå at desse nye kommentarane berre er forsøk, akkurat slik som Josefus meir enn 2000 år tidelegare.

I den historisk-kritiske analysen brukar eg alt frå John Skinner frå 1910 Til David Carr sin kommentar på Genesis frå 2021. I ein tekstkritisk oppgåve ville dette spriket i kjelder, spesielt bruken av eldre kjelder, vore ei svakheit. Men sidan dette er ei resepsjonshistorisk analyse der eg ynskjer å få fram mangfaldet i forståingar, tenker eg at det er på sin plass å bruke desse. Eg tenkar at dette kan få fram ei større vidde i lesingane og få fram endringar i oppfatning over dei siste hundre åra, om det er skilnader å finne der. Soleis, trass i at dei forskjellige eksegetane ikkje vert tydeleg introdusert kvar for seg, men vert heller kjapt introdusert der det er relevant i den historisk-kritiske analysen, vert dette ei styrke for oppgåva. I den historisk-kritiske analysen nyttar eg meg mest av Claus Westermann og Gordon J. Wenham. Westermann sin Genesis kommentar har vore eit sentralt verk som eksegetar framleis lener seg på, samt at både Westermann og Wenham går veldig ordentleg og nøye gjennom Gen 10 og forsøker og plassere alle namna, medan mange andre berre kjem med generelle geografiske plasseringar for dei forskjellige gruppene. Denne nøye gjennomgangen liknar meir på dei andre resepsjonane eg skal sjå på, og er soleis eit betre samanlikningsgrunnlag for å få fram skilnadane i forståing av Gen 10.

Eg har valt ut fire ulike antikke resepsjonar av Gen 10 som hovuddelen av denne analysen. Eg kjem til å sjå på to greske tekster: Gen 10 i den greske omsetjinga Septuiginta (LXX) og Josefus *Ἰουδαϊκὴ ἀρχαιολογία*, oftast kjent ved sitt engelske namn *Antiquities of the Jews*, og to arameiske tekster: Targum Neofiti og Targum Pseudo-Jonathan.

Desse eldre og nyare resepsjonane vil gje eit grunnlag til å kunne seie noko om kapasiteten til Gen 10. Dette vil då verte mitt endepunkt, å sjå på dei forskjellige forståingane, kva som er

særeige og kva som går att og liknar andre forståingar, for so å sjå kva dei forskjellige kontekstane gjer med teksten sin kapasitet, kva forskjellige svar dei forskjellige kontekstane kan gje til teksten sitt spørsmål, for so å teikne opp nokre semantiske nodar for Gen 10.

1.3 Oppgåva sitt oppsett

Kapittel to vil som sagt vere ein gjennomgang av historisk-kritiske analyser av Gen 10, der eg legger fram forskjellige forslag som andre har lagt frem for teksten sin kontekst. Her vil eg byrja med å sjå på forslag til tidfesting og teksten sin intensjon, på form, innhald og bibelskrepsjonshistorie. På bakgrunn av arbeidet med tekstens innhald vil eg lage ein tabell over Westermann og Wenham sin plassering av etterkommarane sine land. Her vil eg nemne merknader som er av relevans for tidfesting eller kva grad av sikkerheit eksegetane har, om dei er usikre. Samt kva grad dei er samde om plasseringa. Denne tabellen vil stå som eit samanliknings grunnlag for dei andre resepsjonane.

I kapitel tre tek eg for meg dei greske resepsjonane eg har valt ut. Eg begynner med ein resepsjonshistorisk analyse av LXX sin utgåve av Gen 10. Deretter vil eg analysere Josefus sin utgåve av teksten, for so å lage ein ny tabell over hans utgåve. I kapittel 4 held eg fram med resepsjonshistorisk analyse, og ser på dei to targumane. I alle dei resepsjonshistoriske analysane vil eg først introdusere tekstane og deira kontekst før so å sjå på og gjere greie for innhaldet i dei og for å drøfte kva som er særeige for dei. Deretter prøver eg å sjå kva forståing dette gjev uttrykk for, gjerne ved hjelp av det vi veit om kontekst og om forfattar/tekstform.

Deretter konkluderer eg oppgåva i kapittel 5, ved å sjå på det eg har funne i oppgåva, og å teikna opp noko av Gen 10 sin kapasitet, på bakgrunn av dei lesingane som eg har sett på.

2 Diskusjon av historisk-kritiske analyser av Gen 10

I dette kapitelet kjem eg til å leggje fram ulike historisk-kritiske analyser av Gen 10. Målet med kapitelet er ikkje å gje ei fullstendig historisk analyse, men heller å illustrere korleis moderne bibelforskarar har sett på teksten i Gen 10 og forsøkt å tolke den. Eg legg hovudvekt her på ulike diskusjonar av datering og kjelder (2.1), litterær kontekst og struktur (2.2), samt måten to av dei mest innverknadsrike teksttolkarane (Wenham og Westermann) har forsøkt å kople namna i Gen 10 til antikke folkeslag (2.3). Ved å sjå på den moderne tolkinga av denne teksten vil eg vise to ting: For det første vil eg etablere basisen for å samanlikne teksten i dei seinare resepsjonane som vi skal sjå på i dei neste kapitla. For det andre vil eg vise at moderne teksttolkarar forsøker å gje svar på kva folkeslag teksten *eigentlich* talar om, noko som eg seinare kjem til å vise er akkurat det same som resepsjonane forsøker seg på.

2.1 Datering og kilder

2.1.1 Datering

Bibelforskning har lenge vore prega av dokumenthypotesa, òg kjent som firekjeldhypotesa, om at mosebøkene kan sporast tilbake til fire kjelder, jahwisten, elohisten, prestekjelda og deutrenomisten, J, P, E og D.⁶⁴ Sjølv om denne teorien i liten grad er akseptert av forskarar i dag, har det satt sine spor i det meste av eksegetisk litteratur om mosebøkene. Urforteljinga i byrjinga av Første Mosebok, der vår tekst finn stad, har ofte vert tenkt å stamme frå J og P kjelda, som før var tenkt å kunne reknast for å vere frå høvesvis ni hundretalet og sekshundretalet. Men i nyare tid har det vore meir usemje rundt dette. Somme meiner at urforteljingane i Første Mosebok 1-11, grunna at dei kan verke å ha kjennskap til mesopotamiske forteljingar, truleg er frå eksilsk eller før-eksilsk tid.⁶⁵ Somme meiner òg at det i hovudsak er P kjelda som er ansvarleg for *toledottane* som vi møter i denne delen av boka.⁶⁶ Etersom dei fleste historisk-kritiske analyser av Gen 10 bruker dokumenthypotesa som utgangspunkt for deira kommentarar, tek eg med desse nemningane i diskusjonane her. Det

⁶⁴ Teorien er mest kjent i den formen som Julius Wellhausen formulerte på slutten av 1800-tallet: Wellhausen, Julius. *Prolegomena to the History of Israel*. Project Gutenberg.

⁶⁵ Collins (2014), S32-40

⁶⁶ Collins (2014), S41

betyr likevel ikkje at eg går inn for ein slik forståing av teksten, men bruker det heller for å navigere kommentarlitteraturen.

Når det gjelder vår tekst, Gen 10, er det fleire forskarar som forstår denne teksten som utarbeida både av J og P kjelda. Ofte forstår ein då ei inndeling der P står for introduksjonen og konklusjonen, samt formelen som strukturerer kapittelet, med innleiinga og avsluttinga av kvar del. Medan J står for digresjonane om Nimrod (8-12), Canaan (15-19) og Eber (25-30).⁶⁷ Skinner forstår dette som ein samanskriving av to eksisterande lister, der lista frå P er meir omfattande, og er brukt som basen for denne teksten. Han meiner at begge desse tekstane truleg hadde ein tredelt inndeling, og rekkefølga på ættene truleg var den same. Han daterer P-lista til åttehundretalet på bakgrunn av dei folkeslaga som er og som ikkje er nemnte, blant anna at arabiske folkeslag ikkje er nemnte. Han meiner at J-lista ikkje let seg daterast like lett, men grunna stoffet om Nimrod, vil han seie at teksten truleg er seinare enn den kassitiske overtakinga av Babylon i 1595 f.Kr. Skinner peiker ut at grunnlaget for inndelinga vert problematisk, etter som at lingvistisk og etnisk inndeling vert feil. Han meiner at det truleg var geografi som var lagt til grunn for P, og politisk historie for J.⁶⁸

Ein som til ein viss grad baserer seg på denne problematikken er Bustenay Oded. Han argumenterer for at vår versjon av teksten må vere ein redaksjon grunna at teksten slik han står ikkje representerer noko kjent historisk verkelegheit, og at kriteria for inndeling ikkje verkar gjennomgåande og gjev lite mening.⁶⁹ Han meiner at den forma av teksten som me finn i Gen 10, truleg ikkje vart til tidelegare enn 800-talet f.Kr.⁷⁰ Men han meiner at det finst ein eldre opphavleg form av teksten som er meir samstemt.⁷¹ Han meiner me kan lære om denne ved sjå på Gen 4 og andre generelle trekk ved Genesis. Han legg vekt på likskapane mellom denne teksten og Gen 4 basert på den tredelte strukturen.⁷² Han visar frå dette korleis den originale teksten sin tredeling truleg var basert på sosiokulturelle skilnader, slik som Gen 4 sin inndeling

⁶⁷ Wenham (1987), S214-15

⁶⁸ Skinner (1969), S187-195

⁶⁹ Oded (1986), S14-15

⁷⁰ Oded (1986), S16

⁷¹ Oded (1986), S16

⁷² Oded (1986), S17-19

er basert på yrke. Noah sine søner og deira etterkommarar er heilt spesifikt delt inn i kyst- og øyfolk/sjøfararar, dei som bur i byar og urbane strøk, og nomadar.⁷³

Gordon J. Wenham er einig i at teksten består av materiale frå P og J, han er òg samd i at det er P som utgjer det meste av materialet, men han tenkar ikkje at dette berre er to lister som er samskrivne. Han meiner at grunna at J tilsynelatande ikkje har noko materiale om Jafet si ætt og eit avkorta materiale om Ham si ætt, so vert det feil å seie at vi har ein P- og J-liste. Han meiner heller at vi har P, som vert redigert, og supplementært av J, som har tilgang til nokre andre kjelder.⁷⁴

Wenham meiner at teksten sine referansar til so mange land og folkeslag både nært og fjernt, visar at forfattaren må ha vore kunnskapsrik. Han visar til oppfatninga om at teksten kan vere skriven av nokon knytt til eit kongeleg hoff, potensielt i Egypt i det 14.århundre, etter slik som Donald J. Wiseman meiner, eller i Jerusalem i det tiande eller 7.århundre, slik Westermann meiner.⁷⁵

Ein som reknar teksten for å vere langt yngre er Russel Gmirkin. Han meiner at denne teksten er eit uttrykk for ein hellenistisk sjanger som har som formål å forklare notida og verda, gjennom mytiske forteljingar. I denne sjangeren er genealogiar vanlege. Soleis meiner han at denne teksten sitt formål var å forklare opphavet til samtidas politiske verd. Han meiner at forfattarane av dei 11 første kapitela av Genesis var sterkt prega av hellenistisk litteratur og forsøka å konkurrere med den. Gmirkin visar òg til at tredelinga i teksten kan minne om inndelinga av riket til Aleksander den store der Shem visar til Selevkideriket og Ham til Ptolemeerdynastiet, medan Jafet er ein meir sjølvstendig gruppe land.⁷⁶

Ein som er ueinig med både Gmirkin og Wenham er David Carr. Han meiner i motsetnad til Wenham, at gen 10 ikkje er eit resultat av at P vert supplementært og redigert av J, men meiner at det i teksten er bevart to sjølvstendige kjelder, ein P og ein komplisert samansetnad av ikkje-P kjelder.⁷⁷ Han argumenterer for dette utifrå at teksten slik han står inneheld for mange små

⁷³ Oded (1986), S30

⁷⁴ Wenham (1987), S214-15

⁷⁵ Wenham (1987), S214

⁷⁶ Gmirkin (2006), S135-146

⁷⁷ Sjø Carr, «Genesis 1-11», S297 for ein kronologisk oversikt over dei fire stadia/kjeldene som utgjer Gen 10.

konfliktar til at det kan vere eit resultat av ein fullstendig liste som har blitt supplementært og revidert av ein skribent, men meiner at det truleg heller er ein samanblanding av to sjølvstendige lister av nokon som har hatt eit ynskje om å bevare to kjelder.⁷⁸ Han reknar òg desse kjedene for å vere eldre enn det Gmirkin gjer.⁷⁹

Carr delar Gen 10 si utvikling in i fire delar. Den tidelgaste er den tidelege ikkje-P-urhistoria.⁸⁰ Gen 10:15 og 10:21 frå vår tekst høyrer til her. Carr har vanskeleg med å datere denne teksten, men reknar han for å vere frå tideleg nyassyrisk tid eller tidelegare. Den andre delen held Carr for å vere ein utviding av denne urhistoria, då primært med materiale om storflaumen og forteljinga om Babel. På bakgrunn av kva historisk tid forteljinga om Babel truleg avspeglar, og denne revisjonen sin tilknytning til patriarktida, daterer Carr han til midten av det 7.århundre, i sein nyassyrisk tid.⁸¹ Deretter kjem P-urhistoria. I boka "*The formation of Genesis 1-11*" visar Carr til ei P toledotbok basert på sumeriske kongelister, som var basisen for ein seinare forlenging. Det er denne forlenginga som utgjer P-lista i Gen 10. På bakgrunn av likskapar til profetiske bøker, samt andre tematikkar som ein finn i P-urhistoria, daterer Carr den til under det babylonske eksilet. Det siste steget i utviklinga av urhistoria og soleis Gen 10 er i følgje Carr, samanblandinga av P og ikkje-P. Utifrå at P-materialet tilsynelatande har vore bevart i større grad, kan det tenkast at det er gjort av nokon i preste-tradisjonen. Men uansett har Carr vanskeleg med å datere dette, grunna at det her er gjort få tillegg, og dei få som er gjort forsøker å etterlikne stilen til det materialet som dei utarbeidar. Carr skriv at det einaste argumentet han finner for å datere er moglegheita for at materialet om Joktan i 10:26-29a har sitt opphav i nabataesiske stammar, noko som kan peike på at desse og andre relaterte tillegg stammar frå den andre tempel perioden.⁸²

Det er altså mange forskjellige oppfatningar av kor gamal denne teksten er. Som sagt, kjem eg ikkje til å favorisere noko oppfatning, ei heller leggje noko vekt på teksten sin alder. Sidan eg tek føre meg eit avgrensa utval seinare resepsjonar heller enn ein meir omfattande analyse har eg ikkje noko behov for å finne eit start punkt for teksten sin utvikling. Men datering er framleis

⁷⁸ Carr (2020), S187-189

⁷⁹ Carr (2020), S256

⁸⁰ Carr nyttar ikkje-P om stoffet som ikkje kan tilreknast P.

⁸¹ Carr (2020), S223-249

⁸² Carr (2020), S251-264

av interesse. For det første var det sentralt for eksegetane som eg her brukar av dei grunnane som eg skriv om i 1.2.5. Men òg for å få fram det meir usikre grunnlaget som tradisjonell bibelfageleg forskning er lagt på. Og korleis ein resepsjonshistorisk analyse kan sjå på det,⁸³ der det er ynskjeleg, men er fri for det, og er ikkje styrt av det, men ser heller på ein tekst uavhengig av alder og tidfesting. Det utgjer òg eit grunnlag for diskusjonen om intensjon og forståing som utgjer den neste delen av analysen.

2.1.2 Intensjon

I min gjennomgang av dateringa har eg rørd ved fleire mogelege intensjonar for verket, og vil her sjå på dei meir systematisk. I og med at verket generelt er tenkt utgjort av fleire kjelder er det vanskeleg å snakke om ein intensjon som noko ein forfattar skal ha hatt, jamfør Breed sine argument om ein tekst sin kompliserte tilbliing, og poeng om ein tekst som ein prosess.⁸⁴ Men i denne delen av oppgåva ser eg på kva moderne eksegetar har tenkt, og listar det opp for å danna eit grunnlag for samanlikning og hjelp med forståing av resepsjonane som eg ser på seinare i oppgåva.

Ein mogeleg intensjon, som er gjeldande for heile urforteljinga, er å finne hjå Gmirkin. Som eg nemnte tidelegare i kapittel 2.1.1 meiner Gmirkin at teksten sin intensjon er å skape eit mytisk opphav til notida sine tilstandar, samt at teksten hadde som intensjon å skrive seg inn i ein kjent samtidig sjanger.⁸⁵

Coats visar til at teksten kan vere meint som ein inndeling og organisering av verda slik ho var. Dette vert mykje det same som Odded tenkte var intensjonen til den "originale" Gen 10. Coats visar òg til at denne teksten visar at alle menneskje har eit felles opphav, og når ein les teksten saman med urforteljinga og alle ættelistene frå dei første menneskja til Noah, so visar denne teksten at det opphavet er Gud.⁸⁶ Westermann støttar òg denne forståinga, og legg vekt på at dette gjer velsigninga og løfta frå skapinga og etter storflaumen gjeldande for alle. Han legg og

⁸³ Jamfør at eit skilje mellom bibelfagelge disiplinar ikkje er legitimt, sjå kapittel 1.2.1 & 1.2.3.

⁸⁴ Sjø kapittel 1.2.2.

⁸⁵ MythVision Podcast 2021

⁸⁶ Coats (1983), S93

vekt på at det knyter alle menneskje i eit slags slekts fellesskap, i ei verd der det var stor forskjell på korleis ein såg og behandle eins egne og andre.⁸⁷

Carr finn og fleire mogelege intensjonar. Til ein viss grad verkar han einig med Coats og Westermann, men understrekar at dette ikkje er eit atterhald om fred mellom folkeslaga, men heller omskrive uroa som ein form for familiekonfliktar. Han ser det òg som mogeleg at det i materialet frå ikkje-P er ein bodskap om innanfor og utanfor. Dette hentar han frå stoffet om Kanaans forbanning og skjebne som slave (Gen 9:25-27). Han tenkar at Gen 10 legg denne forbanninga over på alle Hems etterkommarar, og soleis skapar eit skilje mellom Hem og dei andre brørne, då spesielt Sem som vert stamfar til Israel. Soleis vert dette det motsette av Coats og Westermann, sidan teksten her skapar eit skilje mellom folkeslag. Vidare i dette meiner Carr at dette òg kan vere gjort for å peike fram til dei Kanaanittiske folkeslaga som Abraham erobrar seinare i patriarktida.⁸⁸ Gmirkin vrir på denne forståinga. Heller enn å sjå det som ein referanse til erobringar i patriarktida ser han det som ein referanse til krig mellom selevkidane og potelemeiarane, og eit håp eller ein spådom om at selevkidane sigra.⁸⁹

Carr finn litt meir fredfulle intensjonar hjå P-materialet. Her meiner han at det er ein intensjon som liknar meir den som Coats og Westermann finner. Han meiner at denne teksten for P er oppfyljinga av velsigninga om å verte mange, i Genesis 1. Og at det er ein tilsvarande skildring av mangfalde blant menneska som den me finn om plantar og dyr i Gen 1. Men dei er alle av ein art, men skild i geografi, nasjonalitet og etnisitet.⁹⁰

Når det kjem til den samanblanda teksten, er det vanskeleg å seie om denne forfattaren har hatt andre intensjonar enn dei som ikkje-P og P har hatt. Carr visar til at ikkje-P-materialet svekker det likestilte preget som P har. Han visar til at teksten framleis peikar fram mot forteljingane i patriark tida og at nokre av tillegga gjer at lista tydelegare peikar fram mot Abraham, gjennom fokuset på Eber-sønene. Men Carr understrekar at teksten er samanblanda slik at han no både

⁸⁷ Westermann (1984), S528-530

⁸⁸ Carr (2021), S304-305

⁸⁹ Gmirkin (2006), S166-168

⁹⁰ Carr (2021), S307-309

funkar som ein oppfylling av P-skapinga samt at han har meir fokus på Noah forteljinga og eit tydelegare frampeik til Abrahamforteljinga.⁹¹

Det er altså fleire moglege intensjonar. Men det er ikkje slik at ein utelukkar den andre. Det er somme som ikkje passar godt saman med ein annan, då spesielt Carr sine tankar om P og ikkje-P sine intensjonar. Men skribenten som sette saman teksten har tillat teksten å stå på ein slik måte at begge desse bodskapane er bevart. Som nemnt i kapittel 2.1.1 tenkar Carr at det er mogleg at samskrivaren har stått i ein prestetradisjon, derfor er det tenkeleg at han har ynskja å behalde P-kjelda sin bodskap, samstundes som han ville ha eit verk som passa godt saman med det følgelege materialet i Genesis.

Det viktigaste å få frem er at det verker å være en generell konsensus om at dei fleste av namna i lista med unntak av Sem, Jafet, Ham og Nimrod er eponym. Det er naturleg å tenke at ein slags oversikt, og potensielt organisering, slik som Coats og Oded talar om, var ein hensikt med verket. Og uavhengig om verket er frå hellenistisk tid, so er det framleis eit uttrykk for ein toledot sjanger, og knyter seg opp til forteljinga om storflaumen som Carr og mange andre eksegetar meiner er inspirert av mesopotamisk mytologi, slik som store delar av urforteljinga. Soleis er desse oppfatningane ganske ukontroversielle, og truleg forståingar som alle eksegetane kan akseptere. Men som eg viste ovanfor er det andre forståingar som i større grad utelukkar andre, i alle fall om ein tenkar at ein skal finne fram til ein korrekt forståing. Men Gen 10 er jo, som ein kvar bibelsk tekst, ein komplisert skapning, og det kjem jo fram her i mangfaldet av forståingar, som er ein byrjing i å teikne opp teksten sitt meinings potensial.

2.2 Litterær kontekst og struktur

2.2.1 Kontekst

Det er brei einigheit om at teksten er ei liste, meir presist ei ættetavle. Vidare er det liten tvil om at teksten fungerer som eit bindeledd mellom flaumsforteljinga og Abrahamforteljingane som byrjar i Gen 12. Likevel er det ulike oppfatningar av tydinga av den litterære plasseringa av Gen 10. Eg vil derfor sjå på den konteksten Gen 10 står i, og potensielle kontekstar han kan lesast i. Dette for å danne eit samanliknings grunnlag for å sjå kva bibelsk kontekst

⁹¹ Carr (2021), S309-312

resepsjonane, som eg skal sjå på, les teksten i. Samt at dette er relevant for korleis ein forstår teksten.

Teksten vert introdusert i vers 1 "Dette er slektshistoria til Noahs søner, Sem, Ham og Jafet. Dei fekk søner etter storflaumen." Og vert avrunda i vers 32 "Og dette var slektene etter sønene til Noah, slektshistorie for slektshistorie, folkeslag etter folkeslag. Frå dei har folkeslaga breidd seg ut over jorda etter storflaumen." Teksten kjem rett etter forteljinga om Noah og storflaumen og er å finne i urforteljingane, i den tidelege delen av Første Mosebok som er prega av mytiske forteljingar og ættelister/toledotter før Abraham og fedreforteljingane byrjar. I denne delen av boka finn me to skapingsberetningar, forteljinga om Abel og Kain, forteljinga om Noah og storflaumen og forteljinga om tårnet i Babel. Det kan tenkjast naturleg å sjå denne teksten i samanheng med den føregåande forteljinga om Noah grunna at denne teksten gjev vidare informasjon om karakterar som vart introduserte i teksten før, nemleg Sem, Ham og Jafet. Me ser og det same i kapittel 4 der forteljinga om Kain og Abel er etterfølgt av deira toledot. Men somme meiner heller å sjå teksten knytt til den etterfølgande teksten. Gordon J. Wenham veljar i sin kommentar å plassere teksten saman med Gen 11:1-9. Han meiner at den første store nye overskrifta kjem i 11:10 "Dette er slektshistoria til Sem". Han tenkar at Gen 10:1-32 forteljar om folkeslaga som er spreia utover jord etter syndefloda og som har forskjellige språk, men det er først i 11:1-9 me får høyre om korleis menneskja vart spreia ut og fekk eigne språk. Han visar òg til at det er mange ord som går att i begge tekstane blant anna: ארץ, בנה, פרד, פוץ, og בני. ⁹² Georg Coats plasserer òg teksten saman med det som kjem etter, i ein av hans inndelingar av Pentateuken. Her ser han 10:1-11:32 som spreininga av menneskja, som han delar opp vidare i 10:1-32 og 11:1-32. ⁹³ Som nemnt meiner Bustenay Oded at ein burde lese teksten i samanheng med Første Mosebok 4, grunna at begge desse tekstane har ein tredeling. Det kan tenkjast at ein heller burde sjå teksten i samanheng med Gen 5, sidan denne *toledotten* sluttar akkurat der vår tekst byrjar, med Noah sine søner. Men Coats argumenterer mot dette med å vise at desse to *toledottane* er veldig forskjellige. ⁹⁴

⁹² Wenham (1987) S209-210

⁹³ Coats (1983), S16

⁹⁴ Coats (1983), S90-91

2.2.2 Struktur

Strukturen er òg relevant for korleis ein analyserer innhaldet. Som eg har vore innpå tidelegare, so peikar dei fleste eksegetar ut at teksten har ein tredelt struktur basert på Noah sine tre søner.⁹⁵ Med unntak av avslutninga til Jafet si ætt (10:5) og fororda til Sem (10:21), vert kvar av desse delane innleia og avslutta etter ein formel. "Sønene til x var" og "dette var xs etterkomarar, slekt for slekt og språk for språk, land etter land og folkeslag etter folkeslag". Eit forslag på struktur vert då vers 1 introduksjon, 2-5 Jafet sine etterfølgjarar, 6-20 Ham sine etterfølgjarar, 21-31 Sem sine etterfølgjarar og 32 konklusjon.⁹⁶ Dette er til dels ein grov inndeling og ein kan dele teksten inn vidare i dei forskjellige slektsledda og forteljingane som finn stad i desse delane.

Wenham peikar ut noko interessant med strukturen, nemleg at rekkefølga truleg ikkje er tilfeldig. Han visar til at Jafet sine etterkomarar, kyst- og øyfolka som kjem først, er dei som hadde minst tilknytning til Israel. Dei vert tekne først og kortast. Deretter kjem Ham sine etterkomarar, babylonarar, egyptarar og kanaanittar, viktige nabofolk til israelittane. Og til slutt kjem Sem sine etterkomarar, som Israel sine forferde stammar frå. Wenham visar til at denne typen inndelingar, som endar i den mest relevante linja, går att andre stader i Genesis.⁹⁷ Videre legger Gmirkin vekt på at denne tredelinga reflekterer den hellenistiske verda i etterkant av Aleksander den Store sine eurobringer av verda på 300-talet.

2.3 Tolkingar av Folk og Folkeslag i Gen 10

I denne delen av kapitelet ynskjer eg å gje ein kort gjennomgang av måten to av dei viktigaste historisk-kritiske tolkingane av namna i Gen 10 tek for seg teksten. Det er altså Gordon J. Wenham og Cluas Westermann sine tolkingar eg legg til grunn her. Grunnen til å sjå nærare på deira analyser er at dei forsøker å identifisere kva folk som høyrer til kvar av dei eponyme sønene lista opp i Gen 10, noko vi kjem til å sjå òg er viktig for antikke lesarar. Eg vil gå gjennom teksten frå start til slutt og kommenterer på det som er innhald, men grunna at teksten stort sett er ei liste med namn, vil desse namna utgjere størstedelen av analysen. Eg kjem då ikkje til å gå i detalj på alle namna, men eg kjem til å ta føre meg dei namna der det er usikkerheit, som anten er ukjente eller der Wenham eller Westermann, som eg hovudsakeleg

⁹⁵ Sjå kapittel 2.1.1.

⁹⁶ Wenham (1987), S213

⁹⁷ Wenham (1987), S213-214

lener meg på i denne delen, ikkje er samde om plasseringa. Med dette vil eg få fram den usikkerheita som er her i desse plasseringane, og den diskusjonen som ligg bak. Eg avsluttar kapitelet med ein tabell som viser namna som førekjem i Gen 10 og folkeslaga som Wenham og Westermann knyter dei opp mot i sine analyser.

2.3.1 1

וְאֵלֶּה תּוֹלְדֹת בְּנֵי־נֹחַ שֵׁם חָם וַיְהִי לוֹ לְקָם בְּנֵים אֶתֶר הַמַּבּוּל:⁹⁸

Dette er slektshistoria til Noahs søner, Sem, Ham og Jafet. Dei fekk søner etter storflaumen.

Verset byrjar med ein standard redaksjonell formell som introduserer ein ny del "Dette er slektshistoria til Noahs søner." Dette er den einaste gongen me kan lese om nokon sine søner sin slektshistorie, andre stader er det berre nokon sin slektshistorie. Wenham meiner at dette, samt uttrykket "etter storflaumen" både knyter teksten saman med det føregåande materiellet, i det at det visar til 9:28 om Noah sin levetid etter flaumen, og minar om forteljinga om storflaumen, og det peikar fram til 10:32.

2.3.2 2-5 Jafets søner

בְּנֵי יָפֶת מָגוֹג וּמָדַי וַיִּנְנֹן וְתִבְלֵל וּמִשְׁפָּד וְתִירָס: וּבְנֵי גָמָר אֲשַׁפְנֹז וְרִיפַת וְתַגְרֵמָה: וּבְנֵי יוֹן אֵלִישָׁה וְתַרְשִׁישׁ כְּתִים וְדִדָּנִים:

²Sønene til Jafet var Gomer, Magog, Madai, Javan, Tubal, Mesjek og Tiras. ³Sønene til Gomer var Asjkenas, Rifat og Togarma. ⁴Sønene til Javan var Elisja, Tarsis, Kittim og Rodanim.

Desse versa dekker Jafet sine etterkommarar. Som nemnt tidelegare er dette den kortaste lista, og rekna for å dekke dei folkeslaga som hadde minst kontakt med Israel. Her er Westermann og Wenham samde om det meste, og har forslag til dei fleste namna. Men det er nokre få unntak. Dei begge held Magog for ukjent. Wenham, til dømes, viser til Gog frå Magog (Esek 38:2; 39:6) og føreslår at det er eit fiktivt land danna av Gog og ein orddanningsmem. Dette var ein kjent måte å danne stadsnamn på hebraisk og arameisk, ved å leggje ein "orddanningsmem" til eit ord eller namn.⁹⁹ Elles visar Wenham til usikkerheit rundt Elisja og Kittim, som begge har

⁹⁸ All hebraisk tekst er attgjeve etter BHS.

⁹⁹ Wenham (1987), S216

vore tenkt å vise til Kypros. Han seier at det kan tenkast at Kittim berre visar til ein by på øya, medan Elisja visar til øya. Eller at Elisja visar til ein by på Kreta, medan Kittim er Kypros. Westermann meiner at dei stammar frå to forskjellige kjelder og soleis er to forskjellige namn som visar til Kypros.¹⁰⁰ Westermann og Wenham er òg usikker på Tarsis, som i lang tid har vore assosiert til vest-Spania. Dei stillar spørsmål om den kjente verda strekte seg so langt, og Wenham føreslår at det heller er snakk om Kartago. Til slutt visar Wenham til usikkkerheit rundt Rodanim. Westermann held Rodanim for å vere Rodos, Wenham visar til at Rodanim nokre stader står som Dodanim, og derfor kan assosierast med Danuna eller Dodona.¹⁰¹

5

מֵאַלֶּה נִפְרָדוּ אֵינִי הַגּוֹיִם בְּאַרְצֵתָם אִישׁ לְלִשְׁנֹו לְמִשְׁפְּחָתָם בְּגוֹיֵיהֶם:

⁵ *Frå dei har folkeslaga på fjerne kystar breidd seg ut i sine land, kvart med sitt språk, slekt for slekt, folkeslag etter folkeslag.*

Dette verset avsluttar Jafet si liste og den første delen av ættelista. Dette verset liknar, men skil seg frå avslutninga til Ham og Sem (Gen 10:20;31). Wenham meiner at dette verset er eit frampeik til avslutninga i vers 32 og derfor må vise til Jafet sine søner, medan Westermann meiner at verset visar til Javan sine søner som spreia seg langs kysten.¹⁰²

2.3.3 6-20 Hams søner

6-7

וּבְנֵי חָם פּוּשׁ וּמִצְרַיִם וּפּוּט וּכְנַעַן: וּבְנֵי כּוּשׁ סֶבֶא וְחַוִּילָה וְסַבְתָּה וְרַעְמָה וְסַבְתַּכָּא וּבְנֵי רַעְמָה שָׁבָא וְדִדָּן:

⁶ *Sønene til Ham var Kusj, Misrajim, Put og Kanaan.* ⁷ *Kusj hadde sønene Seba, Havila, Sabta, Rama og Sabteka. Sønene til Rama var Saba og Dedan.*

Denne delen er lengre og meir fullstendig enn delen om Jafet sine etterkommarar, og har ein oppbygging som me finner igjen i lista over Shem sine etterkommarar.¹⁰³ Delen byrjar likt som

¹⁰⁰ Wenham (1987), S218-219

¹⁰¹ Wenham (1987), S219

¹⁰² Wenham (1987), S219

¹⁰³ Sjø Gordon J. Wenham i «Genesis 1-15, vol. 1, Word biblical commentary», S17 for ei oversikt over denne oppbygginga i Ham og Sem sine etterkommarar.

Jafet si liste, med "sønene til X var" (Gen 10:2;6). I motsetnad til Jafet si liste har denne lista i større grad eigne grupperingar av folk. Eit døme på dette er at Wenham visar til at alle Kusj sine søner er i Arabia eller i nærleiken.¹⁰⁴ Her er det fleire namn som Wenham og Westermann er usikre på.

Put, har tradisjonelt vert knytt Libya, men Nahum skil desse landa, somme knyter det til Punt på kysten av Somalia på bakgrunn av språkleg likskap, men lite anna støttar dette. Wenham har lite å seie om plasseringa til Seba, han poengterer at somme truleg har forveksla den med Sheba, og at andre meiner at den burde vere i Arabia. Havila, som er den neste i lista er òg ukjent. Både Westermann og Wenham vil plassere han i Arabia, men har lite å gå på elles. Dei visar til at namnet kan tyde sand land, men at det kan vise til det meste der. Det finst heller ikkje konsensus om Sabteka. Somme liknar det med namnet åt farao Shebtiktu, medan andre visar til at fleire stader i Arabia har namn som liknar namnet i LXX.¹⁰⁵

8-12 Nimrod

וְכוֹשׁ יָלַד אֶת־נִמְרוֹד הוּא הַחַל לְהַזְוֹת גְּבֹר בְּאַרְצוֹ: הוּא־הָיָה גְבֹר־צִיד לְפָנָי יְהוָה עַל־כֵּן יֵאמָר פְּנִמְרוֹד גְּבוֹר צִיד לְפָנָי יְהוָה: וְתַהֲי רֵאשִׁית מַמְלַכְתּוֹ בְּכָל אֲרָצוֹ וְאֶפְד וְכַלְגָּה בְּאַרְצוֹ שִׁנְעָר: מִן־הָאָרֶץ הַהִיא יֵצֵא אֲשׁוּר וַיִּבְנוּ אֶת־נִינְוֹה וְאֶת־רַחֲבֹת עִיר וְאֶת־קָלַח: וְאֶת־רֶסֶן בֵּין נִינְוֹה וּבֵין כַּלַּח הוּא הָעִיר הַגְּדֹלָה:

⁸ *Kusj vart far til Nimrod. Han var den første som vart mektig på jorda.* ⁹ *Han vart ein veldig jeger for Herrens andlet. Difor heiter det: «Som Nimrod, ein veldig jeger for Herrens andlet.»* ¹⁰ *Først omfatta kongedømet hans Babel, Erech, Akkad og Kalne i landet Sinear.* ¹¹ *Frå dette landet drog han til Assur og bygde Ninive, Rehobot-Ir og Kalah* ¹² *og Resen mellom Ninive og Kalah, det er den store byen.*

Versa 8-12 inneheld eit kort narrativ om Nimrod son til Kusj. Nimrod er eit av få namn i Gen 10, som er rekna for ikkje å vere eit eponym. Carr viser til at forteljninga om Nimrod teiknar opp eit bilete av eit klassisk mesopotamisk keisar ideal av den store jeger krigaren som etablerer store assyriske byar. Han nemnar og at det at byen Resen er nemnt kan vere eit stikk til assyrarkongen Sargon 2. som påstod at han hadde bygga byen Dur-Sharrukin frå grunnen av,

¹⁰⁴ Wenham (1987), S221-222

¹⁰⁵ Wenham (1987), S221-222 & Westermann (1984), S510

medan byene Resen rett ved sidan av var oppretta av den legendariske kongen Nimrod. Carr visar òg til at sjølv om namnet kan omsetjast till "vi skal gjere oppgjer"¹⁰⁶ verkar ikkje Nimrod å vere lagt fram i noko dårleg lys, men verkar heller nøytral til positiv, i og med at han var stor framfor Herren, og at han oppretta fleire store byar. Han nemnar òg at denne delen verkar å byggje på ein kjent munnleg tradisjon, jamfør "Difor heiter det" som visar til noko kjent men som me ikkje finn i bibelsk materiale.¹⁰⁷

13-14 Egypts søner

וּמִצְרַיִם יָלְדוּ אֶת־לְוִיִּם וְאֶת־עֵנָנִים וְאֶת־לֵהָבִים וְאֶת־נִפְתָּחִים: וְאֶת־פְּתֹרְסַיִם וְאֶת־כַּסְלִיִּים אֲשֶׁר יֵצְאוּ מִשָּׁם פְּלִשְׁתִּים וְאֶת־כַּפְתָּרִים:

¹³ *Misrajim vart far til ludarane, anamarane, lehabarane, naftuharane, ¹⁴patrusarane og kasluharane, dei som filistrane har kome frå, og kaftorarane.*

Denne delen omfattar Misrajim sine søner. Her og i den resterande delen av Ham si liste finn me fleire folkenamn, i staden for personnamn. Dette er namn som har den typiske -im endinga på hebraisk. Alle Egypt sine søner er nemnt som folkeslag og dei er rekna for å vere egyptiske folk i eller i området rundt Egypt. Dette er med unntak av kaftorarane, som vert rekna for å vere kretarar, som ikkje var egyptarar, men hadde kontakt med Egypt. Dei fleste av desse folkeslaga er ukjente, ludarane, anamarane, naftuharane, og kasluharane. Det er forslag om at naftuharane kan reknast som folk av nedre Egypt.¹⁰⁸

15-19 Kanaans søner

וּבְנֵי יִגְדָּאֵת־צִידֹן בְּכָרוֹ וְאֶת־חֶת: וְאֶת־הַבּוּסִי וְאֶת־הָאֲמֹרִי וְאֶת־הַגְּזָשִׁי: וְאֶת־הַחֲנִי וְאֶת־הָעַרְקִי וְאֶת־הַסִּינִי: וְאֶת־הָאֲרֹנִי וְאֶת־הַצְּמֹרִי וְאֶת־הַחֲמָתִי וְאֶת־נַפְצוֹ מִשְׁפְּחוֹת הַכְּנַעֲנִי

¹⁵ *Kanaan vart far til Sidon, den førstefødde, og til Het, ¹⁶og dessutan til jebusittane, amorittane og girgasjittane, ¹⁷hevittane, arkittane, sinittane, ¹⁸arvadittane, semarittane og hamatittane. Sidan spreidde kanaanearslektene seg vidare utover.*

¹⁰⁶ We will rebel, på engelsk

¹⁰⁷ Carr (2021), S298-300

¹⁰⁸ Wenham (1987), S224, 225 & Westermann (1984), S519

Denne lista byrjar med to personnamn, som igjen er eponyme, deretter kjem folkenamn slik som hjå Misrajim sine etterkommarar. Den første gruppa med folkeslag, frå jebusittane til hevittane er folk som var busett i det lova landet før Israel. Med unntak av girgasjittane verker desse å vere kjente.¹⁰⁹ Carr meiner at dette peikar fram både til Israel sin seinare overtaking av Kanaan i Exodus-Josva og Abraham sin overtaking av dei kanaaneiske byane som kidnappa Lot.¹¹⁰

Deretter følgjer fem fønikiske folkeslag. Desse er òg Kanaan sine etterkommarar, men verkar å vere ein eigen gruppering lik dei føre fire landa var. Av desse er dei fleste kjent med unntak av to. Det er sinittane som truleg visar til byen Siannu, som er rekna for å vere nær Arqa, men me veit ikkje heilt eksakt kvar. So er det semarkittane som truleg visar til byen Sumur, eller Sumra, som er tenkt å vere Sør for Arvad, men me veit heller ikkje heilt konkret kvar.¹¹¹

Vers 19-20

אַלֶּה בְּנֵי־חָם לְמִשְׁפְּחֹתָם : גִּיזָּי גְבוּל הַכְּנַעֲנִי מִצִּידֵן בְּאַכָּה גְרָרָה עַד־עֵזָה בְּאַכָּה סֻדֹּמָה וְעַמֹּרָה וְאַדְמָה וְצַבְיִם עַד־לְשֵׁעַ :
לְלִשְׁוֹנָתָם בְּאַרְצֹתָם בְּגֹיֹתָם :

¹⁹ *Landområdet til kanaanearane strekte seg frå Sidon til Gaza, når ein tek leia bort imot Gerar, og til Lesja, når ein tek leia bort imot Sodoma, Gomorra, Adma og Sebojim. 20 Dette var Hams etterkommarar, slekt for slekt og språk for språk, land etter land og folkeslag etter folkeslag.*

Vers 19 forteljar om dei landa som høyrde til Kanaans etterkommarar. Wenham meiner at dette utgjer ei slags tideleg overblikk over det landet som seinare vert vekk lovd til Abraham, sjølv om det skil seg frå andre overblikk som me finn andre stader. Dette passar med Carr sin forståing av tilleggga om Kanaan sine etterkommarar. Westermann er usamd i dette og meiner at delar av lista ikkje utgjer land som var lova til Abraham.¹¹² Elles poengterer ikkje Wenham noko om avsluttinga av denne delen, anna enn at det liknar formelen brukt for resten av Gen 10, og at me soleis finn oss tilbake til den vanlege ættelista, frå ein liten avstikkar ved Ham.¹¹³

¹⁰⁹ Wenham (1987), S225-226 & Westermann (1984), S520-522

¹¹⁰ Carr (2021), S303

¹¹¹ Wenham (1987), S226 & Westermann (1984), S522-523

¹¹² Wenham (1987), S226-227

¹¹³ Wenham (1987), S227

2.3.4 21-31 Sems søner

Vers 21

וּלְשֵׁם יֶלֶד גַּם־הוּא אָבִי כָּל־בְּנֵי־עֵבֶר אֲחֵי יִפֶּת הַגָּדוֹל:

²¹ *Sem, eldste bror til Jafet, fekk òg born. Han vart stamfar til alle Eber-sønene.*

Denne delen er òg opna og lukka ved den same formelen som me har sett tidelegare i dei andre listene. Denne lista er truleg plassert sist sidan dette er den utvalde slektslinja, og den kjem alltid sist. Ein ting som skil seg frå dei andre listene er stoffet i vers 21. Her står det at "Sem òg fekk born" og at han var far til alle Eber-sønene. Wenham tenkar at tillegget om at Sem òg fekk born er gjort for å vidare skilje denne lista frå dei andre. Det er òg fleire som peiker ut at Eber visar til hebrear og soleis visar dette til at Sem er opphavet til dei hebraiske folkeslaga, og soleis opphavet til det utvalde folket.¹¹⁴

Vers 22

בְּנֵי שֵׁם עֵילָם וְאַשּׁוּר וְאַרְפַּכְשָׁד וְלֹד וְאַרָם:

²² *Sønene til Sem var Elam, Assur, Arpaksjad, Lud og Aram.*

I dette verset får vi høyre om Sems 4 søner. Av desse er Arpaksjad og Lud usikre. Westermann meiner at Arpaksjad visar til Babylon, på bakgrunn av at Babylon må vere nemnt i ein av desse listene, og då truleg i denne. Han visar òg til argumentasjon om at dei siste tre radikalane i Arpaksjad kan stave det hebraiske ordet for Babylon. Wenham meiner at denne argumentasjonen er dårleg. Han meiner at i og med at Babylon er nemnt i 10:10 er det ikkje nødvendig at det vert nemnt ein annan stad i lista. Han visar òg til at namnet Arpaksjad kan vere ein korrupsjon av Arrapa (moderne Kirkuk).

Både Wenham og Westermann visar til at Lud har vorte forstått som Lydia, men at dette ikkje passar inn med resten av Sems søner. Dei begge viser òg til at ein mogleg forståing er at Lud visar til Lubdu i øvre Tigris, men at dette er usikkert.¹¹⁵

¹¹⁴ Wenham (1987), S227-228

¹¹⁵ Wenham (1987), S228 & 230, & Westermann (1985), S512

Vers 23

וּבְנֵי אֲרָם עוֹז וְחַוִּיל וְגִתֵר וּמִשׁ:

²³ *Sønene til Aram var Us, Hul, Geter og Masj.*

Vers 23 omhandlar Aram sine søner. Alle desse er ukjente. Wenham visar til at Us kan vere same staden som Job er frå, men at den staden òg er veldig uviss, samt at den truleg er nærare Edom søraust for Israel, medan ein hadde venta at ein arameisk stamme skulle finne stad nord for Israel. Elles nemnar han at det er to tenkelege stader Masj kan ha vore meint. Fjellet Masius i sør-Mesopotamia og Mu-fjella frå Gilgamesh-forteljinga.

Vers 24-25

וְאַרְפַּכְשָׁד יָלַד אֶת־שֵׁלַח וְשֵׁלַח יָלַד אֶת־עֵבֶר: וְלְעֵבֶר יָלַד שְׁנֵי בָנִים שֵׁם הָאֶחָד פֶּלֶג כִּי בְיָמָיו נִפְלְגָה הָאָרֶץ וְשֵׁם אֶחָיו יֶקְטָן:

²⁴ *Arpaksjad vart far til Sjelah, og Sjelah vart far til Eber.* ²⁵ *Eber fekk to søner. Den eine heitte Peleg, for i hans dagar vart jorda delt opp. Bror hans heitte Joktan.*

Desse versa omfattar ei rekke namn som skil seg frå dei andre. Namna verkar å ikkje vere eponymar. Det er ikkje truleg at alle desse namna visar til faktiske personar, men dei visar truleg ikkje til land eller folkeslag.¹¹⁶ Wenham peikar ut at Sjelah verkar å vere eit usannsynleg namn i at det ofte tydar våpen eller missil. Ein teori er at det kan vise eit kanaanittisk gudsnamn som har vore brukt for ein mann, men dette er òg usikkert.¹¹⁷

Vers 26-30

וַיִּקְטָן יָלַד אֶת־אַלְמוֹדָד וְאֶת־שָׁלָר וְאֶת־חַצְרִמְוֹת וְאֶת־גֵּרָח: וְאֶת־הֹרָם וְאֶת־אוּזָל וְאֶת־דִּקְלָה: וְאֶת־עוֹבָל וְאֶת־אַבִּימָאֵל וְאֶת־שָׁבָא: וְאֶת־אוּפָר וְאֶת־חַוִּילָה וְאֶת־יֹבָב כָּל־אֵלֶּה בְנֵי יֶקְטָן:

²⁶ *Joktan vart far til Almodad, Sjelef, Hasarmavet, Jerah,* ²⁷ *Hadoram, Usal, Dikla,* ²⁸ *Obal, Abimael, Saba,* ²⁹ *Ofir, Havila og Jobab. Alle desse var sønene til Joktan.*

¹¹⁶ Westermann (1985), S526

¹¹⁷ Wenham (1987), S230-231

Desse versa omhandlar Joktan sine søner. Desse verkar å representere land og folkeslag, gjerne arabiske. Her er det somme land som er kjente, men dei fleste er usikre. Almodad, Jerah, Hadoram, Dikla og Abimael er so godt som heilt ukjente. Wenham meiner at Obal kan vise til Ubal, mellom Hodeida og Sanaa, eller til ein Jemensk stamme. Ofir er kjent i bibelsk materiale som ein eksportør av gull. Denne staden har vorte plassert fleire stader mellom sør-Afrika og India, men det er òg truleg at den staden som er vist til her burde vere i sørvest-Arabia. Havila er òg kjent for gull, og er truleg òg i sør-Arabia, men meir veit me ikkje. Og det er eigentleg det same med Jobab, truleg i sør-Arabia, men veldig usikkert.¹¹⁸

Vers 30-32

וַיְהִי מוֹשְׁבָם מִמִּשְׁאָה בְּאַרְצָה סִפְרָה הַר הַקָּדָם: אֵלֶּה בְּנֵי-נֹחַ לְמִשְׁפְּחֹתָם לְלִשְׁנֹתָם בְּאַרְצוֹתָם לְגוֹיֵיהֶם: אֵלֶּה מִשְׁפְּחוֹת בְּנֵי-נֹחַ לְתוֹלְדוֹתָם בְּגוֹיֵיהֶם וּמְאֹלֶּה נִפְרְדוּ הַגּוֹיִם בְּאַרְץ אֲתָר הַמִּבּוּל:

³⁰ Dei hadde bustadene sine frå Mesja bort imot Sefar, i fjella mot aust. ³¹ Dette var Sems etterkomarar, slekt for slekt og språk for språk, land etter land, folkeslag for folkeslag. ³² Og dette var slektene etter sønene til Noah, slektshistorie for slektshistorie, folkeslag etter folkeslag. Frå dei har folkeslaga breidd seg ut over jorda etter storflaumen.

Vers 30 omhandlar Joktan sine søner og definerer territoriet deira, slik som me ser i vers 19. Men dei stadane som er nemnt kan ikkje verte sikkert identifisert. Deretter vert Sem si liste avrunda i vers 31 etter formelen me har sett tidelegare i dei andre listene. Deretter vert heile kapitelet avrunda i vers 32, som eg har nemnt visar denne avrundinga til vers 1 og dannar ein sirkelkomposisjon. Wenham visar til at medan det i vers 1 er nemnt at "Dei fekk søner etter storflaumen" står det i vers 32 "Frå dei har folkeslaga breidd seg ut over jorda etter storflaumen" noko som peikar fram mot Babel forteljinga i neste kapittel.¹¹⁹

Her er ei liste over korleis Wenham og Westermann plasserer namna i Gen 10. Lista består av tre kolonnar: i kolonne 1 er det namn som er henta frå norsk omsetjing basert på MT, i kolonne to har eg tatt med kva folkeslag eller land Wenham og Westermann knyter til namnet, og kolonne tre skriv eg kven av eksegetane som meiner det. Der begge meiner det same skriv eg

¹¹⁸ Wenham (1987), S231-232 & Westermann (1985), S526-528

¹¹⁹ Wenham (1987), S232

begge, der berre ein av dei har eit forslag skriv eg namnet til den, og når dei er usamde skriv eg *usamde*. I slike tilfelle vil eg under den andre kolona ha eit "eller" slik som ein kan sjå ved Elisja, der Westermann er sikker på Kypros, medan Wenham er meir usikker, og viser òg til kypros, men held fram at det òg truleg kan vise til Kreta.

Namn	Folkeslag/land	Kilde
Gomer	Kimeriarar/Skytere, eventuelt busett i Kappadokia	Begge
Magog	Usikker	Begge
Madai	Medere, Medais, nordaust Assyria	Begge
Javan	Jonere, kysten av Tyrkia	Begge
Tubal	Kilikia, i Antolia	Begge
Mesjek	Frygia, i Antolia	Begge
Tiras	Egeiske piratar, etablerte i Italia, truleg opphavelig frå Anatolia	Begge
Asjkenas	Skytarar, eventuelt busett i Media	Begge
Rifat	Paflagonarar, busett mellom Svartehavet og Bithynia	Begge
Togarma	I omerådet mellom øvre Halys og Eufrat	Begge
Elisja	Kypros, eller Kreta	Usamde
Tarsis	Fønikarar, vest-Spania eller Kartago	Usamde
Kittim	Kypros	Begge
Rodanim	Rodos eller Dodanim	Usamde
Kusj	Sør for Egypt, Nubia eller Ethiopia	Usamde

Misrajim	Egypt	Begge
Put	Libya eller Punt ved kysten av Somalia	Begge
Kanaan	Låglandet vest for Jordan, moderne Israel, Lebanon og delar av Syria	Begge
Seba	Meroe, øvre Egypt	Westermann
Havila	Arabia	Begge
Sabta	Hadramaut	Begge
Rama	Ragmah nord Jemen	Begge
Sabteka	Usikker	
Saba	Sabaerne, sørvest Arabia	Begge
Dedan	Al-Alula, 70 mil sørvest for Tema	Begge
Nimrod	Ikkje eponym	Begge
Ludarane	Usikker, truleg nær Egypt	Begge
Anamarane	Usikker	Begge
Lehabarane	Libya, nord Afrika, vest for Egypt	Begge
Naftuharane	Usikker, forslag Nedre Egypt	Begge
Patrusatane	Pathros, Øvre Egypt	Begge
Kasluharane	Usikker	Begge
Kaftorarane	Kreterer, frå Kreta	Begge
Sidon	Sidon mellom Tyre og Beirut, Fønikere	Begge

Het	Hettittar, Palestina under patriarktida	Begge
Jebusittane	Huriske, bosett i området rundt Jerusalem	Begge
Amorittane	Amuru, i fjellkjede i sentral Palestina	Westermann
Girgasjittane	Ukjent	Begge
Hevittane	Hovudsakeleg Nord i Libanon og Syria, eller i sentral Palestina	Usamde
Arkittane	Arqa, 12 mil nordaust for Tripoli	Begge
Sinittane	Siannu, fønikisk kyst by nær Arqa	Begge
Arvadittane	Arvad, moderne Ruad	Begge
Semarkittane	Sumur, Sumra. Nær Arvad	Begge
Hamatittane	Moderne Hama ved elva Orontes	Begge
Elam	Aust for Babylon/Mesopotamia	Begge
Assur	Assyria	Begge
Arpaksjad	Babylon eller Arrapa	Usamd
Lud	Lydia i Antolia eller Lubdu på øvre-Tigris	Begge
Aram	Arameere, Aramu/Aramnaharaim nord for Elam, med bosettingar i Syria	Begge
Us	Ukjent	Begge
Hul	Ukjent	Begge
Geter	Ukjent	Begge
Masj	Kan vere Masius fjellet nord-Mesopotamia, eller Libanon	Wenham

Sjelah	Ukjent, truleg ikkje eponym	Begge
Eber	Ikkje eponym	Begge
Peleg	Ikkje eponym	Begge
Joktan	Ikkje eponym	Begge
Almodad	Ukjent	Begge
Sjelef	Jemensk stamme Salf/Sulf, distrikte Silf	Wenham
Hasarmavet	Distriktet Hadramaut aust for Jemen	Wenham
Jerah	Ukjent	Begge
Hadoram	Ukjent	Begge
Usal	Azal, gamle namnet for Sanaa, i Jemen	Wenham
Dikla	Ukjent	Begge
Obal	Ukjent	Begge
Abimael	Ukjent	Begge
Saba	Ein stamme i sør-Arabia	Begge
Ofir	Sørvest-Arabia	Begge
Havila	Sør-Arabia	Begge
Jobab	Sør-Arabia	Wenham

2.4 Konklusjon for analyse

Diskusjonen her har tent fleire formål. Vi har sett at ei historisk-kritisk lesing av Gen 10 fort fører til at forskarar tolkar namna som eponyme og forsøker å fastslå kva faktiske folkeslag dei

representerer. Dette skapar problem med tolkinga av teksten som heilskap, då det ikkje har vert lett å forstå når dei ulike namna kunne ha vert i bruk og kven som ville ha lista dei opp på denne måten. Det igjen fører til at ein kjem med fleire ulike redaksjonskritiske modeller som forklarar ulike lag i teksten. Når Wenham og Westermann forsøker å forklare alle namna i teksten, er det fleire stader dei er usamde og fleire namn dei ikkje kan tolke. Dette viser noko med problema ved ein tradisjonell historisk-kritisk analyse, med mål om å finne noko «sannare», korleis moderne bibelforskning over nesten hundre år framleis ikkje vil freista seg til å komma med noko sikkert svar. Og soleis viser eg korleis ein vidare forståing av resepsjonshistorisk analyse, henta frå Breed,¹²⁰ ikkje vert offer for desse problema, men i større grad kan sjå eit bibelsk verk for det det er, og betre er i stand til og sjå seg sjølv som eit tentativt prosjekt sidan tekstane som vert analysert jo må seiast å vera tentative.

Men det er ikkje alt eg gjer med denne analysen. Ho står òg som ein tjuvstart på den resepsjonshistoriske analysen. Som eg sa innleiingsvis¹²¹ er dei kommentarane som eg nyttar i analysen over, uttrykk for lesingar og forståingar av teksten, forma av sitt formål som er å forstå teksten og å hjelpe andre å forstå han. Soleis har denne analysen danna eit grunnlag for neste del av oppgåva. Både eit grunnlag basert på kunnskap, men òg med å stå som eit, eller som fleire, døme på ein resepsjon. No har eg sett på korleis ein kan forstå bakgrunnen, formålet, strukturen, konteksten, og innhaldet, og kjem no til å bruke dette som eit samanlikningsgrunnlag for dei andre resepsjonane. Som vi kjem til å sjå, har namna i Gen 10 vært forsøkt tolka og forklart frå dei eldste omsetjingane av Bibelen. I det neste kapitelet kjem eg til å sjå på korleis teksten blir forandra allereie i omsetjinga til gresk.

¹²⁰ Sjå kapittel 1.2.

¹²¹ Sjå kapittel 1.2.5.

3 Resepsjonshistorie

Eg vil ta føre meg dei fire resepsjonane. Eg vil då byrje med dei eldre greske, for so å sjå på dei yngre arameiske. I min gjennomgang vil eg først gjere kjapt greie for tekstene, før eg tek føre meg Gen 10 slik han er brukt i den aktuelle utgåva, og sjå på kva som er særeige hjå den, kva som skil seg frå teksten i MT. Dette er ikkje for å sjå kva grad desse utgåvene skil seg frå MT, men for å finne kva som definerer dei, og etterkvart som eg har sett på fleire utgåver vil eg nytta dei i denne samanlikninga. Eg vil so sjå på kva desse skilnadane eller likskapane gjev uttrykk for, kva dei seier om forståinga av teksten. For å gjere dette vil eg først sjå litt djupare på teksten sin kontekst, og korleis den kan prega teksten. Før eg so, ved hjelp av denne kunnskapen og dei forskjellige forståingane av Gen 10 som eg tok føre meg i det føre kapittelet, tar føre meg denne aktuelle teksten sin forståing av Gen 10.

3.1 Septuaginta

3.1.1 Kort om Septuaginta

Septuaginta er ein omsetjing av GT til gresk, gjort truleg i Alexandria på midten av 3.hundretalet. Denne omsetjinga er basert på ein ukjent form av GT. LXX var brukt av Philo, Josefus, og den tidelge kristne kyrkja som hovudkjelde for skriftene.¹²² Nokon vil kanskje stusse over det å kalle LXX for ein resepsjon og vil snarare bruke omgrep som *omsetjing* eller *versjon*. Eg veljar her å definera det som resepsjon. Det er klart at LXX ikkje representerer ein aktiv tolking i same grad som dei andre resepsjonane som eg skal sjå på, og soleis skil han seg ut i denne oppgåva. I LXX finn me ikkje konkrete forslag på kvar namna i Gen 10 visar til. Men det kan framleis ha ein verdi å sjå etter om det er forskjellar mellom LXX og MT. Blant anna grunna at Josefus truleg har nytta LXX i sitt arbeid. Men òg som følgje av Breed sin oppheving av skilje mellom resepsjonshistorie og tekst-kritikk, der han opnar for ein oppfatning av forskjellige tekstar som forskjellige formar for den same teksten som kan lesast og karakteriserast.¹²³ Uansett er det lurt å sjå på LXX som eit steg i å sjå på andre resepsjonar av teksten, sidan bruken av LXX og andre omsetjingar basert på LXX har vore utbreidd.

¹²² Crawford (2014), S1158

¹²³ Sjå kapittel 1.2.1.

Det er òg tilfellet at det i LXX førekjem ei rekkje ubevisste og bevisste endringar. Soleis er det ein oppfatning om at i LXX kan ein finne teologiske og filosofiske tankar som speglar att omsetjaren og hans miljø.¹²⁴ Grunna dette viser Mogens Müller til oppfatninga av at LXX representerer hellenistisk jødisk resepsjon av dei heilage skriftene.¹²⁵ Men det å skulle lage noko systematisk inndeling av den teologi som er spesielt vektlagt hjå LXX er eit utfordrande prosjekt. For det første, grunna at omsetjinga var ein langstrakt prosess, utført av mange omsetjarar, på forskjellige tider, må ein sjå kvar bok for seg sjølv.¹²⁶ For det andre, Tov viser òg til at det var to forskjellige måtar å omsetje på i ptolemaiske Egypt, det var presise omsetjingar ved handel og juss, og friare omsetjingar av litterære verk. LXX er ein stad i mellom desse ytterpunkta, men forholdet mellom dei to varierar frå bok til bok.¹²⁷

Trass i dette kan ein seie noko generelt om LXX sin teologi. Tov refererer til slike uttrykk for teologi som eksegeese, og snakkar om tre forskjellige typar eksegeese som ein kan finne i LXX. Den første typen er teologisk eksegeese, som kan knytast til skildringar om Gud, hans handlingar, skildringar om messias, Sion, eksilet og andre religiøse kjensler, som er uttrykt gjennom teologisk motiverte val når det kjem til omsetjinga, samt tillegg og fjerning av idear som var støytande.¹²⁸ Nokre tema som gjekk att her er ideen om frelse frå eksilet, stader det ikkje er tematisert av MT, tillegg av religiøs sort til sekulære skildringar, og at ein til tider, ikkje alltid, unngjekk antropomorfe skildringar av Gud.¹²⁹ Den andre typen som Tov tek opp er midrash eksegeese, som omfattar stader som skil seg tydeleg frå MT, og som verkar å samstemme med, eller som i sin natur liknar rabbinske kjelder. Det er feire slike element som tydeleggjer lova frå Pentateuken, og som gjev meir sekulære skildringar i ordtaka eit meir religiøst språk.¹³⁰ Tov er tydeleg på at desse skilnadane i LXX ikkje er like omfattande som dei ein finn i targumar. Den siste typen Tov tek opp er aktualiseringar. Det går ut på at omsetjran prøver å gjere teksten forståeleg ved å nytte ord og omgrep frå dagleg livet i Egypt, samt andre endringar som betre passar hellenistisk periode.¹³¹

¹²⁴ Glenny (2021), S314

¹²⁵ Müller (2021), S106

¹²⁶ Tov (1988) S169

¹²⁷ Tov (1988), S169

¹²⁸ Tov (1988), S176

¹²⁹ Tov (1988), S177

¹³⁰ Tov (1988), S177-178

¹³¹ Tov (1988), S178

Müller listar òg opp fire tendensar som går att i LXX. Det første går på namngjevinga av Gud og omtala av Gud. Korleis omtala av Gud i LXX i større grad opnar for og passar til monoteisme, til den ømheita ein i lesing hadde ovanfor Guds namn, til Gud som meir transendent, og meir universell, mindre Gud for eit folk, meir for alle folk, og mindre kultsentralisering.¹³² Det andre går på bruken av $\nu\mu\omicron\varsigma$ for Tora, og korleis det er brukt meir omfattande enn i MT, og om Guds vilje som noko som omfattar alle perspektiva av liv og tru i hellenistisk jødedom.¹³³ Det tredje går på eit tydelegare messiansk og eskatologisk fokus. Her er Müller tydeleg på at seinare lesing truleg har overdrive denne vinklinga, men det er framleis slik at LXX legg til rette for ein slik forståing der MT ikkje gjer det.¹³⁴ Müller sin siste tendens går på at vi ikkje berre finn teologi i LXX om omarbeida sentrale konsept, men òg som innfeltting av samtidas kultur og filosofi. Som døme visar han til at skapinga i LXX lettare kan lesast med ein platonisk forståing om skapinga av ideen menneske.¹³⁵

3.1.2 Septuaginta sin attgjeving av Gen 10

LXX sin attgjeving av Gen 10 verkar ikkje å skilje seg betydeleg frå MT sin, alt det narrative so vell som dei stadnamna som er nemnd eksplisitt (10-12, 19, 30) verkar å vere like. Dette er med unntak av resen i vers 12, som står som $\eta\eta\eta$ i Bhs, medan LXX skriv $\Delta\alpha\sigma\epsilon\mu$. Men det er ikkje utenkeleg at omsetjarane har lese ein resj som ein dalet.

Mykje verkar likt, men i sjølve *toledotten* er det nokre forskjellar. Med unntak av nokre få namn verkar alle namna i LXX å vere forsøk på å attskape namna som me finn i MT på gresk. Det er ofte forskjell på vokalane men konsonantane er ganske like og ein kan som regel kjenne att namna på dei. Sjølv om mykje er likt er det nokon forskjellar. Ein ting er at både Mesjek og Mesj er omsett med $\mu\omicron\sigma\omicron\chi$, som først verkar noko ulikt. Om ein bytar vokalane til epsilon, vert det litt likare, og ein kan sjå likskapen mellom Mesjek (Gen 10:2) og Mesj (Gen 10:23), men det er framleis ein skilnad. Dette var ein mindre skilnad, men den største skilnaden er at det er tre ekstra namn, samt at eit manglar. Blant Jafet sine søner dukkar Elisja opp (Gen 10:2), han dukkar òg opp som Javan sin son, slik som han gjer i MT (Gen 10:4). Namnet Kainan ($\kappa\alpha\iota\nu\alpha\nu$) dukkar òg opp to gongar, både som Shem sin son (Gen10:22), og som Arpaksjad sin son

¹³² Müller (2021), S109-111

¹³³ Müller (2021), S111-112

¹³⁴ Müller (2021), S112-115

¹³⁵ Müller (2021), S115

(Gen10:24). Og i LXX er det denne siste kainan som er far til Sjelah, som igjen er far til Eber, far til Peleg og Joktan. Eg nemnde òg at det var eit namn som mangla. Dette er Obal, son til Joktan. I LXX har Joktan berre 12 søner, i staden for dei 13 som han har i MT.

I tabellen under har eg teke med namna frå MT i første kolonne, dei norske namna for dei oppgitt i MT i kolonne 2. Navnene fra LXX kjem i tredje kolonne, med translitterasjon av gresken i kolonne 4. Her kjem det fram at det er ein del små forskjellar og nokon store mellom dei to tekstane.

Namn MT		Namn LXX	
גֹמֶר	Gomer	Γαμερ	Gamer
מָגוֹג	Magog	Μαγωγ	Magog
מָדַי	Madai	Μαδαι	Madai
יָוָן	Javan	Ιωσαν	Iouan
		Ελισα	Elisa
תּוּבַל	Tubal	Θοβελ	Thobel
מֶשֶׁךְ	Mesjek	Μοσοχ	Mosoch
תִּירָס	Tiras	Θιρας	Thiras
אַשְׁכְּנַז	Asjkenas	Ασχαναζ	Aschanaz
רִיפַת	Rifat	Ριφαθ	Rifath
תּוֹגַרְמָה	Togarma	Θοργαμα	Thorgama
אֵלִישָׁה	Elisja	Ελισα	Elisja
תַּרְשִׁישׁ	Tarsis	Θαρσις	Tharsis
כִּיֻּתִים	Kittim	Κίτιοι	Kitioi
דְּדָנִים	Dodanim	Ῥόδιοι	Rhodioi
כּוּשׁ	Kusj	Χους	Chous
מִצְרַיִם	Misrajim	Μεσραιμ	Mesraim
פּוּט	Put	Φουδ	Phoud
כְּנַעַן	Kanaan	Χανααν	Chanaan
סְבָא	Seba	Σαβα	Saba
חַוִּילָה	Havila	Ευιλα	Euila
סַבְתָּא	Sabta	Σαβαθα	Sabatha
רֵעָמָה	Rama	Ρεγμα	Regma
סַבְתָּכָה	Sabteka	Σαβακαθα	Sabakatha
שָׁבָא	Saba	Σαβα	Saba
דֶּדָן	Dedan	Δαδαν	Dedan
נִמְרֹד	Nimrod	Νεβρωδ	Nebrod
לֹדִיִּים	Ludarane	Λουδιμ	Loudiim
עֲנַמְתִּים	Anamarane	Ενεμετιμ	Enemetiim
לֵהַבָּרִים	Lehabarane	Λαβιμ	Labiim
נַפְתְּחִים	Naftuharane	Νεφθαλιμ	Nephthaliim
פַּתְרוּסַי	Patrusatane	Πατροσωνιμ	Patrosioniim
כַּסְלוּחַרִים	Kasluharane	Χασλωνιμ	Chaslioniim

כַּפְתָּרִי	Kaftorarane	Καφθοριιμ	Kaphthoriim
צִיֹּן	Sidon	Σιδῶνα	Sidona
חֶת	Het	Χετταῖον	Chettaion
יְבוּסִי	Jebusittane	Ιεβουσαῖον	Iebousaion
אַמֹּרִי	Amorittane	Αμορραῖον	Amorraion
גִּרְגָּשִׁי	Girgasjittane	Γεργεσαῖον	Gergesaion
חֵוִי	Hevittane	Ευαῖον	Euaion
עַרְקִי	Arkittane	Αρουκαῖον	Aroukaion
סִינִי	Sinittane	ΑΣεנναῖον	Asennaion
אַרְוַדִּי	Arvadittane	Ἄραδιον	Aradion
צִמְרִי	Semarkittane	Σαμαραῖον	Samaraion
חַמַּתִּי	Hamatittane	Αμαθι	Amathi
עֵילָם	Elam	Αιλαμ	Ailam
אַשּׁוּר	Assur	Ασσουρ	Assour
אַרְפַּכְשָׁד	Arpaksjad	Αρφαξαδ	Arphaxad
לֹד	Lud	Λουδ	Loud
אַרָם	Aram	Αραμ	Aram
		Καιναν	Kainan
עוֹז	Us	Ως	Os
חֹוּל	Hul	Οουλ	Oul
גֶּתֶר	Geter	Γαθερ	Gather
מַשְׁ	Masj	Μοσοχ	Masoch
שְׁלַח	Sjelah	Σαλα	Sjelah
עֵבֶר	Eber	Εβερ	Eber
פֶּלֶג	Peleg	Φαλεκ	Phalek
יֹקְטָן	Joktan	Ιεκταν	Iektan
אַלְמוֹדָד	Almodad	Ελμωδαδ	Elmodad
שָׁלֵף	Sjelef	Σαλεφ	Saleph
חַסְרָמָוֶת	Hasarmavet	Ασαρμωθ	Asarmoth
יֶרַח	Jerah	Ιαραχ	Iarach
הַדּוֹרָם	Hadoram	Οδορρα	Odorra
אִזֶּל	Usal	Αιζηλ	Aizel
דִּקְלָה	Dikla	Δεκλα	Dekla
עוֹבָל	Obal		
אַבִּימַעַל	Abimael	Αβιμεηλ	Abimeel
שָׁבֵא	Saba	Σαβευ	Sabeu
אוּפִיר	Ofir	Οουφיר	Ouphir
חַוִּילָה	Havila	Ευιλα	Euila
יֹבָב	Jobab	Ιωβαβ	Iobab

3.1.2.1 Kva kjem forskjellane av?

Som sagt er LXX ein nær omsetjing, og derfor liknar Gen 10 i LXX mykje på teksten i MT, det er ikkje noko særleg ekstra stoff.¹³⁶ Dette forklarar den store likskapen mellom dei, men når tekstane er so like ein annan, vert spørsmålet om skilnadane endå meir interessante. For vi ser jo nokre endringar i sjølve lista. Som nemnt i føre avsnitt verkar mykje å stamme frå at namna er transkribert med andre vokalar enn dei som masoretane har skrive inn i MT, og frå andre forskjellar som er naturlege ved ein omsetjing.

John William Wevers viser òg til dette, han peikar ut fleire vanskar med omsetjing, blant anna det å sjå feil på bokstavar, so vell som byte av dentalar, og labialar og velarar, som til dømes med Put (פוט MT) som LXX skriv som Φουδ.¹³⁷ Men Wevers visar òg til andre grunnar for desse små og store forskjellane, som gjer dei meir interessante å sjå på. Han visar til at desse forskjellane kan fortelje oss noko om korleis omsetjarane forstod teksten. Døme på dette er Javan (יָוָן MT) som LXX skriv som Ιωσαν, som truleg er meina å likne Javan, men òg å vise til grekarar i Anatolia, kjent som Ionarar.¹³⁸ Eit anna døme er Rama (רָמָא MT), ρεγμα i LXX, som truleg visar til Ragmat i sør-Arabia. Eller Naftuharane (נַפְתָּחַרַי MT), Νεφθαλιμ i LXX, som er den greske forma for dei av stammen Naftali.¹³⁹ Men det er fåtalet av desse skilnadane me kan tyde, Weaver held dei fleste for ukjent, feil ved omsetjing og forsøk på å likne eit hebraisk namn.¹⁴⁰ Han viser òg til at det kan verke som omsetjaren av og til ikkje har forstått det som teksten tydeleg (for oss i dag) visar til. Eit døme på dette er ved Madai, som er rekna for tydeleg å vise til mederane, som, utifrå forskjellige skrive måtar uttrykt i tradisjon, verkar å ha forvirra omsetjarane, truleg grunna ai-endinga.¹⁴¹

Men som nemnt er jo det at det her er fleire namn ein annan skilnad. Det er vanskeleg å seia kva som har ført til dette, det kan sjølvstakt vere et redaksjonskritisk eller tekstkritisk fenomen, ein feil i omsetjinga eller at kjelda for omsetjinga er i ein spesifikk tradisjon. Eller so kan det jo vere ein aktiv avgjersle som er gjort av ein spesifikk grunn.

¹³⁶ Sjå kapittel 3.1.1.

¹³⁷ Wevers (1993), S130, 131 & 136

¹³⁸ Wevers (1993), S128

¹³⁹ Wevers (1993), S131 & 135

¹⁴⁰ Wevers (1993), S127-145

¹⁴¹ Wevers (1993), S127

Kvifor aleksandrinske jødar og skriftlærde har gjort desse endringane er ikkje let å seie, men det kan tenkast at det er gjort med meining. Når ein legg til tre namn og fjernar eit, so kjem ein opp i 72 namn. Trass i at 70 var vanleg for slike ættelister, og er eit tal som går att er òg 72 eit tal med betydning.¹⁴² Det er fleira tradisjonar innanfor jødisk mystikk som holder dette talet for viktig. Ein har òg myten om LXX sitt opphav skrivet av 70 eller 72 skriftlærde, potensielt 6 frå kvar av dei tolv stammene av Israel.¹⁴³ Det er soleis mogeleg at lista har vore endra for å treffe dette talet som då var å sjå som eit religiøst tal. Det kan då vere ein grunn for at endringane er gjort i Jafet og Sem sine lister. Jafet si liste var jo rekna for mindre viktig enn dei andre to, samstundes reknar eksegetane Sem si liste for å ha færre eponym og fleire faktiske personar, sidan hans ætt er opphavet til Abraham. Soleis kan ein fjerne og legge til namn, utan at ein mistar den inndelinga av verda som moderne eksegetar reknar teksten for å vere. No er det jo ikkje sikkert at omsetjarane forstod teksten slik. Og om endringane er gjort berre for å nå talet 72, gjev det ikkje meining at dei fjerna eit namn. Det gjev heller ikkje meining at dei skreiv namnet Kainan der, Kainan liknar veldig på namnet Kanaan, som vi heller ventar å finne i Ham si liste, og som vi òg finner der, men skrive som *Xαὐναῖν*. No er det to forskjellige skrive måtar og soleis visar det truleg ikkje til det same namnet. Ein kan uansett spørje seg om kvifor det er gjort med to duplikat av namn og ein fjerning av namn. Ein kan òg stille spørsmål om ein gresk omsetjing laga i hellenistisk tid ville sett Jafet si liste som mindre viktig. Dette er sjølv sagt berre om ein tenkar at omsetjarane oppfatta teksten til å vise til ei rekkje greske byar, lik me gjere, noko som ikkje er sjølv sagt, sjølv om dei har bevart utsegna om at Jafet sine etterkommarar spreidde seg langs dei fjerne kystane. Det er òg vert å nemne at talet 72 dukkar opp mykje i seinare jødisk og kristen tradisjon, og soleis må ein spørje om talet 72 står der grunna at det er eit viktig religiøst tal, eller om det er eit viktig religiøst tal grunna at det står der.

Wevers nemnar ikkje noko om lista si totale lengde, men kjem med kommentarar til somme av endringane i lista. Han ser fråværet av Obal som lite meir enn parablepsis, og gjer lite meir enn berre å nemne Elisja i Gen 10:2 og Kainan i Gen 10:22.¹⁴⁴ Men han seier litt om førekomsten av Kainan i Gen 10:24. Han visar til korleis namnet førekjem i Sem si ætteliste i Gen 11:10-26, og korleis tillegget av dette namnet gjer at Abraham vert den tiande generasjonen fødd etter

¹⁴² Sjå kapittel 2.4.

¹⁴³ Tov (1988), S161

¹⁴⁴ Wevers (1993), S127-128, 142 & 144

flaumen, samt at alderen til kvar av dei som kom etter Sem, då dei fekk deira førstefødde, vert 1000 om ein legg det saman.¹⁴⁵ Wevers meiner at dette ikkje kan vere tilfeldig, og dette truleg er grunnen til at Kainan vart lagt inn i Gen 11. Og om han skal vere i Gen 11 må han òg komme på same plassen i Gen 10.¹⁴⁶

3.1.3 Konklusjon

Wevers visar oss at omsetjarane truleg forstod namna som eponym som viste til folk og land, og at dei har prøvd å bevare dette i deira omsetjing. Men det er få av namna der dei tydeleg har gått inn for å få dette fram. I og med at LXX er ein nærliggande omsetjing er det vanskeleg å seie om dei greske namna liknar hebraiske namn for aktivt å bevare referansen til ein stad/eit folk, eller for å vere lik objektet for omsetjinga, eller begge deler. Wevers viser jo òg til at omsetjarane til tider ikkje har vore sikre på kvar dei hebraiske namna viser til.¹⁴⁷ Uansett verkar det tydeleg at omsetjarane hadde ein ide om at desse namna viste til konkrete stadar og folk.

Og om det er slik at desse ekstra namna er lagt til med meining so kan det stamme frå ein forståing om tekstane som mytiske, alla Gmirkin sin forståing.¹⁴⁸ At dei har 72 namn for at teksten skal samstemme med andre tekstar og tankar, anten for å hente autoritet frå dei, vise at dei høyrarar saman, eller for å vere med å danne ein ide om dette talet som noko mystisk som går att og som på noko måte er spesielt og guddommeleg styrt. Altso å bruke teksten til å gje autoritet til andre tekstar og tankar. Uansett er det ein forståing av teksten som eit uttrykk eller eit opphav for ein tanke. Om dette stemmer tydar det at dei må ha oppfatta teksten som meir enn berre ei liste med namn - sidan det berer eit heilag tal må det har vore ei viktig liste, kanskje ei liste som visar inndelinga av verda på den tida, eller ei tidelegare tid.

3.2 Josefus

3.2.1 Kort om Josefus

Josefus er ein jødisk historikar frå det 1.århundre etter Kristus. Han gjev att Genesis-forteljinga i boka "*Jewish Antiquities*". Han nytta seg av eit mangfald kjelder og teknikkar i sitt arbeid.

¹⁴⁵ Wevers (1993), S153-155

¹⁴⁶ Wevers (1993), S153-155

¹⁴⁷ Wever (1993), S127-146

¹⁴⁸ Sjå kapittel 2.1.2.

Hovudkjelda hans var truleg Genesis sjølv. Han brukte truleg fleire former av Genesis på både gresk, hebraisk og arameisk.¹⁴⁹ Medan han følgjer narrative trufast so stokkar han om, forsterkar og legg til, til Genesis forteljinga. Ofte legger han til moralske lærdomar, spekulasjonar om motivasjon og kjensler, og legger talar til karakterar.¹⁵⁰ Sjølv påstår Josefus at han gjev ein nøyaktig attgjeving av bibelen, på gresk, der han korkje legg til eller trekker noko frå. Som vist over er dette ikkje tilfellet.¹⁵¹ Det er tydeleg at Josefus i betydeleg grad legg til, trekker frå, pyntar, modifierer og tilbyr stilistiske tilpassingar, moderniseringar, rasjonaliseringar og forklaringar. Forklaringar og understrekingar ved hjelp av andre kjelder og teologiske justeringar påverka av retorisk praksis frå greske historikarar og samtidig jødisk tanke og tradisjon.¹⁵² Soleis, trass i hans eigne kommentarar, er Josefus rekna, òg av seg sjølv, for å vere ein historikar som formidlar jødane si historie, heller enn ein form for omsetjar, og står i ein tanke og tradisjon prega av ein sterk fridom rundt behandlinga av skriftene.¹⁵³ Og soleis står han betydeleg friare til teksten, og kan gjere meir omfattande endringar enn det LXX, ein sær nærleggande omsetjing, kan.

Det er litt utfordrande å seie noko sikkert om konteksten som Josefus skreiv i Roma på slutten av 1.århundre – å vere ein forfattar der var veldig ulikt i dag. Mason understrekar at det ikkje var berre å skrive noko for seg sjølv og so gje det til ein utgjevar, men at det heller var ein lang prosess som kravde eit støtteapparat av vennar og støttepersonar.¹⁵⁴ I tillegg var forfattarar ein del av ein liten lesekyndig elite, samt at det var eit enormt arbeid å produsere kopier av eit slikt massivt verk som Ant er. Soleis var ikkje eit slikt verk tilgjengeleg til folk flest.¹⁵⁵ Det var heller vanleg at vennar og støttespelarar kunna få ei utgåve som gåve, offentlege bibliotek hadde gjerne ei utgåve, og spesielt interesserte kunne på bestilling få eit verk anten av forfattar eller bokhandel som var å finne i store byar som Roma.¹⁵⁶

Soleis kan ein tenke at dette støtteapparatet rundt Josefus utgjer ein stor del av han lesarar. Problemet er at det er litt utfordrande å att kjenne dei. Somme veit me om, for hans tidelegare

¹⁴⁹ Crawford (2014), S1160

¹⁵⁰ Crawford (2014), S1160

¹⁵¹ Rajak (2021), S424

¹⁵² Rajak (2021), S424

¹⁵³ Rajak (2021), S431-32

¹⁵⁴ Mason & Feldman (2000), S8

¹⁵⁵ Mason & Feldman (2000), S8-9

¹⁵⁶ Mason & Feldman (2000), S9

verk fekk han støtte av Vespasian og Titus, det kan verke som denne støtta vart vidareført av Domitian og kona hans, det er òg judearane Agrippa II og søstera Bernice. Elles refererer Josefus til andre støttespelarar, men som utan stort meir enn eit namn er vanskeleg å spore.¹⁵⁷

Frå Ant sjølv uttrykker Josefus at han skriv for ikkje-jødar som er interesserte i jødisk kultur og historie, og som vi kjem tilbake til, støtter Ant sin karakter dette. Verket verkar å vere ope for jødiske lesarar, i det at Josefus forsvarar seg i sin behandling av lova, men stort sett forklarar han mykje og tek lite kunnskap forgjeve.¹⁵⁸ Sjølv viser Josefus til at han vart oppfordra til å skrive eit slik verk, nettopp av slike heidningar med interesse for jødisk kultur, historie og tru. Og det kan vitnast at Roma hadde ei lengre historie med interesse for jødedom, og det fanst både sympati og tankar om konvertering i alle dei sosiale klassane i roma.¹⁵⁹ Soleis var det truleg ein interessert romersk elite, i tillegg til somme judearar, som blant anna tidelegare nemnte Agrippa og Bernice, samt Philo sin familie og Tiberius Julius Alexander frå Alexandria.¹⁶⁰ Verdt å nemna er konteksten han skriv i og til, men det er fleire faktorar som påverkar Ant, som til dømes kniving med og kritikk av hellenistisk litteratur, som vi kjem til å komme tilbake til i det følgjande.

3.2.2 Josefus sin attgjeving av Gen 10

Som nemnt finn me Josefus sin attgjeving av Gen 10 i verket "*Jewish Antiquities*". Her går han gjennom Noa sine søner si ætteliste, mykje likt som i Gen 10, Jafet først, so Ham og deretter Shem. Josefus viser innleiingsvis at han òg forstår namna som knytt til land, men held dei òg tilsynelatande som faktiske namn på faktiske personar, som deretter har vorte overført på land og/eller folkeslag "Ἦσαν δὲ τῶν παίδων υἱοί, ὧν ἐπι τιμῇ τοῖς ἔθνεσσι τὰ ὀνόματα ἐπετίθεσαν οἱ γῆν τινα καταλαβόντες.". Josefus skriv om desse personane som subjekt som aktivt etablerer land eller byar. Josefus skriv òg om korleis desse landa er kjent av dei gresktalande ved andre namn, og visar til korleis dei semittiske og hellenistiske namna skil seg, og derfor trenger forklaring (Ant 1.129). Dette grunngev han òg historisk ved å vise til korleis desse originale

¹⁵⁷ Mason & Feldman (2000), S9-11

¹⁵⁸ Mason & Feldman (2000), 12-13

¹⁵⁹ Mason & Feldman (2000), 13

¹⁶⁰ Mason & Feldman (2000), 13-14

namna ikkje er kjente lengre grunna at "grekarane" som kom til makta gav alle desse stadane nye namn, for å gjere deira tidelegare herlegdom til sin eigen (Ant 1.120).

Josefus følgjer listene og rekkefølga i Gen 10 nært, men stokkar av og til om på rekkefølga innanfor generasjonar. Josefus følgjer tilsynelatande i større grad lista frå MT, enn den frå LXX. Han har eit namn for kvart av namna i BHS, med unntak av Rodanim. Lincoln viser til at Josefus kan ha vore forvirra, grunna at Rodanim i MT og LXX har forma til ein tredje person pluralis, altso namn på land eller folkeslag, eller unngått namnet grunna forskjellane mellom MT og LXX, Rodanim/Dodanim.¹⁶¹ Men trass i at han manglar Rodanim inneheld lista framleis 70 namn. Dette er grunna at Josefus inkluderer Φυλιστίνοῦ blant Misrajim sine søner. I følgje Josefus oppretta Fylistinus Palestina. Dette er eit namn som ikkje er å finne korkje i MT eller LXX. Men elles held han seg, som sagt, nært til MT. Namna han visar til kan ein som regel kjenne att, men dei er litt vanskelegare å kjenna att enn dei som var i LXX. Dette kan til dels komme av at namna her førekjem i andre kasus. Sidan namna her er handlande førekjem dei hovudsakeleg i nominativ, medan LXX berre nemnar dei i vokativ. Men det er òg tydeleg at Josefus ikkje har henta namna direkte frå LXX, ettersom at mykje av stavinga er annleis. Dette peikar òg Lawrence Ronald Lincoln ut i si samanlikning mellom namna i LXX og hjå Josefus.¹⁶² Dette kan komme av at Josefus har omsett/transkribert sjølv frå ei hebraisk kjelde, eller at han har nytta ei anna gresk kjelde enn LXX. Samstundes kan Josefus sin plassering av Put i Libya vise til at han har lest LXX. Grunna at det at Put tradisjonelt har vore rekna for å vere Libya kjem av at LXX har omsett det hebraiske תִּפְּוֹ med λίβευς i Esekiel 27:10 og 38:5.¹⁶³

Det er vanskeleg å seie kvar Josefus hentar informasjonen sin ifrå. Somme stad/folkenamn grunnjev han kort (Ant 1.127, 1.128, 1.132, 1.133, 1.136, 1.137, 1.139), andre seier han som dei var sjølv sagte. Somme land/folk verkar å vere basert på lingvistikk, medan andre er vanskelegare å sjå samanhangen på. Men på dei landa/folka som ikkje verkar å vere like opplagt lingvistisk knytt til namna, visar Josefus til at dei opphaveleg hadde eit anna namn som var likare. Som til dømes Gomer sitt folk, som av grekarane vart kalla galatarar, men som Gomer

¹⁶¹ Lincoln (2009), s188-189

¹⁶² Lincoln (2009), S187-188

¹⁶³ Westermann (1984), S510

sjølv kalla "Gomarittar" " τοὺς γὰρ νῦν ὑφ' Ἑλλήνων Γαλάτας καλουμένους, Γομαρεῖς δὲ λεγομένους, Γόμαρος ἔκτισε" (Ant 1.123).

Josefus har stort sett eit forslag til kvart namn, med nokre få unntak. Det er hovudsakeleg tre grupper, pluss Nimrod, som han ikkje har forslag for. Den første gruppa er Misrajim sine søner. Om dei nemnar han berre Fylistinus, som er knytt til Palestina, og at Labimos, truleg stamfar til lehabearane, busette seg i landet Libya, og at landet tok namn etter han. Trass i den informasjonen konstaterer han at utanom Fylistinus er alle Misrajim sine søner berre kjent ved namn, grunna den Etiopiske krigen (Ant 1.136 og 1.137). Den andre gruppa er ei rekkje av Kanaan sine søner. Av dei tek han føre seg Sidon, arkittane og arvadittane. Om dei resterande seier han at me berre har namna, grunna at hebrearane øydela byane deira (Ant 1.138 og 1.139). Dette kjem eg att til, men det kan kjapt nemnast at det kan verke som dei moderne kommentarane har følgd Josefus sin plassering av Sidon, arkittane og arvadittane.

Den tredje gruppa er alle namna som følgjer Arpaksjad sine søner. Ingen av desse vert knytt til spesifikke land, han skriv at Eber er grunnen judearar vert kalla hebrearar, og det står om Joktan sine søner at dei budde i delar av India og Syria. Soleis seier han litt om kvar dei er, men det er langt mindre spesifikt enn han har vore tidelegare (Ant 1.146 og 1.147).

Her verkar det igjen som dei moderne kommentarane, til ein grad, følgjer Josefus, sidan dei begge reknar Eber, Peleg og Joktan for ikkje å vere eponym, samt at det er mykje usikkerheit rundt dei resterande namna. Om Nimrod seier han berre at han tok sin bustad blant babylonarane og vart ein herskar der (Ant 1.135). Med unntak av desse har Josefus òg forslag til namn som meir moderne eksegetar ikkje har svar på. Til dømes kjem Josefus med forslag til Aram sine søner, som eg har ført som ukjente i den første lista. Josefus skriv òg Σαβαίους som forslag til etterkommarar for både Seba og Saba, men det kan verke som han visar til det same området som dei moderne kommentarane etter han. Det er ikkje alle landa og folkeslaga, som Josefus nemnar, som eg er i stand til å plassere geografisk. Somme er tydelege og lette å plassere, medan eg til andre berre finn forslag som ein ikkje er heilt sikker er staden Josefus viser til.

Eg har allereie no samanlikna litt mellom Josefus sin plassering av namna og den me finn hjå Wenham og Westermann. Men totalt sett so følgjer dei Josefus på noko, litt på noko, og ikkje i det heile på noko. Josefus sjølv innleiar kvar stamfar med å teikne opp omfanget av deira land. Jafet plasserer han frå Tauros og Amanos fjellkjedene i sør-Tyrkia opp til elva Tanis (moderne

Don) i Asia og til Gadeira (Moderne Cadiz) i Europa. Dette stemmar, som eg kan sjå, overeins med hans plassering av dei forskjellige namna. Stort sett alle Jafet sine søner er å finne i Antolia eller dagens Tyrkia og øyene der i området, med unntak av Tubal som vert plassert i dagens Portugal, Magog som han truleg reknar til området rundt Krim og Madai som nokk vert lengre aust mot det Kaspiskehavet. I innleiinga til Ham teiknar Josefus opp området frå Syria, Amanos fjella og Libanon og mot havet. Dette stemmar igjen med hans plassering av namna. Med unntak av Kusj, Misrajim, Put, Seba og Saba (som tilsynelatande er plassert på same stad) og lehabarane, som er plassert i Etiopia, Egypt, Libya og Saba (i dagens Jemen), er alle dei namna, som eg kunne finne, plassert i Levanten, dagens Syria, Libanon, og Israel, langs kysten og på somme øyer. Som nemnt er det fleire av Josefus sine plasseringar som eg ikkje er heilt sikker på. Dette gjeld for Asjkenas Havila, Sabta, Rama, Sabteka og Dedan.¹⁶⁴

Når det kjem til Sem sine etterkommarar teiknar han innleiingsvis opp eit område i Asia, opp til Indiahavet frå Euftrat. Dette verkar litt utydeleg og kan verke å passe litt dårlegare enn dei tidelegare delane. Få av Sem sine etterkommarar er knytt til eit land/folk, men dei som er består i stor grad av imperium. Elam er knytt til persarane sine stamfedrar, Assur til assyrarane, og Arpaksjad til kaldearane som kan knytast til Babelon. Desse stormaktene dekkja mykje land, dei fann til ein viss grad stad innanfor det området som Josefus teiknar opp, men gjekk òg utanfor. Etter dette er det eit par namn til som er knytt til folk/land og somme ligg mellom Euftrat og Indiahavet, men det er òg nokre som ikkje gjer det. Dette er Lud i Antolia, Aram i Syria, Us som skal ha grunnlagt Damaskus og Lajat og Hul som er lagt til Armenia, som ein vel kan seie at nesten passar innanfor området.

Dei moderne kommentarane følgjer til ein viss grad dei meir grove trekka for Josefus sin inndeling av Jafet, Ham og Sem. Dei legg Jafet sine etterkommarar i mykje dei same områda. Med Ham vil eg seie at dei moderne kommentarane plasserer fleire namn på den arabiske halvøya enn Josefus gjer, men elles er mykje samd om det generelle området. På Sem er det igjen ein del likt, med dei store imperia, men i og med at Sem sine etterkommarar i mindre grad har eit konkret område, og at fleir av dei er ukjende både for Josefus og dei moderne kommentarane, er det lite å samanlikne. Generelt kan det seiast at dei generelle områda for Jafet, Ham og Sem er forstått veldig likt mellom Josefus og dei moderne kommentarane, men

¹⁶⁴ Sjå tabell under.

på plasseringa av dei enkelte namna varierer det meir på forståinga. For ein meir spesifikk samanlikning kan ein sjå på tabellen under.

Josefus sin attgjeving av Gen 10 vert følgt av ei liste over Peleg sine etterfølgjarar, introdusert som omtale av hebrearane (Ant 1.48-52) . Hans liste er identisk med den funnen i Gen 11, og han forsøker ikkje å knytte desse namna opp mot stadar eller folk. Han skriv òg opp alder og kjem med andre opplysingar, som ikkje er å finne i has attgjeving av Gen 10, opplysingar som ein òg finner i Gen 11 i BHS. Han nemner òg her at Tarah levde 205 år, og korleis folk allereie hadde byrja å leve kortare fram til Moses, som levde 120, etter at Gud hadde sett dette som grensa.

Tabellen under er ein kombinasjon av dei to tidelegare tabellane.¹⁶⁵ Men i tillegg til å vise namna frå MT og LXX, og plasseringa til Wenham og Westerman, inkluderer tabellen her Josefus sine plasseringer av namna.

Josefus si liste:

MT	LXX	Josefus	Wenham/Westerman	
גֹמֶר Gomer	Γαμερ Gamer	Γαλάται Galatarar	Kimeriarar/Skytere, eventuelt busett i Kappadokia	Begge
מָגוֹג Magog	Μαγωγ Magog	Σκύθαι Skyterer	Usikker	Begge
מָדַי Madai	Μαδαι Madai	Μῆδοι Medere	Medere, Medais, nord aust Assyria	Begge
יָוָן Javan	Ἰωσαν Iouanan	Ἰωνία καὶ πάντες Ἕλληνες Jonia, og alle grekarane	Jonere, kysten av Tyrkia	Begge
	Ελισα Elisa		Kilikia, i Antolia	Begge
תּוּבַל Tubal	Θοβελ Thobel	Ἰβηρες Iberarar	Frygia, i Antolia	Begge
מֶשֶׁךְ Mesjek	Μοσοχ Mosoch	Καππαδοκία Kappadokiarar	Egeiske piratar, etablerte i Italia, truleg opphaveleg frå Anatolia	Begge
תִּירָס Tiras	Θιρας Thiras	Θρᾶκες Trakarar	Skytarar, eventuelt busett i Media	Begge

¹⁶⁵ Sjå kapittel 2.3 & 3.1.2.

אַשְׁכְּנַז Asjkenas	Ασχαναζ Aschanaz	Ῥήγιον Reginarane ¹⁶⁶	Paflagonarar, busett mellom Svartehavet og Bithynia	Begge
רִיפַת Rifat	Ριφαθ Rifath	Παφλαγόνες Paflagonarar	I omerådet mellom øvre Halys og Euftrat	Begge
תּוֹגַרְמָה Togarma	Θοργαμα Thorgama	φρύγες Frygarar	Kypros, eller Kreta	Usamde
אֵלִישָׁה Elisja	Ελισα Elisja	Αιολεῖς Aiolere	Fønikarar, vest-Spania eller Kartago	Usamde
תַּרְשִׁישׁ Tarsis	Θαρσις Tharsis	Θαρσεῖς ¹⁶⁷ Tarsis/Kilikia	Kypros	Begge
כִּיֻּתִים Kittim	Κίτιοι Kitioi	Κύπρος Kypros	Rodos eller Dodanim	Usamde
דּוֹדַנִּים Dodanim	Ῥόδιοι Rhodioi		Sør for Egypt, Nubia eller Ethiopia	Usamde
כּוּשׁ Kusj	Χους Chous	Χουσαῖον Etiopia	Egypt	Begge
מִצְרַיִם Misrajim	Μεσραιμ Mesraim	Αἰγυπτίους Egypt	Libya eller Punt ved kysten av Somalia	Begge
פּוּט Put	Φουδ Phoud	Λιβύην Libya	Låglandet vest for Jordan, moderne Israel, Lebanon og delar av Syria	Begge
כְּנָעַן Kanaan	Χανααν Chanaan	Ἰουδαίαν Judea	Meroe, øvre Egypt	Westermann
סְבָא Seba	Σαβα Saba	Σαβαίους Sebearane, i Meroe	Arabia	Begge
הַוִּילָה Havila	Ευιλα Euila	Γαιτοῦλοι Gaetoulians ¹⁶⁸	Hadramaut	Begge
סַבְתָּא Sabta	Σαβαθα Sabatha	Ἀσταβάροι Astabarians ¹⁶⁹	Ragmah nord Jemen	Begge
רַעְמָה Rama	Ρεγμα Regma	Ῥαμαίους Rameans	Usikker	
סַבְתְּכָא Sabteka	Σαβακαθα Sabakatha	Σαβακτηνούς Sabaktenians	Sabaerne, sørvest Arabia	Begge
שָׁבָא Saba	Σαβα Saba	Σαβαῖος Sabaerne	Al-Alula, 70 mil sørvest for Tema	Begge
דָּדַן Dadan	Δαδαν	Ἰουδαδαίους	Ikkje eponym	Begge

¹⁶⁶ Visar kanskje til sør-Italia, sjå Mason & Feldman (2000), note 336.

¹⁶⁷ Her seier Josefus at Tarsis var tidlegare kjent som Kilikia.

¹⁶⁸ India eller Gaetulia i nord-Afrika, Mason & Feldman (2000), Note 371.

¹⁶⁹ Truleg Astabarar elva i Etiopia, Mason & Feldman (2000), Note 374.

Dedan	Dedan	Joudadearane ¹⁷⁰		
נִמְרוֹד Nimrod	Νεβρωδ Nebrod	Ναβρώδης Nebrod	Usikker, truleg nær Egypt	Begge
לִדְדַיִם Ludarane	Λουδιουμ Loudiim	Λουμαίου Loumaiare	Usikker	Begge
עֲנַמְרַנִּים Anamarane	Ἐνεμετιουμ Enemetiim	Ἄναμία Anamarane	Libya, nord-Afrika, vest for Egypt	Begge
לְהַבְרַנִּים Lehabarane	Λαβιουμ Labiim	Λαβίμου busett i Libya	Usikker, forslag Nedre Egypt	Begge
נַפְתְּחַרַּיִם Naftuharane	Νεφθαλιουμ Nephthaliim	Νεδέμου Nedamarane	Pathros, Øvre Egypt	Begge
פַּטְרוֹסַטַּנִּים Patrusatane	Πατροσωνιουμ Patrosoniim	Πεθρωσίμου Patrusatane	Usikker	Begge
כַּסְלוֹחַרַּיִם Kasluharane	Χασλωνιουμ Chaslioniim	Χεσλοίου Chaslioniim	Kreterer, frå Kreta	Begge
כַּפְתְּרַיִם Kaftorarane	Καφθοριουμ Kaphthoriim	Χεφθώμου Chaphthorianare	Sidon mellom Tyre og Beirut, Fønikere	Begge
צִידֹן Sidon	Σιδῶνα Sidona	Σιδῶν Sidon	Hettittar, Palestina under patriarktida	Begge
חֶת Het	Χετταῖον Chettaion	Χετταίου Chettaianare	Huriske, bosett i omerådet rundt Jerusalem	Begge
יְבוּסִי Jebusittane	Ἰεβουσαῖον Iebousaion	Ἰεβουσαίου Jebusittane	Amuru, i fjellkjede i sentral Palestina	Westermann
אַמֹּרִי Amorittane	Ἀμορραῖον Amorraion	Ἀμορραίου Amorittane	Ukjent	Begge
גִּרְגַּסִּי Girgasjittane	Γεργεσαῖον Gergesaion	Γεργεσαίου Gergasittane	Hovudsakeleg Nord i Libanon og Syria, eller i sentral Palestina	Usamde
חֵוִי Hevittane	Ευαῖον Euittane	Ευαίου Euittane	Arqa, 12 mil nordaust for Tripoli	Begge
אַרְקַיִם Arkittane	Ἀρουκαῖον Aroukaion	Ἄρκην τὴν ἐν τῷ Λιβάνῳ Arke i Libanon	Siannu, fønikisk kyst by nær Arqa	Begge
סִינִי Sinittane	Ἀσενναῖον Asennaion	Σειναίου Seinittane	Arvad, moderne Ruad	Begge
אַרְבַּדִּי Arvadittane	Ἄραδιον Aradion	Ἄραδον Ardon	Sumur, Sumra. Nær Arvad	Begge
שַׁמַּרִּי Semarkittane	Σαμαραῖον Samaraion	Σαμαραίου Samarane	Moderne Hama ved elva Orontes	Begge
חַמַּתִּי Hamatittane	Ἀμαθι Amathi	Ἄμάθη/ Ἐπιφάνειαν	Aust for Babylon/Mesopotamia	Begge

¹⁷⁰ Etiopisk folkeslag i vest regionen.

		Amathe/ Eriphania		
עילם Elam	Αιλαμ Ailam	Ἐλυμαίους /Περσῶν Elamearane/ persarane	Assyria	Begge
אַשור Assur	Ασσοῦρ Assour	Ἀσσυρίους Assyranane	Babylon eller Arrapa	Usamd
אַרְפַּכְשָׁד Arpaksjad	Αρφαξαδ Arphaxad	Χαλδαίους Kaldearar	Lydia i Antolia eller Lubdu på øvre-Tigris	Begge
לוד Lud	Λουδ Loud	Λούδας Lydarar	Arameere, Aramu/Aramnaharaim nord for Elam, med bosettingar i Syria	Begge
אַרם Aram	Αραμ Aram	Ἄραμος/ Σύρους Arameere/ Syrarar	Ukjent	Begge
	Καιναν Kainan		Ukjent	Begge
עוּס Us	Ὠς Os	Τραχωνίτιν καὶ Δαμασκόν Trachonitis og Damaskus	Ukjent	Begge
חול Hul	Ουλ Oul	Ἀρμενίαν Armenia	Kan vere Masius fjellet nord-Mesopotamia, eller Lebanon	Wenham
גֵּתֵר Geter	Γαθερ Gather	Βακτριανούς Baktriarar	Ukjent, truleg ikkje eponym	Begge
מַשְׁ Masj	Μοσοχ Masoch	Μησαναίους Mesanearane	Ikkje eponym	Begge
שְׁיֵלָה Sjelah	Σαλα Sala	Σάλης Sala	Ikkje eponym	Begge
עֵבֶר Eber	Εβερ Eber	Ἐβερὸς Eber	Ikkje eponym	Begge
פֶּלֶג Peleg	Φαλεκ Phalek	Φάλεγον Phalek	Ukjent	Begge
יֶזְקָן Joktan	Ιεκταν Iektan	Ἰούκτα Ioktan	Jemensk stamme Salf/Sulf, distrikte Silf	Wenham
אַלְמוֹדָד Almodad	Ελμωδαδ Elmodad	Ἐλμόδαδος Elmodad	Distriktet Hadramaut aust for Jemen	Wenham
שְׁיֵלֶף Sjelef	Σαλεφ Saleph	Σάλεφος Saleph	Ukjent	Begge
הַצְרַמָּוֶת Hasarmavet	Ασαρμωθ Asarmoth	Ἄζερμώθης Asermoth	Ukjent	Begge

יֵרָח Jerah	Ιαραχ Iarach	Εἰράης Eira	Azal, gamle namnet for Sanaa, i Jemen	Wenham
הָדוֹרָם Hadoram	Ὀδορρα Odorra	Ἐδώραμος Edoram	Ukjent	Begge
אֻזַל Usal	Αιζηλ Aizel	Οὐζάλης Ouzal	Ukjent	Begge
דִּקְלָה Dikla	Δεκλα Dekla	Δαήλης Daela	Ukjent	Begge
עֹבַל Obal		Ἴθβαλος Ebal	Ein stamme i sør-Arabia	Begge
אַבִּימָאֵל Abimael	Αβιμεηλ Abimeel	Ἀβιμάηλος Abimael	Sørvest-Arabia	Begge
שָבָא Saba	Σαβευ Sabeu	Σάφας Sapha	Sør-Arabia	Begge
אֹפִיר Ofir	Ουφιρ Ouphir	Ὀφίρης Ophir	Sør-Arabia	Wenham
הַוִּילָה Havila	Ευιλα Euila	Εὐίλης Euila		
יֹבָב Jobab	Ιωβαβ Iobab	Ἰόβηλος Iobal		

3.2.2.1 Kva pregar Josefus sin forståing/lesing av teksten?

Det er hovudsakeleg to ting eg vil sjå på her, som kan ha hatt effekt på Josefus sin resepsjon av teksten. Det første har eg vore litt innoom allereie, det er Josefus sine kjelder. Det andre går meir på hans kontekst, kva tendensar ser me i resten av verket, kva veit me om han som kan ha prega hans skrivning osv, og korleis, om i noko grad, ser me dette uttrykt i denne teksten.

3.2.2.1.1 Kjelder

Om kjelder har eg sagt litt innleiingsvis og litt under kapittel 3.2.2. Eg har nemnt at Josefus hovudsakeleg brukar Genesis sjølv, men på forskjellige språk, og at det ikkje ser ut som han nyttar LXX som hovudkjelde. Dette er Harold W. Attridge samd i. Han delar "*The Antiquities*" i to. Den første delen tek føre seg jødisk historie fram til den første øydelegginga av Jerusalem, og det er soleis i denne delen vår tekst finn stad.¹⁷¹ Han konstaterer at Josefus hovudsakeleg nyttar ein gresk versjon, men ikkje LXX, men heller ei form som ligg nærare den seinare

¹⁷¹ Attridge (1984), S211

Lucianske revisjonen.¹⁷² Rajak støttar forståinga om at LXX ikkje er hovudteksten, men reknar hovudkjelda for å vere eit hebraisk vorlag.¹⁷³

Medan Attridge visar til at Josefus òg kan ha konsultert hebraisk tekst, men at dei semittiske innslaga her og der gjerne visar til hans eige morsmål snarare enn ei skriven kjelde.¹⁷⁴ Attridge visar til at han òg nytta fleire ikkje bibelske kjelder, og visar til ei rekkje hellenistiske jødiske historikarar, han visar òg til skrift frå den andre tempel perioden, som Jubileerboka.¹⁷⁵ Attridge visar òg til at han har lent seg på fleire ikkje-jødiske kjelder, spesielt i dei tidelege kapitela av Genesis. Trass i at han kan vise til fleire namn som Josefus tilsynelatande har brukt meiner Attridge at han truleg ikkje har brukt dei direkte, men heller kjente dei gjennom sekundærkjelder, som Alexander Polyhistor, og Nicolaus av Damaskus.¹⁷⁶

3.2.2.1.2 Tendensar og andre faktorar

Attridge lister opp ei rekkje tendensar som går at i heile verket. Den første er Josefus sitt fokus på guddommeleg styring, "Divine Providence" på engelsk. Josefus var veldig oppteken av at historia er eit uttrykk for Guds vilje, gjennom at Gud lønar vondt med vondt og godt med godt. Dette gjennomsyrrar mykje av dei andre tendensane som prega dette verket.¹⁷⁷ Blant anna den neste tendensen for "*Antiquities*" som er Josefus sin behandling av Herodes. Behandlinga av Herodes den Store i verket er gjennomgåande negativ, ein grunn for dette som vert lagt fram, er Josefus sin kjærleik for Hasmonearane, som han ser som sitt opphav og som betre enn det herodiske dynastiet.¹⁷⁸ Elles ser Josefus mykje av det som Herodes gjorde som vondt, men det han fokuserer mest på er Herodes sitt avvik frå jødiske skikkar og tradisjonar. Dette er for Josefus den største synd, som me kjem att til, og han ser, igjen med tanken om guddommeleg styring, den synda og andre formar for ondskap, som grunnlaget for Herodes sitt fall.¹⁷⁹

Den tredje tendensen som Attridge nemnar er Josefus sitt fokus på profetiar. Som eit steg i hans forståing om at historia er styra av Gud vert profetiar viktige som eit bevis på dette. Josefus

¹⁷² Attridge (1984), S211

¹⁷³ Rajak (2021), S425

¹⁷⁴ Attridge (1984), S211

¹⁷⁵ Attridge (1984), S212

¹⁷⁶ Attridge (1984), S 211-213

¹⁷⁷ Attridge (1984), S217-219

¹⁷⁸ Attridge (1984), S219-220

¹⁷⁹ Attridge (1984), S220-222

legg mykje vekt på dei bibelske profetiane som er og finne, samt grev fram andre ikkje bibelske profetiar, og vektlegg korleis han ser at dei kjem i oppfyljing.¹⁸⁰ Eit døme på dette er Manaemus sin profeti til Herodes om korleis det ville gå med hans kongedømme (Ant 15:375-6).

Den fjerde tendensen som vert nemnt er moralisering. Josefus er oppteken av å skildre moralske ideal og skriv gjerne opp kva moralske kvalitetar bibelske karakterar har, og lagar so førebilete til etterfølging samt dårlege dømer til avskrekking.¹⁸¹ Attridge forstår dette til dels som ein form for apologetikk, ved at det visar til korleis jødane strevar etter å vere, og kva kvalitet deira tradisjonar er av, og at jødar som får leve etter sine tradisjonar er gode menneskje og naboar.¹⁸²

Dette skilir inn i den neste tendensen, som er forsvar av jødiske rettigheitar. Dette er mest i den andre delen av verket, der Josefus visar til ei rekkje lovmateriale og historiske kjelder om godleik vist mot jødar av romarar og andre folkeslag, samt godleik vist av jødar til andre folkeslag.¹⁸³ Dette igjen for å vise korleis jødar har rettigheitar, og korleis det har eksistert gode samarbeid og gode naboskap mellom jødar og andre folkeslag, som ein motivasjon til at ein igjen skal søkje slike gode relasjonar, og både akseptere og respektere jødiske skikkar.¹⁸⁴ Han visar her òg igjen til korleis jødiske skikkar eigentleg skapar gode menneskje, og at det er fråfall frå dette som ha ført til problema mellom jødane og romarane.

Den siste tendensen som Attridge skriv om er basert på at Josefus verkar å høyre til farisear rørsle, og at denne til tider vert favorisert over dei to andre jødiske rørsle som Josefus gjer greie for, samt at Josefus sine skrift då gjerne er prega av den teologiske skulen.¹⁸⁵ Attridge er tydeleg på at "*Antiquities*" ikkje er noko propagandaverk for farisearar, at han verkar å behandle desse rørsle til dels ærleg, ved at han blant anna nemnar farisearar som er involvert i ting han sjølv var mot, og positivt nemnar personar frå dei andre rørsle.¹⁸⁶ Til slutt kan det òg nemnast igjen¹⁸⁷ at Josefus skreiv i ein romersk kontekst der han var avhengig av velviljen til so kalla

¹⁸⁰ Attridge (1984), S223

¹⁸¹ Attridge (1984), S224

¹⁸² Attridge (1984), S225

¹⁸³ Attridge (1984), S225

¹⁸⁴ Attridge (1984), S225-226

¹⁸⁵ Attridge (1984), S226

¹⁸⁶ Attridge (1984), S227

¹⁸⁷ Sjå kapittel 3.2.1.

vernarar eller støttespelarar,¹⁸⁸ noko som kan ha ført til ein positiv haldning mot romarar og romarriket.¹⁸⁹

Ein annan side ved Josefus er hans bibelsyn. Det verkar å vere ein generell forståing om at bibelsk sanning var viktig for Josefus.¹⁹⁰ Og Mason og Feldman viser til at Josefus truleg forstod bibelteksten, som historisk sann, men òg som noko eldgammalt som, i Gen 10 sitt tilfelle, kan vise dei originale namna på kjente stadar.¹⁹¹ Videre viser dei til Josefus sin kritikk av greske historikarar som lena seg på stil heller enn på slike gamle tradisjonar, og soleis mangla historisk presisjon.¹⁹² Mason peikar òg ut at i dette liknar, ironisk nokk, Josefus greske historikarar, og dette er òg noko som pregar Josefus. Som eg har vore inne på før fann Josefus både stad i ein jødisk tradisjon der det var vanleg med ekstrem tekste kjennskap, og å kjenne seg heime i teksta, og i den greske historie sjangeren der det var vanleg å gjere både stilistiske og innhaldsmessige endringar.¹⁹³

3.2.2.2 Mogeleg intensjon/forståing

No er det ikkje sikkert noko av dette har hatt noko påverking på Josefus sin resepsjon av Gen 10, i og med at dette er berre ein liten del av eit stort verk. Men frå min gjennomgang var det tydeleg at han hadde noko som ikkje var og finne i korkje MT eller LXX, og det er truleg at han kan ha nytta av desse andre kjeldene når han skulle plassere landa, sidan dette ikkje er nemnt i dei bibelske tekstane som me kjenner til. Kva av tendensane som kan ha hatt innverknad på Josefus sin resepsjon vil eg sjå på no når eg ser på dei mogelege intensjonane/forståinga for Josefus sin attgjeving av teksten.

Som eg nemnte er nokk truleg ikkje alle desse faktorane relevante for teksten, og potensielt kan det vere at ingen er det, at det ikkje er noko spesiell intensjon med teksten, at det berre er eit steg i eit større historisk prosjekt og at teksten er skriven av rein historiske motiv. Men Josefus må jo uansett hatt ein forståing av teksten, og Josefus skreiv teksten til ein lesar, og har truleg hatt ein tanke om kva teksten skulle seie til denne lesaren, og dette kan vere knytt til dei

¹⁸⁸ Patron på engelsk

¹⁸⁹ Attridge (1984), S186-187

¹⁹⁰ Rajak (2021), S431

¹⁹¹ Mason & Feldman (2000), Note 308

¹⁹² Mason & Feldman (2000), Note308

¹⁹³ Rajak (2021), S424 & 432

tendensane som me finner i hans skrift, og i det me kjenner til om hans liv. So her vil eg drøfte nokre moglege intensjonar/forståingar i lys av tendensane som eg har henta frå Attridge.

Den mest tydelege tolkinga som er å finne i Josefus sin resepsjon er knytt til tendensen om guddommeleg styring, med straff for det vonde, samt tendensen for profetiar og deira oppfylling. Dette går på Hams forbanning og liknar veldig på David Carr si lesing som eg diskuterte tidelegare.¹⁹⁴ David Carr knytte saman Kanaan si forbanning i Gen 9:25-27 opp mot landa som er nemnd som Ham sine søner. Dette gjer Josefus eksplisitt i sin tekst ved å leggje inn forteljinga frå Gen 9 rett etter lista for Ham sine etterkommarar, før Sem, og han skriv at Ham, grunna hans nære slektskap til Noa, vart skåna, og medan dei andre slapp unna, vart Kanaan ramma. Han skriv òg at han kjem att til dette, potensielt i forteljinga om Abraham som erobrar dei kanaanittiske landa, slik som Carr tenkar. Her vert det tydeleg straff for ugjerningar, samt ein tanke om ein profeti som truleg kjem i oppfylling.

Ein annan mogleg intensjon, som er knytt meir til det apologetiske og det å vise til tidelegare fredeleg og respektfull sameksistens, er det som liknar meir på Coast og Westermann, om at teksten hovudsakeleg visar til eit felles opphav. Josefus ynskjer å vise til tider der relasjonane var betre, og soleis kan det vere til hjelp å vise at alle folkeslaga i denne delen av verda stammar frå tre sysken. Eit problem her kan vere at ingen av folkeslaga vart plassert i Roma, men sjølvstapt i mykje av landområdet som vart høyrande til Romarriket, samt mykje av den greske verda.

Det verkar som desse to intensjonane ikkje passar saman, men om den første er meint meir som eit narrativ for å vise korleis vondt gjev vondt, og stå som eit moralsk døme, medan den andre intensjonen er den som skal gjelde for verdsbiletet i dag, verkar det ikkje nødvendigvis problematisk. Lista visar òg at desse folkeslaga er gamle og har eksistert der i lange tider, og soleis er det eit argument for at dei burde få lov til å eksistere der framleis, og at dei burde få eksistere der med sine like gamle skikkar som er like gamle som dei sjølv er.

Noko kan kanskje knytast til tendensen om omtala om Herodes. Attridge la fram eit mogleg grunnlag for den negative omtalen i Josefus sin kjærleik for sitt opphav, soleis kan det vere

¹⁹⁴ Sjå kapittel 2.1.2.

noko i at denne lista legg opp for at ein kan følgje opphavet tilbake til dei første menneskja etter syndefloda. Dette vert forsterka ved at han forlenger Sem si liste, med materiale frå Gen 11. Men dette vert framleis rimeleg tynt, og dei andre verkar meir trulege. Forlenginga av lista, samt det stoffet til slutt om menneska sin alder, kan vise til ein mytisk forståing lik det Gmirkin visar til.¹⁹⁵

Det er tydeleg at alle forslaga Josefus kjem med er forslag som var meir kjente i hans eigen samtid. Soleis kan ein seie at Josefus oppdaterer Gen 10, eller gjer han forståeleg for si samtid.¹⁹⁶ Dette gjev tydelege parallellar til den moderne kommentarlitteraturen. Dette er òg noko Josefus er tydeleg på, han viser til historiske grunnar, korleis folk og land har bytt namn, samt at han viser til at han gjer namna kjente for dei greskspråkelege, han sjølv viser til korleis dei semittiske namna skil seg frå dei hellenistiske, og at han soleis gjer dei forståelege for greskspråkelege (Ant 1.129).

I tillegg til å ynskje å gjere desse gamle namna kjente til eit samtidig hellenistisk publikum, visar Florentino García Martínez til at Josefus verkar å vere innspiret av det greske kartografiske konseptet om ein tredelt verd, beståande av Europa, Asia og Afrika.¹⁹⁷

3.2.3 Konklusjon om Josefus

Som nemnt talar Josefus sjølv om den nøyaktigheita som han gjev att med, og sjølv seier han at informasjonen han gjev att er omsett frå dei hebraiske skriftene (Ant 1.5). Men som sagt er ikkje Ant å rekne for ein omsetjing, men heller eit historisk verk, blant anna grunna at han nytta fleire kjelder og fokuserer på eit narrativ heller enn å gje att den spesifikke teksten. Men kanskje vert det då meir korrekt å seie, at snarare enn å vere ein bibelomsetjing, kan ein seie at det er ei omsetjing av ei historie. At jødane si historie vert gjort tilgjengeleg for eit gresk publikum.

Dette verkar å vere tydeleg i tilfellet ved Gen 10, der Josefus verkar å gjere, det han påstår er forståeleg for dei med semittisk språk og bakgrunn, forståeleg for samtidige gresktalande. Josefus sin attgjeving av Gen 10 verkar òg å vere prega av den samanhenga teksten har i dette narrative. Josefus verkar å knytte teksten tydeleg opp med det bibelske materialet som finn stad

¹⁹⁵ Sjå kapittel 2.1.1.

¹⁹⁶ Martínez (2013), S34

¹⁹⁷ Martínez (2013), S35

før og etter denne teksta, og soleis kan ein ikkje, i Josefus sin attgjeving, sjå Gen 10 for seg sjølv, sidan han er skriven saman med andre tekster.

Josefus sin attgjeving av Gen 10 verkar òg å kunne fremje hans politiske og teologiske formål, men er ikkje av ein slik natur at det ikkje samstundes står som eit ærleg forsøk på å gjere teksten forståeleg. Soleis må det seiast at Ant sin attgjeving av Gen 10 har store parallellar til moderne kommentarar sin attgjeving, men er prega av ei tid og ein kultur der ein var friare til å prege teksten og narrative som ein behandla.

4 Targumane

I denne delen av teksten kjem eg til å ta føre meg targumane. Då vil eg først seie litt om targumar generelt, før eg so tek føre meg Targum Neofiti. Då vil eg kort seie litt om Neofiti, før eg ser korleis Neofiti gjev att Gen 10, og so kva som kan seiast om denne attgjevinga. Deretter går eg gjennom Targum Pseudo-Jonathan på same måten, før ein felles fullstendig tabell over alle resepsjonane, samt Wenham och Westermann (W&W), og so felles konklusjon for dei to targumane.

4.1 Kort om targumar

Targumane er arameiske omsetjingar av hebraisk grunntekst. Desse omsetjingane var spesielt retta mot jødiske miljø i Palestina.¹⁹⁸ Sidan mange av tilbedarane der ikkje forstod hebraisk lengre, formålet med targumane var både å vere ei omsetjing og ei forklaring. Forklaringa var ein måte å fremje studie av skrifta, samt å kombinere munnleg og skriftleg tradisjon. Soleis vart formålet med targumane å forklare skrifta til folket som hovudsakeleg ikkje forstod nokk hebraisk, og soleis gjere Tora meir tilgjengeleg for folket. Det var eit vrient ideal for targumane om ikkje å vere ein konkordant omsetjing, men heller ikkje leggje til mykje. Men i praksis vert ein targum både ei forklaring og ein kommentar.¹⁹⁹ Grunna at targumane ofte visar til forskjellig stoff og forskjellige tradisjonar er det sær s vanskeleg å datere dei med noko nøyaktigheit. Ein kan til ein viss grad skilje mellom forskjellige typar targum. Zeev Safrai skiljer inn etter grad av konkordans, og stillar opp sju forskjellige typar frå "strictly literal" til "additions".²⁰⁰ Medan Phillip S. Alexander delar inn i A og B-type basert på kva grad tillegga er samanvevd med omsetjinga.²⁰¹

Trass i at targumane er forskjellige verk med stort mangfald, kan me snakke om somme åtgåande særtrekk. Alexander listar opp seks trekk ved omsetjinga som går att i targumar. Første er behandling av antropomorfismar, som targumane brukar å tone ned i sine omsetjingar. Men det er vanskeleg å grunngje dette grunna at targumane er noko inkonsistent på det.²⁰² Det andre er at dei kan ha ein tendens til å oppdatere skrifta, og knyte personar og stader frå skrifta til

¹⁹⁸ Safrai (2006), S243-244

¹⁹⁹ Safrai (2006), S247-249

²⁰⁰ Safrai (2006), S257-258

²⁰¹ Alexander (1988), S229-237

²⁰² Alexander (1988), S226

personar og stadar i si samtid.²⁰³ Det tredje er at dei ofte gjentek somme frasar, mykje likt ein forsterkande *infinitiv absolutus* på hebraisk, det er usikkert om dette kjem av stilval eller om det viser til kjente uttrykk.²⁰⁴ Det fjerde går på innverknad av parallelle tekstar på omsetjinga, Alexander sitt døme er N sin attgjeving av Exodus 16:31 om smaken av manna, der formuleringa vert teken frå Numeri 11:8 som òg omhandlar manna.²⁰⁵ Dette kan til tider vere aktive forsøk på harmonisering, men er òg truleg til tider ubevisst. Det femte er ein slags variant av fire, dette går på at ein i to tekstar med like men ikkje identiske formuleringar, dannar ein formulering for begge.²⁰⁶ Og til slutt er det tendensen til å snu den tydelege meininga med teksten, gjerne med anten å sette inn eller fjerne ein negativ.²⁰⁷

Safrai gjer òg greie for ei rekkje særtrekk som i større grad går på innhald. Han nemnar at targumane i stor grad stemmar overeins med rabbinisk tradisjon og tanke.²⁰⁸ Han visar òg til at targumane i tillegg til mykje av det eg har nemnt, har ein tendens til å gå patriarkane hardt i forsvar, at dei ofte nemner bønner og bønne praksisar, fjerning av abstrakte terminologi, fullending av mangelfull parallellisme, fråvær av retoriske spørsmål, og simple attgjevingar av meir blomstrete skildringar samt likningar.²⁰⁹

Soleis er targumane ein omsetjing av ein hebraisk tekst som var tilsvarande til MT.²¹⁰ Soleis kan dei liknast med LXX, som òg er ein omsetjing av ein hebraisk tekst, men grunna den konteksten og tradisjonen dei står i skil dei seg frå den nære omsetjinga som LXX er. Grunna dei endringane i teksta og dei tillegga frå ei rekkje tradisjonar og kjelder kan ein plassera targumane ein stad mellom LXX og Josefus. Der LXX er nær på teksten, og Josefus gjev att innhaldet og narrative til teksta, supplementært med andre kjelder, so følgjer targumane teksten, men gjer endringar og har tillegg.

²⁰³ Alexander (1988), S226-227

²⁰⁴ Alexander (1988), S227

²⁰⁵ Alexander (1988), S227-228

²⁰⁶ Alexander (1988), S228

²⁰⁷ Alexander (1988), S228

²⁰⁸ Safrai (2006), S259

²⁰⁹ Safrai (2006), S259-261

²¹⁰ Greenspoon (2020), S33

4.1.1 Targum Neofiti

4.1.1.1 Kort om Neofiti

Targum Neofiti (N) er rekna for det meste å vere ein konkordant omsetjing, men med ein god del tillegg. Men i motsetnad til dei meir konkordante targumane, kan N verke å vere meir slurvete omsett, eller kopiert, då det somme stader manglar ord eller delar av vers. Til tider kan dette verke å komme av dårleg kopiering, medan det andre gongar meir tydeleg kjem av forfattaren, som hoppar over delar av eit vers.²¹¹ N sine tillegg er prega av den rabbiniske *halakha* og *aggada* tradisjonen, men har òg tillegg som går imot rådande syn i denne tradisjonen.²¹² Dette stoffet har ført til at somme har datert N til å måtte vere tideleg 1. århundre. Safrai meiner dette grunnlaget ikkje er brukande til å datere, grunna at targumar ikkje nødvendigvis var sett på som autoritative og derfor kunne vere usamde med rådande rabbinisk lære, og meiner følgjeleg at det ikkje er noko bevis for at N er tidelegare en 4. århundre.²¹³ Men han erkjenner òg at N ikkje har mykje seint stoff som er å finne blant anna i Pseudo-Jonatan. Men at ein heller finn dette i margnotane til N, som verkar å vere mest notar og kommentarar som har vert lagt til N seinare, truleg frå ein liknande targum.²¹⁴

Soleis besitter N eit meir omfattande noteverktøy enn dei andre targumane. Med ei rekkje margnotar og notar mellom tekstlinjene, som tilbyr alternative lesingar til targumen sin "hovudtekst". Desse lesingane visar oss kva nokon har ynskja å fortelja lesaren av omsetjinga.²¹⁵

4.1.1.2 Gen 10 i Neofiti

Som sagt er N sin hovudtekst kjent for å liggje nær teksten, og dette er òg tilfellet i Gen 10. Innhaldet er mykje likt MT og LXX, men med somme unntak. For det første inneheld teksten noko tillegg stoff som ein ikkje finner i korkje MT eller LXX. Dette er hovudsakeleg plasseringa av Jafet sine søner. Etter kvart ledd som vert lista opp, listar N opp kva geografisk område dei forskjellege er knytt til. Dette verkar å vere det einaste tillegget til hovudteksten til

²¹¹ Safrai (2006), S269

²¹² Safrai (2006), S269

²¹³ Safrai (2006), S262 & 269

²¹⁴ Safrai (2006), S269-270

²¹⁵ Greenspoon (2020), S38

targumen, resten av teksten følgjar tett på MT, men med nokre forskjellar. Ein forskjell er at omtalen av Nimrod har eit meir negativt preg, ved at han vert knytt til synd. Ein meir omfattande forskjell er at somme stadnamn, samt somme av namna frå lista er ulike. Av landa som utgjorde Nimrod sitt kongedøme listar N Edessa, Nisibis og Ktesifon i Babel, istanden for Erek, Akkad og Kalne i Sinear, som det står i MT. Det står òg at han bygde Asiabene og Talsar, i staden for Kalah og Resen. N leggjer òg til Callirrhoe når han teiknar opp landområdet til kanaaneane i vers 19.

Som sagt er det skilnader mellom namna i lista. Desse skilnadane er alle å finne blant Ham sine etterkommarar. Det er kaftorarane av Mitsrajim som i N er kappadokiarane, og blant Kanaan sine søner, sinittane som N kallar orthosittar og hamittane som N kallar antiokittane. N kallar òg Sem far til alle hebrearsønene, i staden for Eber-sønene, slik det står i MT. Det er somme av dei resterande namna som har forskjellig staving, men dette verkar stort sett å gjelde radikalar som ofte er lesemødre, eller har lett for å verte assimilererte, difor reknar eg dette for å vere språklege skilnadar som førekjem når desse namna vert skrivne på arameisk.

Dette er skilnadane som finn stad i teksten til N, men som sagt finn ein fleire tillegg og alternative lesingar i margnotane. Her førekjem ei rekkje mindre endringar i formulering, og staving, samt tillegg av ord, som ikkje representerer altfor store endringar i teksten sin heilskap. Dømer på dette er tillegg om Nimrod som ikkje berre stor i synd men òg i opprør, forslag om Pontus i staden for Babel i skildringa av Nimrod sitt rike, og om Sem sine etterfølgjarar sitt land, står det at det strekte seg til fjellet i aust, heller enn fjella, som det står i teksta.

Dette er nokre av dei mindre endringane, men det førekjem òg ei rekkje alternative lesingar og tillegg for sjølve listene i Gen 10. Margnotane kjem med forslag til land for somme av namna, og kjem med alternative lesingar til andre namn. Lik teksten kjem med forslag om land til Jafet sine etterkommarar, knyter margnotane land til ei rekkje av etterkommarane etter Ham, samt kjem med forslag til alternativ lesing av ei rekkje av dei resterande namna i den lista. Det er òg notar til Jafet sine etterkommarar, men desse verkar å samsvara med tilleggga i teksten. Soleis verkar marg notane å leggje til endå meir forklaring enn hovudteksten. Dette viser at teksten lever vidare, sjølv etter den tilpassinga han får i hovudteksten. Soleis kan ein sjå det som noko avskilt frå teksten, men sidan det står der er det ein del av det teksten gjev til lesarane sine.

4.1.1.2.1 Om skilnadane i Gen 10

Eg vil igjen prøve å sjå kva desse skilnadane kan representere, om det er noko tenkjeleg motivasjon bak dei, kva forståing av teksta dei gjev uttrykk for eller kvifor denne omsetjinga av teksta er so ulik frå andre versjonar²¹⁶ av teksten denne skal vere ein omsetjing av, i og med at LXX ikkje var like ulik. Som sagt er målet for targumane å gjere teksten tilgjengeleg og forklare han for folk flest, og det er truleg dette som er det leiande motivasjonen bak dei skilnadane som er å finne her.²¹⁷

Når eg ser på det første tillegget kan dette vise at targumen forstår namna som eponym, eller i det minste at desse namna kan knytast til geografiske stader, potensielt at dei har som oppgåve å dele inn den kjente verda. Det er rart då at teksten berre knyter Jafet si ætt til geografiske område. Eg vil seie at det er lite truleg at forfattaren rekna desse namna for å vise til land, men ikkje dei resterande namna. Jafet er blant alle dei andre som eg har lese rekna for å vere folka som er lengst vekke, og soleis mest framande, vi ser òg at desse er folkeslag som er fjerne, fleire i Anatolia, samt kysten på nordsida av Middelhavet, i Europa, og i Afrika.

Det kan tenkast at forfattaren tenkte at desse framande namna burde forklarast, medan dei andre namna var meir kjente, dette kan tenkjast for namn som Misrajim og Kanaan, men dei andre namna hadde nokk ikkje vert så kjente. Når Josefus, som var lærd og skreiv fleire hundre år før, ikkje var kjent med alle namna, er det utenkeleg at folk flest hadde kjent dei so lenge etter. Og vi ser jo då at dei som har skrive notane kjente at desse namna ikkje var sjølvagte, og held fram arbeidet med å identifisere desse namna.

Soleis har eg inga tilfredsstillande forklaring på kvifor teksta forklarar Jafet si ætt medan dei andre vert behandla i margin. Det at N si plassering av Jafet sine etterkommarar er meir spreidd enn hjå Josefus og kommentarane, kan komme av at den kjente verda var større på dette tidspunkta enn den var for den originale forfattaren. Soleis vert desse plasseringane eit døme på "oppdatering" av teksta, som eg nemnte tidelegare.²¹⁸ Diez Macho viser til at stadane

²¹⁶ MT og LXX

²¹⁷ Greenspoon (2020), S49-50

²¹⁸ Sjå kapittel 4.1.

gjennom gåande verkar å vere oppdatert til å stemme overeins med geografien i den romerske perioden.²¹⁹ I så tilfelle er dette mykje likt som Josefus sitt arbeid.²²⁰

Men det kan vere at heller enn å gjere stadane som var nemnt i den originale teksten, kjent i ein si tid, lik Josefus påstår å gjere, at dei får teksten til å referere til den aktuelle verda. Det er kjent at targumar ikkje hadde problem med å endre, og til å med gå mot bibelsk lov, for å skrive noko som passa med samtida.²²¹ Det er soleis vanskeleg å seie om dei, lik Josefus og W&W, har prøvd å gjere forstått i dag kva teksten seier, eller få teksten til å seie noko som passar i dag. Alexander verkar å halde med den siste oppfatninga, i det han skriv at targumane sin behandling av Gen 10 gjev eit kart over den verda som var kjent av omsetjarane^{222, 223}.

Eit anna uttrykk for ein slik oppdatering er endringa av landa som utgjorde Nimrod sitt rike. Her viser N til ein rekkjer stader som var kjente der arameisktalande budde på den tida. Det er soleis ein tydeleg tilknytning av Gen 10 til ein arameisk verkelegheit ved å omsetje frå babylonske til arameiske stadnamn.

Det er nokk òg ei eller anna form for "oppdatering" som ligg bak endringa i somme av dei andre namna, at dette var meir kjente namn i samtida. Vi kan blant anna sjå at N sitt impliserte forslag for Hamittane, er i nærleiken av W&W si plassering. Dette er òg sannsynleg blant anna for Kalne, som ikkje er kjent, men som av andre i det 4.århundre vart rekna for å vere Ctesiphon. Altso, for å gjere teksten meir forståeleg bytta dei ut ukjente namn, med der dei trudde namna viste til, eller der dei ynskja å vise til. Det verkar rart at dei gjorde dette med namn i lista, i staden for halde fram med praksisen frå Jafet si liste, men det var vanleg for targumane å byte ut hebraiske stadnamn med geografiske tilvisingar som var meir kjente i forfatternen sitt miljø.²²⁴ Ein kan òg merke at dei einaste endringane, både i teksten og marginen, er på folkeslagnamn, soleis kan ein tenka at folkegruppenamna som ikkje vart endre, var rekna for å vere forståelege.

Som sagt er det lite truleg at omsetjarane kunne forvente at alle desse stadane var kjente, men Safrai viser til at det òg er tilfellet at, trass i at targumane er skrivne for folk flest, so kan dei til

²¹⁹ Martinez (2013), S35-36

²²⁰ Sjå kapittel 3.2.2.

²²¹ Greenspoon (2020), S34

²²² Alexander brukar begrepet Meturgemanim som visar til dei som skreiv targumane.

²²³ Alexander (1988), S227

²²⁴ Greenspoon (2020), S33

tider skrive på ein måte som føresetter ein viss kunnskap og undervisning.²²⁵ Men dette vert mest synsing.

Det at korkje teksten eller marg notane endrar noko med Sem si liste kan komme av ein forståing at denne lista ikkje er eponym, noko som til ein grad vil samstemme med kommentarane og Josefus, som identifiserer desse namna i mindre grad enn dei tidelegare namna.²²⁶

Når det kjem til det som står om Nimrod, kan dette vere eit døme på at forfattaren snur på meininga, med å leggje til synd, at Nimrod var "ein kjempe (i synd) framfor Herren. Som eg har skrive om i kapittel 2.1 er alderen på den originale teksten usikker, men me veit for sikkert at denne omsetjinga er frå langt etter det babylonske eksilet, og at assosiasjonane for Babylon var dårlege, so dette kan vere eit døme på assosiasjonar med andre tekstar og anna kunnskap om historia, som formar tolkinga av teksten. Til slutt, endringa frå Eber i hebrearsønene er at dei skriv inn forståinga, både dei moderne kommentarane og Josefus meiner at Eber visar til hebrear, og her har N tydeleggjort dette for lesaren. Som sagt har margnotene nokre tillegg om Nimrod, som vi kjem til å komme att til.²²⁷ Han endrar òg frasen hebrearsønene til Sønene av Abar Nahara, som kan tyde forbi Euftrat.

4.1.2 Targum Pseudo-Jonathan

4.1.2.1 Kort om Pseudo-Jonathan

Kjent som Targum Yerushalmi, men ved feil kalla Targum Yonatan grunna forkortinga TY.²²⁸ Dette er targumen med mest ekstra stoff, og over 50 prosent er utgjort av tillegg. Targumen verkar å vere samansett med mindre omhug enn somme andre targumar. Targumen er til tider inkonsistent i omsetjing og i innhald, samt at mengda tillegg varierer frå kapittel til kapittel.²²⁹ Dei fleste homiletiske motiva har ein parallell i midrash og halakhik litteratur.²³⁰ Targumen har tillegg som visar til både tideleg og sein tradisjon, og grunna noko av det yngre materialet meiner Alexander at den siste redaksjonen av verket ikkje kan ha vore tidelegare enn 7.

²²⁵ Safrai (2006), S262

²²⁶ Sjå kapittel 2.2.2 & 3.2.2.

²²⁷ Sjå kapittel 4.1.2.2.

²²⁸ Safrai (2006), S266

²²⁹ Safrai (2006), S266

²³⁰ Safrai (2006), S267

århundre.²³¹ Men det er òg somme som meiner ein kan argumentere for ein tidelegare datering, ved å rekne noko av det tydeleg seinare materialet som tillegg.²³²

4.1.2.2 Gen 10 i Pseudo-Jonathan

Som nemnt er Pseudo-Jonathan (PJ) rekna for å ha meir tillegg enn N, og dette er gjeldande for attgjevinga av Gen 10 òg, der denne har fleire tillegg samt fleir avvik frå MT. PJ har tilleggsinformasjon om ei rekkje av Jafet sine etterkommarar, samt om Ham og Kusj sine søner, potensielt òg Rama sine søner. I likskap med N gjev ikkje PJ noko meir informasjon om dei andre namna i lista. Men lista i PJ har fleire avvik frå MT, enn N. Ei rekkje namn manglar, dette gjeld sønene etter Javan, Rama og etter Aram. Dette betyr altso at PJ berre har 66 namn, i staden for 70, eller 72. Elles har PJ andre namn på alle folkeslaga etter Misrajim, samt fire av folkeslaga etter Kanaan. PJ har òg fleire narrative tillegg som ikkje er å finne i N.

Om Nimrod står det som i N at han var ein syndar, men det vert òg lagt til at han var ein rebell, og den kjente frasen som vert vist til²³³ "Som Nimrod, ein veldig Jeger..." vert forlenga til å vise til at det sidan skapinga aldri har vore ein mektig jeger og rebell som Nimrod, framfor Herren. Dette er stoff som liknar veldig på alternativa i marginen til N.²³⁴ Det er òg meir stoff om kvifor han gjekk vidare frå dei fire første byane i kongedømet hans. Dette var fordi han ikkje ville ha del i "oppdelingas generasjon". Eg har inga kjelder på det, men det kan tenkast at dette viser til forteljinga om Babel i Gen 11, sidan Babel var ein sentral del av byrjinga av Nimrod sitt rikje.

Landa i forteljinga om Nimrod er stort sett like som i N, med unntak av at dei fire første byane var i landet Pontus, i staden for Babel som det står i N. Ei slik lesing er òg representert i marginen til N. Elles skriv PJ Hadiath i staden for Adiabene. Utanom dette reknar PJ landområdet til Kanaan frå Bothneas, i staden for Sidon, som me finn i både MT og N, men i likskap med dei to reknar han det so langt som til Callirrhoe. PJ skriv òg at Sem var far til alle hebrearsønene, men legg til skildringa av Sem som stor i frykt for Herren. Elles legg PJ til om Almodad at han målte jorda med leidning, og om Sjelef at han omdirigerte elvane.

²³¹ Alexander (1988), S219

²³² Greenspoon (2020), S36-37

²³³ Sjå kapittel 2.2.2.5.

²³⁴ Sjå kapittel 4.2.2.

Som nemnt mangla PJ ei rekkje namn, men det kan tenkast at somme av dei er impliserte. Ved både Gomer og Kusj sine søner var det nemnt fleire stadnamn enn det var namn. For hjelp ved omsetjing av desse verse nytta eg Michael Maher sin omsetjing. Han reknar Elisja, son til Javan, for å høyre til ein av stadane slik at det går opp, og reknar dei dei to ekstra namna for Kusj sine søner til å gjelde for Saba og Dedan, sønene til Rama.

Eg lurar på om ein kan lese teksten som om at alle sønene til Javan er implisert, og at dei stadane som er lista opp er meint for dei og ikkje for Gomer sine søner. Dette tenkjar eg på bakgrunn av at det er mykje likt mellom stadane for Jafet sine etterkommarar hjå både N og PJ²³⁵, og dei namna som er lista opp for Gomer sine søner hjå PJ er, med unntak av eit namn, identisk med namna som N listar opp for Javan sine søner, samt at det er større grad av fonetiske likskapar mellom dei namna og landa som vert nemnd, noko som var ein vanleg metode i midrasj litteraturen for å identifisere bibelske stadar.²³⁶ Og me ser dette litt i attgjevinga av Gen 10.

4.1.2.2.1 Om skilnadane i Gen 10

Mykje av det eg peika ut om Gen 10 i N vil vere gjeldande her òg, då spesielt med intensjon bak tillegg med geografisk informasjon for somme av etterkommarane, endring av namna på somme av folkeslaga, samt negativ vinkling om Nimrod. Det siste vert truleg gjeldande òg for den ekstra positive formuleringa av Sem. Det som skil seg mellom dei er hovudsakeleg omfanget av desse tillegg, samt somme narrative tillegg. Omfanget kan ein tilskrive det at PJ er rekna for å vere eit yngre verk som trekkjer inn fleire kjelder, og som er mindre konsistent. Når det gjeld dei meir narrative tillegg om Nimrod og sønene til Joktan, kan dette tenkjast å komme frå midrashim og rabbinsk tradisjon. Som eg har nemnt er det kjent at targumane ofte samstemmer med desse tradisjonane, og i følgje Safrai er det spesielt vanleg for PJ å bruke dette materialet på ein måte som føreset kjennskap til desse tradisjonane.²³⁷ Det som òg er tydeleg når ein samanliknar Gen 10 hjå N og PJ er at mykje av materialet i margin hjå N, samstemmer med PJ, noko som støtter tanken om at mykje av dei seine tillegg til N truleg kjem frå ein yngre targum, og då potensielt PJ.²³⁸

²³⁵ For spesefikke dømer sjå tabell under.

²³⁶ Safrai (2006), S500

²³⁷ Safrai (2006), S 260-261

²³⁸ Safrai (2006), S269-270

Her følger ein full samanlikning av alle resepsjonane og tabellane som vi har vore gjennom. Eg kjem òg til å markere det som kjem av margen med forkorting mg.

MT	LXX	Josefus	Targum N	Targum Ps-J	Wenham/Westerman	
גֹמֶר Gomer	Γαμερ Gamer	Γαλάται Galatarar	אפריקי Frygia	אפריקי Frygia	Kimeriarar/Skytere, eventuelt busett i Kappadokia	Begge
מָגוּג Magog	Μαγωγ Magog	Σκύθαι Skyterer	גרמניא Germania	גרמניא Germania	Usikker	Begge
מָדַי Madai	Μαδαι Madai	Μήδοι Medere	מדי Media	המדיי Media	Medere, Medais, nordaust Assyria	Begge
יָוָן Javan	Ιωουαν Iouanan	Ἰωνία καὶ πάντες Ἕλληνας Jonia, og alle grekarane	Μακεδονία Makedonia	Μακεδονία Makedonia	Jonere, kysten av Tyrkia	Begge
	Ελισα Elisa				Kilikia, i Antolia	Begge
תּוּבַל Tubal	Θοβελ Thobel	Ἰβηρες Iberarar	Βιθυνία Bitynia	Βιθυνία Bitynia	Frygia, i Antolia	Begge
מֶשֶׁךְ Mesjek	Μοσοχ Mosoch	Καππαδοκία Kappadoki arar	Μυσία Mysia	Ἀσία Asia	Egeiske piratar, etablerte i Italia, truleg opphavelg frå Anatolia	Begge
תִּירָס Tiras	Θιρας Thiras	Θρακεις Trakarar	Τρακία Trakia	Τρακία Trakia	Skytarar, eventuelt busett i Media	Begge
אַשְׁכְּנַז Asjkenas	Ἀσχαναζ Aschanaz	Ῥήγινον Reginarane ²³⁹	Ἀσία Asia		Paflagonarar, busett mellom svarte havet og Bithynia	Begge
רִיפַת Rifat	Ριφαθ Rifath	Παφλαγόνες Paflagonar ar	Βαρκωί Barkewi		I omerådet mellom øvre Halys og Eufrat	Begge

²³⁹ Visar kanskje til sør-Italia, sjå Mason & Feldman(2000), Note 336

תְּגָרְמָה Togarma	Θοργαμα Thorgama	φρυγαρες Frygarar	ברבריא Barbaria		Kypros, eller kreta	Usamde
אֵלִישָׁה Elisja	Ελισσα Elisja	Αιολαις Aiolere	אלס Hellas	אלס Hellas	Fønikarar, West Spania eller Kartago	Usamde
תַּרְשִׁישׁ Tarsis	Θαρσις Tharsis	Θαρσεῖς ²⁴⁰ Tarsis/Kilikia	טרסס Tarsis	טרסס Tarsis	Kypros	Begge
כִּיֲתִים Kittim	Κίτιοι Kitioi	Κύπρος Kypros	איטליא Italia	אכזיא Achaia	Rodos eller Dodanim	Usamde
דְּדָנִים Dodanim	Ῥόδιοι Rhodioi		דרדריי Dardania	דרדניא Dardania	Sør for Egypt, Nubia eller Ethiopia	Usamde
כּוּשׁ Kusj	Χους Chous	Χουσαῖον Etiopia	ערביא Arabia (mg)	ערביא Arabia	Egypt	Begge
מִצְרַיִם Misrajim	Μεσραιμ Mesraim	Αιγυπτίους Egypt	מצרים Egypt (mg)	מצרים Egypt	Libya eller Punt ved kysten av Somalia	Begge
פּוּט Put	Φουδ Phoud	Λιβύην Libya	אלייחרק Allihroq (mg)	אלייחרק Allihroq	Låglandet vest for Jordan, moderne Israel, Lebanon og delar av Syria	Begge
כְּנַעַן Kanaan	Χανααν Chanaan	Ἰουδαίαν Judea	כנען Kanaan (mg)	כנען Kanaan	Meroe, øvre Egypt	Wester mann
סְבָא Seba	Σαβα Saba	Σαβαίους Sebearane, i Meroe	סיניראי Sinaritane (mg)	סיניראי Sineritar	Arabia	Begge
חַוִּילָה Havila	Ευιλα Euila	Γαιτοῦλοι Gaetoulian ^{s241}	הינדיקאי Indarane (mg)	הינדיקי Indarar	Hadramaut	Begge
סַבְתָּא Sabta	Σαβαθα Sabatha	Ἀσταβαροι Astabarian ^{s242}	סמראי Semarae (mg)	סמראי Semarittar	Ragmah nord Jemen	Begge

²⁴⁰ Her seier Josefus at Tarsis var tidlegare kjent som Kilikia

²⁴¹ India eller Gaetulia i nord-Afrika Mason & Feldman(2000), Note 371

²⁴² Truleg Astabaras elva i Etiopia Mason & Feldman(2000), Note 374

רעָמָה Rama	Ρεγμα Regma	Ῥαμαίους Rameans	לובאי Libyarane (mg)	לובאי Libyarar	Usikker	
סַבְתֵּכָא Sabteka	Σαβακα θα Sabakath a	Σαβακτηνο ύς Sabaktenia ns	זינגאי Zingitane (mg)	זינגאי Zingittar	Sabaerne, sørvest Arabia	Begge
שָׁבָא Saba	Σαβα Saba	Σαβαῖος Sabaerne	זמרגד Zemargad (mg)	זמרגד Zemargad	Al-Alula, 70 mil sørvest for Tema	Begge
דֵדָן Dedan	Δαδαν Dedan	Ἰουδαδαί ους Joudadear ane ²⁴³	מזג Mazag (mg)	מזג Mezag	Ikkje eponym	Begge
נִמְרֹד Nimrod	Νεβρωδ Nebrod	Ναβρώδης Nebrod			Usikker, truleg nær Egypt	Begge
לִוְדָרַנ Ludaran e	Λουδιιμ Loudiim	Λουμαίου Loumaiare	לודיי/לודיי Lydiarane, Lybiarane (mg)	ניוואי nivatittar	Usikker	Begge
עֲנַמְרִי Anamar ane	Ενεμετι ιμ Enemetii m	Ἀναμία Anamara ne	ענמיה/ מריוואי Mareothita ne (mg)	מריוואי Mareotitta ne	Libya, nord Afrika, vest for Egypt	Begge
לְהַבְרִי Lehabra ane	Λαβιιμ Labiim	Λαβίμου busett i Libya	להבייא/ באנתפולטאי Pentopolita earane	להבייא Libyarar	Usikker, forslag Nedre Egypt	Begge
נַפְתְּחָיִם Naftuhar ane	Νεφθαλι ιμ Nephthal iim	Νεδέμου Nedamara ne	נפתוחי Sikkenittan e	פנטסכינאי pentaseken ittar	Pathros, Øvre Egypt	Begge
פַּטְרוֹסָט Patrusat ane	Πατροσ ωνιιμ Patroson iim	Πεθρωσίμ ου Patrusatan e	פּתרוסיא/ Pelusitane (mg)	נסיואי Kasiotittar	Usikker	Begge
כַּסְלוּחַיִם Kasluhar ane	Χασλων ιιμ Chaslonii m	Χεσλοίμου Chaslioniim	כסלוחיא Pentasekini tane (mg)	פנטפוליטי pentapolita niarar	Kreterer, frå Kreta	Begge
כַּפְתְּרִי Kaftorar ane	Καφθορι ιμ	Χεφθώμου Chaphthori anare	קפודקאי Kappadoki arane	קפודקאי kappadokia rar	Sidon mellom Tyre og Beirut, Fønikere	Begge

²⁴³ Etiopisk folkeslag i vest regionen

	Kaphthor iim					
צִידוֹן Sidon	Σιδῶνα Sidona	Σιδῶν Sidon	צִידוֹן Sidon	צִידוֹן Sidon	Hettittar, Palestina under patriarktida	Begge
חֶת Het	Χετταίων Chettaio n	Χετταίου Chettaiana re	חֶת Het	חֶת Het	Huriske, bosett i omerådet rundt Jerusalem	Begge
יְבוּסִי Jebusitta ne	Ιεβουσαί ον Iebousai on	Ἰεβουσαί ου Jubusittan e	יְבוּסִי Jebusittane	יְבוּסִי Jebusittane	Amuru, i fjellkjede i sentralpalestin a	Wester mann
אַמֹּרִי Amoritta ne	Ἀμορραί ον Amorraio n	Ἀμορραίου Amorittan e	אַמֹּרִי Amorittane	אַמֹּרִי Amorittane	Ukjent	Begge
גִּרְגַּשִׁי Girgasjit tane	Γεργεσαί ον Gergesai on	Γεργεσαί ου Gergasitta ne	גִּרְגַּשִׁי Girgasjitane	גִּרְגַּשִׁי Girgasjitane	Hovudsakeleg Nord i Libanon og Syria, eller i sentralpalestin a	Usamde
חֲוִי Hevittan e	Ευαίων Euittane	Ευαίου Euittane	חֲוִי Havittane	חֲוִי Havittane	Arqa, 12 mil nordøst for Tripoli	Begge
עִרְקַי Arkittan e	Ἀρουκαί ον Aroukaio n	Ἄρκην τὴν ἐν τῷ Λιβάνῳ Arke i Libanon	עִרְקַי Arkittane	עִרְקַי Arkittane	Siannu, fønisk kyst by nær Arqa	Begge
סִינִי Sinittane	Ἀσενναί ον Asennaio n	Σειναίου Seinittane	אֲרֹתוֹסִי/ סִנְתִּי Orthosittar/ Sinittane (mg)	אַנְתוֹסִי Anthosittar	Arvad, moderne Ruad.	Begge
אַרְדִּי Arvaditt ane	Ἀράδιον Aradion	Ἄραδον Ardon	לוֹטְסִי Lutasitane (mg)	לוֹטְסִי Lutasitane	Sumur, sumra. Nær Arvad	Begge
צָמָרִי Semarkit tane	Σαμαραί ον Samarai on	Σαμαραίου Samarane	חֹמְצִי Hamasitane (mg)	חֹמְצִי Hamasitane	Moderne Hama ved elva Orontes	Begge

חַמַּתִּי Hamatitt ane	Αμαθι Amathi	Ἀμάθη/ Ἐπιφάνεια v Amathe/ Eriphania	אַנְטִיּוֹכִי Antiokiarar	אַנְטִיּוֹכִי Antiokiarar	Aust for Babylon/meso potamia	Begge
עֵלָם Elam	Αιλाम Ailam	Ἐλυμαίους /Περσῶν Elamearane/ persarane			Assyria	Begge
אַשּׁוּר Assur	Ασσουρ Assour	Ἀσσυρίους Assyranane			Babylon eller Arrapa	Usamd
אַרְפַּכְשָׁד Arpaksjad	Αρφαξάδ Arphaxad	Χαλδαίους Kaldearar			Lydia i antolia eller Lubdu på øvre-Tigris	Begge
לֹד Lud	Λουδ Loud	Λούδας Lydarar			Arameere, Aramu/Aramn aharaim nord for Elam, med bosettingar i Syria	Begge
אַרָם Aram	Αραμ Aram	Ἄραμος/ Σύρους Arameere/ Syrarar			Ukjent	Begge
	Καιναν Kainan				Ukjent	Begge
עוּז Us	Ὠς Os	Τραχωνίτιν καὶ Δαμασκόν Trachonitis og Damaskus			Ukjent	Begge
חֹל Hul	Ουλ Oul	Ἀρμενίαν Armenia			Kan vere Masius fjellet nord- mesopotamia, eller Lebanon	Wenham
גֵּתֵר Geter	Γαθερ Gather	Βακτριανός ύς Baktriarar			Ukjent, truleg ikkje eponym	Begge
מַשְׁ Masj	Μοσοχ Masoch	Μησαναίος ύς			Ikkje eponym	Begge

		Mesaneare ne				
הַלַּהּ Sjelah	Σαλα Sala	Σάλης Sala			Ikkje eponym	Begge
עֵבֶר Eber	Εβερ Eber	Ἐβερὸς Eber			Ikkje eponym	Begge
פֶּלֶג Peleg	Φαλεκ Phalek	Φάλεγον Phalek			Ukjent	Begge
יֹקְטָן Joktan	Ἰεκταν Iektan	Ἰούκτα Ioktan			Jemensk stamme Salf/Sulf, distrikte Silf	Wenham
אֶלְמוֹדָד Almodad	Ελμωδα δ Elmodad	Ἐλμόδαδο ς Elmodad			Distriktet Hadramaut aust for Jemen	Wenham
שַׁלְפָּה Sjelef	Σαλεφ Saleph	Σάλεφος Saleph			Ukjent	Begge
חַסְרָמָוֶת Hasarmavet	Ασαρμω θ Asarmoth	Ἄζερμώθη ς Asermoth			Ukjent	Begge
יֵרָח Jerah	Ἰαραχ Iarach	Εἰράης Eira			Azal, gamle namnet for Sanaa, i Jemen	Wenham
הַדֹּרָם Hadoram	Οδορρα Odorra	Ἐδώραμος Edoram			Ukjent	Begge
אֶזָּל Usal	Αιζηλ Aizel	Οὐζάλης Ouzal			Ukjent	Begge
דִּקְלָה Dikla	Δεκλα Dekla	Δαήλης Daela			Ukjent	Begge
עֹבָל Obal		Ἴβαλος Ebal			Ein stamme i sør Arabia	Begge
אַבִּימָאֵל Abimael	Αβιμεηλ Abimeel	Ἀβιμάηλος Abimael			Sør vest Arabia	Begge
שָׁבָא Saba	Σαβευ Sabeu	Σάφας Sapha			Sør Arabia	Begge
אֹפִיר Ofir	Ουφιρ Ouphir	Ἵφίρης Ophir			Sør Arabia	Wenham
הַוִּילָה Havila	Ευιλα Euila	Εὐίλης Euila				
יֹבָב Jobab	Ἰωβαβ Iobab	Ἰόβηλος Iobal				

4.2 Konklusjon om targumane

Sidan mykje av det som ligg bak er likt for targumane vil eg konkludere saman om dei. Som eg var innom når eg tok føre meg kva som er særlege for N, er det som definerer targumane som resepsjon, intensjonen og konteksten. Josefus rekna seg for å vere ein historikar som gjev att historia rett og skylda andre for ikkje å gjere det, og som skriv i ein gresk og romersk kontekst, og knivar med andre historikarar og forfattarar, medan han prøvar å selje den jødiske tradisjonen og trua, har ein resepsjon som er meir prega av å vere retta mot meir akademiske og lærde lesarar, og lesarar som ikkje berre er framande for jødiske historie og skikkar, men som gjerne òg er fiendtlege mot dei. Targumane, på sin sida, rettar seg mot "folk flest". Som eg har snakka om i 4.1 og 4.1.1.3, er targumane meint for jødar som ikkje hadde god nokk kunnskap i hebraisk. Soleis er dei, i motsetnad til Josefus, ikkje skrivne for lærde akademikarar, ei heller for ein lesar som er kritisk til jødedommen, men til ein som er jøde.

Trass i denne skilnaden ender dei opp med å gjere mykje det same. Dei begge kjem med eit forsøk på å forklare teksten, men medan Josefus skriv om teksta, skriv targumane inn i teksta. Som me har sett gjev Josefus i stor grad att teksta, men han utgjeve seg for å attgjeve historia, ikkje teksta, medan targumane utgjeve seg for å vere ein omsetjing av teksta, der forklaringar vert skrivne inn, slik at teksta vert forstått.

Og desse innlegga som utgjer forklaringa av teksta dei står som sagt oftast i rabbinsk tradisjon, og kjem frå *midrasj* og *halakikk* tradisjon.²⁴⁴ Dei fleste tilleggga i denne teksta omhandlar geografi, og midrasjar har fleire måtar dei ofte behandlar geografi på. Somme midrasjar går inn for å forklare betydninga av geografisk informasjon for ein tekst.²⁴⁵ Andre har ein meir homiletisk tilnærming, der dei formar bibelverset og den geografiske informasjonen i det etter ein spesifikk ide, eit døme på dette er hjå R. Yohanan som seier at det var tolv "miles" mellom Adam og Zarethan nemnt i Joshua 3:16. Dette stemmar ikkje, men det er truleg knytta opp mot ein legende om at Israels born sin leir var 12 "miles" lang.²⁴⁶ Medan somme inneheld rein

²⁴⁴ Sjå kapittel 4.1.1.1 & 4.1.2.1.

²⁴⁵ Safrai (2006), S500

²⁴⁶ Safrai (2006), S501

geografisk informasjon til å identifisere bibelske stader.²⁴⁷ Det kan verke som det er denne siste typen geografiske tillegg som hovudsakeleg pregar vår tekst.

Det er vanskeleg å seie kvar denne informasjonen kjem frå, det som var attkjenneleg var litt over alt, medan mykje ikkje var attkjenneleg. Safrai reknar at ein del er basert på fonetiske likskapar, som nemnt i kapittel 4.1.4. Men han erkjenner at mykje truleg òg er henta frå gamle tradisjonar om plasseringa av diverse namn.²⁴⁸ Safrai reknar dei for å ha hatt god kunnskap om landa innanfor landet Israel, medan kunnskapen om verda elles er svakare. Safrai visar til at skriftlærde reiste rundt i den jødiske diasporaen, og at somme tradisjonar talar om Egypt, og at andre talar om Italia, men at det er tydeleg at dei ikkje var spesielt kjente der.²⁴⁹

Når ein ser på dei landa som vert nemnd i targumane kan ein merke at den verda som dei teiknar er større enn den som Josefus og kommentarane teiknar opp. Dette kan komme av den konteksten som eg har diskutert tidelegare i dette kapitlet. Medan kommentarane, og Josefus til ein viss grad, prøvar å vise kva som opphavelig var meint med teksten, prøvar targumane og forklare teksten til truande som lever i dag. Ein kan då tenke at dei er meir fokuserte på korleis ein skal forstå han no, og om dei forstår tekstane til å vise til den kjente verda, slik som me såg i kapittel 2.1.2 at somme moderne kommentarar gjorde, finn forfattarane av targumane seg i ei tid der den kjente verda var betydeleg større enn når Gen 10, slik ho er i MT, stod ferdig. Som eg har vist til tidelegare var ikkje targumane redde for å gjere endringar for å passe si eiga tid betre.²⁵⁰

Soleis liknar eigentleg targumane mykje på Josefus, som òg i stor grad er forma av den konteksten han skriv i. Men kanskje ein utav hovudskilnadane, anna enn at targumane er ein omsetjing som følgjer teksten på ein måte som Josefus ikkje gjer, ligg i at Josefus omsett forteljinga og narrative til den greskspråklege verda, medan targumane omset dei jødiske skriftene til andre jødar. Medan Josefus opplever at han gjer *sitt* forståeleg for andre, gjer targumane *sitt* forståeleg for sine.

²⁴⁷ Safrai (2006), S501-502

²⁴⁸ Safrai (2006), S501-502

²⁴⁹ Safrai (2006), S505-506

²⁵⁰ Sjå kapittel 4.2.2.

5 Konklusjon

Mitt mål med oppgåva har vore å utføre ein resepsjonshistorisk analyse av Gen 10, ein tekst som mange verkar å meine at har eit behov for forklaring. Eg har hatt som mål å utføre denne analysen ved hjelp av metoden som Brennan Breed formulerer i boka "*Nomadic Text, a Theory of Biblical Reception History*." der han både utvidar forståinga av resepsjonshistorie som felt, samt forståinga av kva ein tekst er, med å nytta tanken om ein tekst som ein prosess. For Breed er det eit viktig prinsipp å late innhaldet i ei tekstutgåve styre vår oppfatning av ho, heller enn konteksta til utgåva. Han skriv at når ein kategoriserer utgåver av ein tekst burde ein ikkje dele dei inn etter kva dei er, deira kontekst og opphav, til dømes hellenistisk tekst frå 200 f.Kr, men heller etter kva teksta gjer. Dette tek eg med meg i det eg no sumerar opp det eg har funne i oppgåva, men det er ironisk nokk slik at kontekst og bakgrunn har vore viktig i mitt arbeid, med å finne ut kva som er særlege for desse utgåvene, samt kva som verkar å vere det som hovudsakeleg skil dei.

No som konklusjon av oppgåva vil eg summere opp det eg har funne gjennom oppgåva. Eg vil vise til teksten sin kapasitet slik han står fram ut frå mitt avgrensa prosjekt, og sjå på kva som er likt og ulikt ved desse utgåvene, og kva desse skilnadane kokar ned til.

5.1 Virtuell kapasitet

Frå min diskusjon av historisk-kritiske analyser av Gen 10 i kapittel to, fann eg fleire måtar å forstå teksten slik han står i MT. Teksten kan lesast som ein inndeling og organisering av verda slik ho var, og denne organiseringa kan vere gjort på historisk, politisk eller sosiokulturelt grunnlag. Teksten kan og vere ein mytisk forklaring på ei seinare tid sine tilstandar. Soleis kan teksten vise oss korleis alle menneske har eit felles opphav og soleis alle har del i lovnadane etter storflaumen. Eller han kan vise oss korleis alle menneske soleis har eit slekts fellesskap, og burde søkje fred, eller at den konflikt som er burde sjåast som ein familie konflikt, eller konflikt bland nære heller enn oss mot dei. Eller so kan teksten vere eit bindeledd mellom det som har skjedd tidelegare i forteljninga og det som skal skje vidare i forteljningane, eit frampeik til og forklaring for Abraham sin erobring av kanaanittiske folkeslag. Eller so kan ein sjå det som ein referanse til krig mellom restane av kongedøme Makedonia. Eller rett og slett berre som oppfyllinga av kallet i Gen 1 om å verte mange.

5.2 Gen 10 i dei forskjellige resepsjonane

Alt dette er med å utgjere teksten sin virtuelle kapasitet, altså, alt dette er legetime uttrykk for teksten sitt meningspotensial. Men det som det råder størst einigheit om er oppfatninga av at listene i Gen 10 i stor grad inneheld eponymar, som er meint å vise til spesifikke geografiske stader. Dette kjem tydeleg fram hjå dei moderne eksegetane som eg tok føre meg i kapittel to, men kjem òg tydeleg fram i alle resepsjonane som eg behandla i resten av oppgåva.

Den første resepsjonen eg såg på, som vert behandla i kapittel tre, er LXX, som er prega av å vere ein sær nærleggjande omsetjing, som stort sett prøvar å omsetje ordrett, og på det meste hintar til teologiske oppfatningar og tolkingar. Dette såg vi òg i LXX si attgjeving av Gen 10, der omsetjaren sin oppfatning var mindre tydeleg enn i dei andre resepsjonane, i det teksten stort sett likna teksten slik han står i MT. Men det var framleis skilnader mellom teksten i LXX og MT. Ein del kan tyde på at omsetjarane oppfatta namna som eponyme, trass i at dei ikkje viser dette direkte, slik som dei andre resepsjonane gjer. Det er òg usikkert om somme av dei andre endringane er gjort med mening, men om dei er kan dette vise til eit ynskje om å få teksten til å stemme overeins med rådande teologiske oppfatningar, anten for å gje autoritet til teksten og vise at det bibelske materialet og teologien er konsistent, eller for å gje autoritet til dei rådande tankane og teologien. Dette kan potensielt vise til ein mytisk oppfatning.

Den andre resepsjonen vi var innom var attgjevinga av Gen 10 i "*Jødiske antikviteter*" av Flavius Josefus. Dette, i motsetnad til dei andre resepsjonane, er ikkje ein omsetjing, i alle fall ikkje ein tradisjonell omsetjing, og ikkje berre ein omsetjing. Dette er eit historisk verk skrive i ein kontekst og tradisjon der ein formar tekstane og forteljingane, og gjev dei eins eige preg, samstundes som ein held historisk sanning som eit ideal. Josefus nyttar so fleire kjelder enn berre forskjellige tekst utgåver, for å gje att ei historie og eit narrativ. Josefus held skriftene høgt, og ser på dei som sanne. Det er òg tydeleg i hans attgjeving av Gen 10 at han opplever at dei fleste namna er knytt til geografiske stader.

I hans attgjeving, uttrykker Josefus at det han gjer med teksten er å gjere det tydeleg for greskspråklege å forstå kvar desse namna høyrte til, grunna at tekstens referansar og historia knytt til desse namna, ikkje er sjølvsagt på gresk, i ei verd etter Makedonia si vekst som overskygga den lokale historia i kongedømet med sin hellenske historie. Soleis kan ein kanskje kalle Josefus sitt prosjekt for ein slags omsetjing, men ikkje som å gjere noko frå eit språk til

eit anna, men heller å gjere ein kultur si historie forståeleg i ein annan kultur. Om ikkje ein omsetjing so kan ein gjerne kalle det ei oppdatering, der han gjer det han meiner teksten viste til kjent i sin tid og kontekst.

Dette er ein måte som Josefus sin kontekst pregar han, men ein annan er at han skriv for romarar, og folk som ikkje er kjent med hans semittiske kultur og som gjerne er fiendtlege mot den. Dette førar til at Josefus sitt verk ofte har eit apologetisk preg, og ofte fremjar hans kultur som noko bra. Det er tenkeleg at Josefus sin attgjeving av Gen 10 er med å fremje dette, om ein tenkar på teksten sin kapasitet til å formulere fellesskap, og fred. Det er òg tydeleg at Josefus sin attgjeving er knyt til det som, i MT, kjem før òg etter, med å vise til Ham/Kanaans forbanning og til Sem som stamfar til Abraham.

Dei to siste resepsjonane som eg såg på, Targum Neofiti og Pseudo-Jonathan, finn stad ein plass mellom Josefus og LXX. Desse er utan tvil omsetjingar, som følgjer teksten i MT, men er heller ikkje det ein tradisjonelt tenkar på med omsetjingar, sidan desse arameiske omsetjingane av hebraisk tekst inneheld ei rekkje tillegg som ofte forklarar teksten, eller i det minste seier meir enn det som er å finne i noko hebraisk grunntekst. I targumane sin attgjeving av Gen 10 finn me endringar i teksten, samt notar mellom linjer og i marg, dette stoffet står i rabbinisk *midrash*, *halakha* og *aggada* tradisjon. I Gen 10 er mykje av dette materialet brukt til å knytte namna i Gen 10 opp mot geografiske stadar.

Soleis gjer targumane mykje det same som Josefus, men medan Josefus skreiv til ein lærd lesar, antakeleg i Roma, som var framand med kulturen og historia som vart representert, var targumane ein omsetjing for "folk flest", for jødar som ikkje kunne hebraisk. Soleis hadde targumane ikkje eit behov for den same apologetiske ordlyden som Josefus, samstundes som dei kunne forutsette litt kunnskap. Men trass i det strekker dei seg òg lengre i å forsikre seg om at lesarane forstår teksten rett. Soleis kan ein òg seie at targumane forstår teksten som eponym, og at dei lik Josefus oppdaterer teksten, slik at deira lesarar i deira kontekst, kan forstå han. Spørsmålet er om dei gjer dei gamle namna kjente i si tid, eller om dei får teksten til å vise til verda slik ho var i deira tid. Dette var ikkje ukjent for targumar å få teksta til å samsvare med deira eigen røyndom.

5.3 Oppsummering

No har eg i denne oppgåva, trass i eit avgrensa omfang, demonstrert ein måte å drive resepsjonshistorisk analyse på, og presentert eit resepsjonshistorisk prosjekt på norsk. Eg har òg presentert noko om korleis Gen 10 kan tolkast og brukast. Om eg no skulle kategorisere desse resepsjonane, ville nokk eit kriterium vere kor nære dei ligg teksten. Der LXX er nærliggande, targumane følgjer teksten, men endrar og føyer til han, medan Josefus gjev att teksta, men står fri til han og endrar og supplementære han i ein større grad. Elles visar denne analysen ein lang tradisjon av å tolke Gen 10, som ein tekst som impliserer geografiske tilvisingar, og soleis ein tradisjon ved å forklare desse tilvisingane i eins eigen tid og kontekst. Ein tradisjon som lever vidare i moderne eksegetar sitt arbeid, der det stadig kjem nye dømer som viser oss korleis denne tolkingstradisjonen lever vidare. Soleis vert kontekst det største skiljet mellom desse: LXX prøver forsiktig å bevare stadreferansane på gresk, medan Josefus går sterkt til verks for å forklare desse namna på gresk, til eit romerskpublikum i ei tid prega av det han opplever som eit hellensk slør som ligg over historia. Og targumane prøvar å forklare desse stadane i romersk tid, til eit arameisk publikum, på ein måte som sørger for at lesaren forstår teksten i tråd med rabbinsk tradisjon og omsetjaren sin eigen forståing, på ein måte som samsvarar med deira tid og kontekst. Og på same måte har moderne eksegetar forsøkt å gje meining inn i deira kontekst. Det spennande er at dei i enkelte tilfelle brukar akkurat desse resepsjonane som forklaring på tydinga av namn i Gen 10. Soleis kan vi seie at kommentarlitteraturen òg fungerer som resepsjonshistorie og føyer seg inn i tradisjonen etter LXX, Josefus og targumane.

6 Litteratur

6.1 Primærkjelder

Biblia Hebraica Stuttgartensia. (1977). Stuttgart: German Bible Society

Det Norske bibelselskap. (2011). Bibelen: Den heilage skrifta: Det gamle og Det nye testamentet. Oslo: Bibelselskapet

Septuaginta: Id est Vetus Testamentum graece iuxta LXX interpretes. (1965). Stuttgart: Württembergische Bibelanstalt

Josefus "*Jewish Antiquities*":

Tekst: Josephus, F., & Niese, B. (1888–). *Flavii Iosephi opera*. Berlin: Weidmann.

Omsetjing: Josephus, F., Mason, S., & Feldman, L. H. (2000). *Flavius Josephus: Translation and Commentary: Judean Antiquities Books 1-4 (Vol. 3)*. Leiden: Brill.

Targum Neofiti:

Tekst: Comprehensive Aramaic Lexicon. (2005). *Targum Neofiti to the Pentateuch*. Hebrew Union College. Hentet frå Logos Bible Software.

Omsetjing: Cathcart, K., Maher, M., & McNamara, M., eds. (1992). *The Aramaic Bible A: Targum Neofiti 1: Genesis (M. McNamara, Trans.; Vol. 1)*. The Liturgical Press.

Targum Pseudo-Jonatan:

Tekst: Comprehensive Aramaic Lexicon. (2005). *Targum Pseudo-Jonathan to the Pentateuch*. Hebrew Union College. Hentet frå Logos Bible Software.

Omsetjing: Cathcart, K., Maher, M., & McNamara, M., eds. (1992). *The Aramaic Bible B: Targum Pseudo-Jonathan: Genesis (M. Maher, Trans.; Vol. 1)*. The Liturgical Press.

6.2 Andre kjelder

Alexander, P. S. (1988). *Jewish Aramaic Translations of Hebrew Scriptures*. I M. J. Mulder, H. Sysling (Red.), *Compendia rerum Iudaicarum ad Novum Testamentum : 2 1 : The Literature of the Jewish people in the period of the Second Temple and the Talmud Mikra : text, translation, reading, and interpretation of the Hebrew Bible in ancient Judaism and early Christianity (s. 217-254)*. Assen: Van Grocum Fortress Press

Attridge, H. W. (1984). Josephus and His Works. I M. E. Stone (Red.), *Compendia rerum Iudaicarum ad Novum Testamentum : 2 2 : The Literature of the Jewish people in the period of the Second Temple and the Talmud Jewish writings of the Second Temple period : Apocrypha, Pseudepigrapha, Qumran sectarian writings, Philo, Josephus* (s. 185-232). Assen: Van Gorcum Fortress Press

Breed, B. W. (2014). *Nomadic Text: A Theory of Biblical Reception History*. Indiana: Indiana University Press

Carr, D. M. (2021). *Genesis 1-11*. Stuttgart: Verlag W. Kohlhammer

Carr, D. M. (2020). *The Formation of Genesis 1-11: Biblical and Other Precursors*. New York: Oxford University Press

Coats, G. W. (1983). *Genesis: With an Introduction to Narrative Literature*. Grand Rapids, Mich: Eerdmann

Collins, J. J. (2014). *Short Introduction to the Hebrew Bible: and Deutero-Canonical Books*. (2. Utg). Minneapolis: Fortress Press

Crawford, S. W. (2014). *III. Judaism*. I *Encyclopedia of the Bible and its Reception Vol. 9*. Berlin/Boston: Walter de Gruyter

Glenny, E. W. (2021). The Septuagint and Theology. I Ross, W. A, Glenny, E. W (Red.), *T&T Clark Handbook of Septuagint Research* (S. 313-327) London etc: T&T Clark

Gmirkin, R. E (2006). *Berosus and Genesis, Manetho and Exodus: Hellenistic histories and the date of the Pentateuch*. New York: T&T Clark

Greenspoon, L. (2020). *Jewish Bible Translations: Personalities, Passions, Politics, Progress*. United States: The Jewish Publication Society

Lincoln, L. R. (2009). The Use Of Names As Evidence Of The Septuagint As A Source For Josephus Antiquities in Books 1 to 5. I Cook, J (Red.) *Septuagint and Reception; Essays Prepared for the Association for the Study of the Septuagint in South Africa* (S. 179-194). United States: Brill

Lyons, J. W, England, E (2015). *Reception History and Biblical Studies: Theory and Practice*. Vol. 615. *Scriptural Traces*. London: Bloomsbury

Martínez, F. G. (2013). *Between Philology and Theology: Contributions to the Study of Ancient Jewish Interpretation*. Leiden: Brill

Müller, M. (2021). Theology in the Septuagint? I Salvesen, A. G, Law, T. M (Red.), *The Oxford Handbook of the Septuagint* (S. 105-119) Oxford: Oxford University Press

MythVision Podcast. (2021, 30. Juli). The Table of Nations Genesis 10 - Russell Gmirkin #4 [Video] Youtube. <https://www.youtube.com/watch?v=AZczvbkzX0>

Oded, B. (1986) "The Table of Nations (Genesis 10)—A Socio-cultural Approach." ZAW 98 (1986) (S. 14–31.)

Rajak, T. (2021) Josephus and the Septuagint. I Salvesen, A. G, Law, T. M (Red.), *The Oxford Handbook of the Septuagint* (S. 421-433) Oxford: Oxford University Press

Safrai, Z. (2006). The Targums as Part of Rabbinic Literature. I S. Safrai, Z. Safrai, J. Schwartz, P. J. Tomson (Red.), *Compendia rerum Iudaicarum ad Novum Testamentum : 2 3 2 : The literature of the Jewish people in the period of the Second Temple and the Talmud The literature of the Sages Midrash and Targum, liturgy, poetry, mysticism, contracts, inscriptions, ancient science and the languages of Rabbinic literature* (s. 243-278). Assen: Van Gorcum Fortress Press

Safrai, Z. (2006). Geography and Cosmography in Talmudic Literature. I S. Safrai, Z. Safrai, J. Schwartz, P. J. Tomson (Red.), *Compendia rerum Iudaicarum ad Novum Testamentum : 2 3 2 : The literature of the Jewish people in the period of the Second Temple and the Talmud The literature of the Sages Midrash and Targum, liturgy, poetry, mysticism, contracts, inscriptions, ancient science and the languages of Rabbinic literature* (s. 497-508). Assen: Van Gorcum Fortress Press

Skinner, J. (1969). *A Critical and Exegetical Commentary on Genesis*. Edinburgh: T.&T. Clark

Tov, E. (1988). The Septuagint. I M. J. Mulder, H. Sysling (Red.), *Compendia rerum Iudaicarum ad Novum Testamentum : 2 1 : The Literature of the Jewish people in the period of*

the Second Temple and the Talmud Mikra : text, translation, reading, and interpretation of the Hebrew Bible in ancient Judaism and early Christianity (s. 161-188). Assen: Van Grocum Fortress Press

Wenham, G. J. (1987). *Genesis 1-15, vol. 1, Word Biblical Commentary*. Dallas: Word incorporated

Westermann, C. (1984). *Genesis 1-11 a Commentary*. London: SPCK

Wevers, J. W. (1993). *Notes on the Greek text of Genesis*. Atlanta, Georgia: Society of Biblical Literature